



Luster kommune



Budsjett 2018

Økonomiplan 2018-2021

Planleggingsprogram 2018-2021

Handsama:

2017



Friskhuset



Eigedomsskatt



Dale sentrum




Rådhuset



Vedteke av Luster kommunestyre
14.12.17, sak 71/17



Årshjulet 2018 - Luster kommune



Teiknforklaring - Raud og Blå aktivitet styringsdialog	Teiknforklaring - Grøn aktivitet medarbeidar- og brukardialog
TP - Tenesteplan	LD - Leiardialog
B - Budsjett	BU-BH - Brukarundersøking barnehage
ØP - Økonomiplan	BU-S - Brukarundersøking Skule
PP - Planleggingsprogram	BD - Brukardialog
R - Rekneskap	MS - Medarbeidarsamtale anna kvart år (2017 og 2019)
Å - Årsmelding	VR - Vernerunde
T1 - Tertialrapport 1. tertial	IS - Introduksjonsseminar nye medarbeidarar
T2 - Tertialrapport 2. tertial	MU - Medarbeidarundersøking anna kvart år (2017 og 2019)
K - Kostra rapportering	

Saksprotokoll

Kommunestyret

14.12.2017

Sak: 71/17

Tittel: Saksprotokoll - Budsjett 2018, økonomiplan og planleggingsprogram 2018-21.

Arkivsak: 17/3777

Behandling:

I starten av handsaminga informerte rådmannen om nokre endra føresetnader og la fram korrigert budsjettskjema 1A – drift. Kommunen får auka konsesjonsavgifter i 2018 med kr. 683.438. og endringa medfører at ein kan nytte tilsvarande mindre av disposisjonsfond.

Etter dialog med revisor vert det også føreslege at budsjettskjema nemnde i punkt 1 vert vedlagt protokollen.

Punkt 2 i formannskapet sitt framlegg vert delt til 2 og eige punkt 3 på eigedomsskatt. Dette medfører endra nummerering på dei øvrige punkta etterpå.

I tilrådinga punkt 6 vert bruk av disposisjonsfond endra til 3,041 mill.kr.

Rådmannen informerte og om at det er noko ny informasjon om tiltaket; Rehabilitering Gaupne idrettshall. Det vil vere mogeleg å få spelemidlar tidlegare, men samtidig er krava til bygningsmessige tiltak auka slik at kostnadane vil gå opp. Saka vil bli avklart nærare fram mot T1. (teksthefte vert noko justert.)

Framlegg frå Frp, Krf og H v/Ingar Norberg:

Me ynskjer for 2018 ein anna retning på budsjettet enn det som er framlagt. Me vil ikkje utvida grunnlag for eigedomsskatt til å gjelde for næringseigedom og private bustader i Luster.

Bortfall av inntekter erstattast inntil vidare med bruk av disposisjonsfond, og rådmannen får i oppgåve å komme attende til kommunestyret med innsparingstiltak i storleik 20 mill kr pr år i løpet av 1. tertial 2018.

Framlegg frå Jon Ove Lomheim:

Kommunestyret godkjenner formannskapet sitt framlegg til årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 med følgjande endring:

1. Prosjekt 34501 Vassforsyning:

Budsjett aukast med 2,0 mill kroner kvart av åra 2018-2021 for raskare framdrift av prioriterte delprosjekt i budsjett og prioritering av:

- * Lekkasjesøking, rehabilitering og tryggare vassforsyning
- * Utvida forsyning til område med ønska kommunalt vatn (Eidslandet, Marifjøra, Hafslø med fleire)

Finansierast med tilskot, avgiftsfond og lån.

1. Prosjekt 33290 Trafikktryggingstiltak

Ytterlegare auke utover formannskapet

2019: +100.000

2020: +100.000

2021: + 500.000

Finansiert ved disposisjonsfond.

Subsidiert framlegg frå H, Krf og Frp v/Ernst Veum:

Dersom eigedomsskatt vert innført, vert botnfrådraget sett til 1 mill kroner.

Rådmannen informerte om at deler av framlegget frå Lomheim allereie ligg inni forslaget frå formannskapet når det gjeld trafikktryggingstiltak. Det var vidare semje om at framlegget frå Jon Ove Lomheim på vassforsyning vert førebudd for handsaming inn i T1 i 2018.

Det vart fyrst røysta over framlegget sett fram av Frp, Krf og H v/Ingar Norberg. Framlegget fekk 4 røyster og fall.

Det vart deretter røysta over formannskapet sitt framlegg samla. Framlegget i 11 punkt vart vedteke med 21 mot 4 røyster.(TU,EV,IN,HOS.)

Vedtak:

1) Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2018 og økonomiplan for 2018 – 2021 for Luster kommune slik det ligg føre i samsvar med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett;

Det vert vist til budsjettskjema 1A,1B,2A og 2B(pkt.7 - investeringsplan 2018-21.) – Skjema vert lagt ved protokollen.

Det vert vidare vist til oversyn; Økonomiplan drift for 2018-2021.

2) Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter høgste gjeldande satsar.

3) Eigedomsskatt: Det vert innført eigedomsskatt i heile kommunen jf. esktl. § 3 bokstav a) frå og med skatteåret 2018.

Den alminnelige skattesatsen i kommunen er 7 kr for kvar 1000 kr i takstverdi. Skattesatsen for bustader og fritidseigedommar er 2 promille , jf. esktl. §§ 11 og 12 a. Bustader skal verdsetjast etter esktl . § 8 C – 1, Verdsetjing av bustader ved bruk av formuesgrunnlag.

Det vert vedteke eit botnfrådrag på 200.000 kroner pr bueining, jf . esktl . § 11 andre ledd.

Eigedomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.

4)Nye betalingsbetsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2018, ev frå dato som går fram av betalingshefte eller varslingsfristar.

5)Planleggingsprogrammet vert godkjent slik det ligg føre. Handlingsprogrammet i kommuneplanen sin samfunnsdel vert rullert som det går fram av tabellar i tenesteområda og i eigen planprosess i 2017.

6)Kommunestyret vedtek slik bruk av fond i 2018;
Disposisjonsfond (drift): 3,041 mill.kr.
Næringsfond; Til funksjon 325, Generell bruk til næringstiltak, 12,0 mill.kr. (av konsesjonsavgifter via næringsfond.)
Bruk av salsinntekter til eigenfinansiering investeringar: 9,334 mill.kr.
Renter og avkastning av kommunen sine omløpsmidlar, gevinstar på finansielle instrument inkl. fond og sal av kraft vert å sjå samla.

7) I tillegg vert løyvd:

- Anleggsbidrag breidband, 2,5 million kroner finansiert av næringsfondet.
- Digitalisering «Luster 2020», 2,5 million kroner finansiert av disposisjonsfond.

8)I samsvar med behov for lånefinansiering får rådmannen fullmakt til å godkjenne lånevilkår for nye låneopptak til kommunale investeringar i 2018 på inntil 24,32 million kroner med ei avdragstid på 30 år. Samla lånebehov er 40 million kroner inkl. bruk av ubrukte lånemidlar. (ubrukte lånemidlar er 10,68 mill kr.)
I samla lånebehov inngår fullmakt til låneopptak i Husbanken med 5 mill.kr. til vidare utlån av formidlingslån til innbyggjarane.

9)Fullmakter elles:

- Rådmannen får fullmakt til å fordele tilleggsøyvingar løn og aktivitetsbasert utjamningstilskot barnehage og grunnskule.
- Kommunestyret gjev formannskap/rådmann fullmakt til å gjennomføre investeringar innanfor dei rammer/presiseringar som ligg i budsjettet.
- Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om grunnkjøp innafor dei kostnadsrammer og presiseringar som ligg i budsjettet.
- Kommunestyret gjev kyrkjeleg fellestråd fullmakt til å disponera løyvinga på 250 000 kr til investeringar kyrkje.

10)Rådmannen rapporterer slik til kommunestyret (2018)

- Årsrapport og rekneskap i samsvar med kommunelova sine reglar.
- Rapportar pr 1. og 2. tertial med tilråding og naudsynte budsjettendringar innan dei definerte rammeområda definert i økonomireglement, jf. k - sak 63/14 .
- Separate byggje - og anleggsrekneskap for definerte investeringsprosjekt (kontoklasse 0) med eit samla kostnadsoverslag på minimum 3,0 mill.kr.
- Med grunnlag i vedteke reglement for finansforvaltninga, jf. k - sak 63/14

11) Rådmann får fullmakt til å redigere, rette opp feil og innarbeide merknader til framlegget. Det vert vist til formannskapet sitt arbeid med økonomiplan for 2018 - 2021.

Budsjettskjema 1A - drift

	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	149 088 715	150 149 000	155 668 000
Ordinært rammetilskudd	156 013 086	158 619 000	161 887 000
Skatt på eiendom	61 194 517	49 370 000	49 092 000
Andre direkte eller indirekte skatter	15 274 530	15 723 980	15 957 968
Andre generelle statstilskudd	13 977 443	12 700 000	14 605 000
Sum frie disponible inntekter	395 548 291	386 561 980	397 209 968
Renteinntekter og utbytte	6 272 136	4 830 000	5 230 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	2 459 025	3 000 000	5 000 000
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	9 521 895	8 000 000	7 300 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-
Avdrag på lån	23 602 019	15 075 000	16 000 000
Netto finansinnt./utg.	-24 392 753	-15 245 000	-13 070 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-
Til ubundne avsetninger	10 423 716	-	-
Til bundne avsetninger	36 364 692	24 723 980	24 274 530
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	8 653 716	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	9 790 000	7 015 636	3 041 137
Bruk av bundne avsetninger	16 372 590	17 700 000	19 700 000
Netto avsetninger	-11 972 102	-8 344	-1 533 393
Overført til investeringsbudsjettet	-	-	-
Til fordeling drift	359 183 436	371 308 636	382 606 575
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	351 748 861	371 308 636	382 606 575
Mer/mindreforbruk	7 434 574	-	-

Vedteke i kommunestyret 14.12.2017

Budsjettskjema 1B - Netto driftsutgifter pr funksjon

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Tal i kr.1000			
Politisk verksemd	3 577	3 019	-15,6
Administrasjon, styring og fellesutgifter	39 166	36 708	-6,3
Barnehagar	39 293	41 295	5,1
Grunnskuleopplæring	90 687	93 436	3,0
Kommunehelse	21 558	19 393	-10,0
Pleie og omsorg	120 369	135 680	12,7
Sosialteneste	13 474	13 431	-0,3
Barnevern	9 856	9 771	-1,9
Teknisk drift	11 298	10 579	-6,4
Teknisk forvaltning	2 748	3 223	17,3
Brann- og ulukkesvern	5 245	5 501	4,9
VAR	-7 041	-7 713	9,6
Næringsutvikling og naturforvaltning	252	-2 014	
Kultur	14 527	13 943	-4,0
Kyrkje	6 300	6 354	0,9
	371 309	382 606	3,0

Vedteke i kommunestyret 14.12.2017



Budsjettskjema 2A - investering

	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Investeringer i anleggsmidler	75 597 927	56 380 000	52 834 000
Utlån og forskutteringer	5 419 500	5 000 000	5 000 000
Kjøp av aksjer og andeler	1 405 907	1 300 000	1 500 000
Avdrag på lån	116 396 063	-	-
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-
Avsetninger	1 310 661	-	-
Årets finansieringsbehov	200 130 058	62 680 000	59 334 000
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	65 721 720	47 680 000	40 000 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	830 673	6 000 000	9 334 000
Tilskudd til investeringer	4 084 000	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	6 588 889	9 000 000	10 000 000
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	122 004 775	-	-
Andre inntekter	-	-	-
Sum ekstern finansiering	199 230 058	62 680 000	59 334 000
Overført fra driftsbudsjettet	-	-	-
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-
Bruk av avsetninger	900 000	-	-
Sum finansiering	200 130 058	62 680 000	59 334 000
Udekket/udisponert	-	-	-

Vedteke i kommunestyret 14.12.2017

Budsjettskjema 2- B investeringar pr. funksjon

INVESTERINGSPLAN 2018-2021							
	Opph 2017	Reg budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	2018-21
KOMM. BYGG							
Husmorskulen	0	100	500		15000	10000	25500
Yrkesskulebygget/ Friskhuset	10011	1250	12750			500	13250
Gaupne idrettshall, rehabilitering	199	99	3300		4000		7300
Grandmo busenter	0	100	750	16000	13250		30000
Utskifting oljefyr Luster ungdomskule og brannstasjon				1500			1500
Fellesløyving bygg til fordeling	2500	2500	2500	2500	2500	2500	10000
KOMMUNALE VEGAR OG ANLEGG							
Maskiner	1000	1000		2000		2000	4000
Gaupne sentrum	932	432	1900				1900
Sentrumsopprusting Luster, Dale	1136	136	2000	2500			4500
Sentrumsopprusting Gjerde	-72	200	200	2000	2500		4700
Anlegg idrett og friluftsliv	3000	2577	3000	3000	3000	3000	12000
Anleggsutvikling til fordeling	2000	2000	2000	2000	2000	2000	8000
Trafikktryggingmidlar	500	300	700	500	500	500	2200
Turveg Marifjøra - Gaupne	0	500	1000	2000			3000
Ferjebru Ornes			1500				1500
VAR							
Vassforsyning	5274	4000	5250	5000	4000	5000	19250
Avløpstiltak	5944	5000	4950	4000	4000	4000	16950
Toalett Krossen og Bergset			800	600			1400
							0
BUSTADBYGGING							
Bustadfelt Lundshaugen	485	50	430	1000			1430
Bustadfelt Bolstadmoen.	654	0	654				654
Bustadfelt infrastruktur					5000	5000	10000
Bustadsosial			5000				5000
FELLESYSTEM							
IKT	1500	2000	1500	1000	1000	1000	4500
Felles inventar og utstyr	200	200	200	200	200	200	800
Oppmåling/kart	300	0	300	300	300	300	1200
Adresseprosjektet	1493	100	1400				1400
Lån Husbanken til vidare utlån			5000	5000	5000	5000	20000
Innskot KLP			1500	1500	1500	1500	6000
Diverse;							
Tilskot kyrkjelege fellesråd.	250	250	250	250	250	250	1000
							0
Alle summar inkl. mva.		22794	59334	52850	64000	42750	218934

Innhold:

0. Status og samandrag	4
1. Framskrivning av økonomien	6
2. Demografi som utgangspunkt for budsjett og planprogram	11
3. Kommunen sine driftsinntekter	14
4. Kommunen sine driftsutgifter	16
5. Finansutgifter og inntekter – investeringar	17
6. Tenesteområda	19
Tenesteområde Folkevalde	19
Tenesteområde Administrasjon	21
Tenesteområde Oppvekst	25
Barnehage	25
Grunnskule	31
Tenesteområde Helse	40
Tenesteområde Omsorg	49
Tenesteområde Sosiale tenester	58
Tenesteområde Tekniske tenester	64
Tenesteområde Næringsutvikling og naturforvaltning	73
Tenesteområde Kultur	83
7. Investeringsplan 2017 – 2020	87
8. Økonomiske taloversyn	117
Budsjettskjema 1A – drift	117
Budsjettskjema 1B – netto driftsutgifter pr. funksjon	118
Budsjettskjema 2A – investering	119
Budsjettskjema – økonomisk oversyn drift	120
Budsjettskjema – økonomisk oversyn investeringar	121
Økonomiplan 2018 – 2020, drift	122
Økonomiplan 2017 – 2020, investering	123
9. Planleggingsprogram 2018– 2021	124
10. Betalingssatsar - Luster kommune, 2018	141

0. Status og samandrag

Budsjett 2018 og ØP 2018-2021 avløyser B-17 og ØP 2017-20.

Opphavelag budsjett 2017 er regulert gjennom T1 og T2 og K-sak 69/2017.

ØP 2018-2021

På overordna nivå så syner framskriving av kommuneøkonomien i Luster ein krevjande situasjon. Dei kraftrelaterte inntektene får i 2018 eit nytt inntektsbortfall med reduksjon i eigedomsskatt på 5 million kroner. Med nærare 12 million i 2017 er det borte 17 million på to år. Prognosar tilseier at eigedomsskatt på kraftverk som dette gjeld ikkje vil verte redusert ytterlegare i økonomiplanperioden om det ikkje kjem endringar i lovverk.

Kommunestyret tilrår at det vert lagt til rette for utviding av eigedomsskatteordninga. I 2017 er dette utgreidd. Prinsipp og retningslinjer er fastlagde og takseringsarbeidet er påstarta. Det er lagt til grunn at utviding i 2018 vil kunne gi netto 5 million i meirinntekter. I 2019 og vidare i ØP er dette utvida til 10 million kroner.

Inntektssystemet i kommunesektoren vart revidert i 2017 og denne endringa slår ut negativt for Luster kommune. Me kjem i 2018 noko betre ut på kriteriedata, med den konsekvens at tapskompensasjon me fekk i fjor er teken vekk. Oppsummert så får me ikkje kompensert fullt ut for løn- og prisvekst frå 2017 til 2018. Det betyr og at nytt inntektssystem ved budsjettet i 2018 fullt ut er innført for perioden.

Ut frå dette vil det ikkje i driftsbudsjettet vere rom for større nye tiltak og i eksisterande drift må det arbeidast med ein generell reduksjon/effektivisering. Det er i 2017 gjort ein god del analysearbeid som grunnlag for dette. Ut frå dei prognosane me arbeider med no så treng me eit nedtrekk på 10 mill i 2018 og om lag same beløp i 2019 dersom ein skal unngå å nytta ekstraordinære tiltak utover 2018. ØP-planlegginga legg dette til grunn. Aktivitetsendringar, «lovpålagde», påverkar desse nivåa i 2018 og vil kunne gjere utslag og vidare i perioden som me ikkje har full oversikt over.

Det vert vist til vidare omtale og taloppstillingar seinare i budsjettdokumentet.

Investeringar må prioriterast nøye og nettoinvesteringar er reduserast i høve tidlegare plan. Lånegjelda vil likevel auka då me betalar lågare avdrag enn opptak av ny lånegjeld, spesielt først i perioden.

For å skape balanse i økonomiplanen vert det nytta ekstraordinære tiltak med avdragsutsetjing og bruk av fond inn i drifta dei to første åra.

Budsjett 2018

Budsjettframlegget for 2018 byggjer på opplegg og føringar får økonomiplanen vedteken desember-16. Svikt i inntektsføresetnader i kommuneopplegget og kraftrelaterte inntekter var der innarbeidd. Ideelt sett skulle budsjettbalansen i drifta vore betre.

Budsjettframlegg er balansert, slik kommunelova krev, men;

- Nivået på avdrag er redusert ved at det vert lagt til grunn avdragsfritak på låneavtalar på 10,0 million kroner. Med dette nivået er avdrag nær på forskriftas minimumsavdrag.
- Det vert lagt opp til bruk av disposisjonsfond på 3,04 million kroner i sluttsaldering.

Budsjettframlegget legg til grunn;

- Einingane sine budsjetttråmer er justert nær opp til pårekneleg deflator, løns- og prisutvikling.
- Rådmann har utarbeidd innsparingskrav på einingane på samla 10,5 million kroner. I dette arbeidet er det sett hen mot overordna KOSTRA-analyse med tilpassingar opp mot lokale forhold. I budsjettframlegget er dette nedtrekket i all hovudsak innarbeidd.
- Generelle inntekts- og utgiftsføresetnader frå ØP for 2018 er revurderte. Det har gitt høgare netto inntekter enn lagt til grunn i ØP-18.
- Budsjettregulering frå T1 og T2 i 2017 er vidareført når det gjeld endringar/tiltak av fleirårig karakter.
- 2018 verknaden av tiltak 2017 er budsjettert. (årsverknad.)
- Kjende tilleggsoppgåver og plikter, er budsjettert opp og referert under dei ulike tenestoområda.
- Budsjettet er justert med dei aktivitetsendringane som følgjer av endringar i tal barn i barnehage, elevar i skulen/klassar og brukarar av kommunale tenester.
- Budsjettframlegget legg opp til utviding av eigedomsskatteordninga til allmenn skattlegging som delvis kompensasjon for inntektssvikt i bruk- og verk-skattlegging (store kraftverk.) og i inntektssystemet. Det vert tilrådd skattesats på 2,0 promille og bruk av botnfrådrag på 200.000 pr bueining for 2018 for skattlegging av bustad og fritidshus. For næring samt verk og bruk er skattesatsen 7 promille.
- Budsjettframlegget legg opp til nedbemanning i administrative tenester og innstramming innan skuledrifta som dei største tiltaka.
- Tilskotsregime innan drift vert redusert for kultur og landbruksområde.
- Generelle innstrammingstiltak og andre realistiske meirinntekter er nytta som sluttsaldering.
- Summen av dette er at driftsbudsjettet er meir offensivt enn tidlegare budsjettering og det vert meir krevjande å innfri resultat på plussida.
- Budsjettframlegget har stor aktivitet på utviklingsarbeid.
- Investeringsplan legg opp til investeringar på nivå med tidlegare år i kommunale bygg og anlegg; renovering Yrkesskulebygget del I og tiltak innan VA-området er dei større tiltaka. Planen vidarefører rammeløyvingar på fleire område, jf tidlegare budsjetteringspraksis.
- Budsjettframlegget legg opp til at breibandutbygging og digitalisering vert prioritert utanfor dei ordinære driftsrammene.

1. Framskriving av økonomien

Utvikling etter vedtak av Budsjett 2017, des. 2016 :

Rekneskap for 2016:

- Netto driftsresultat for 2016 vart 19,7 million kroner. Isolert sett eit svært godt resultat, men prega av næringsaktiviteten med ekstraordinær tilbakebetaling av næringslån og mindre utlån av næringslån enn budsjettert. Etter finans og avsetjingar var rekneskapen gjort opp med mindreforbruk/overskot på 7,4 million kroner. Reelt sett litt dårlegare enn tidlegare år, men likevel på plussida og med bra med reservar. Rimeleg godt samsvar med det budsjetterte i drifta.
- Resultatet synte høg aktivitet i planarbeid, utviklings/nærings-arbeid og investeringar. Som tidlegare år registrerte me avvik i framdrift, på desse områda, med behov for rebudsjettering og vidareføring av tiltak inn i 2017.

Tertialrapport 1-2017:

- Avkastning aksjefond, stor positiv utvikling.
- Manglande budsjettering av lærlingar (0,5 av 1,25 mill.) dekkja av avsetjing lønsoppgjer.
- Meirforbruk barnevernstiltak.(førebels avsett 0,5 mill.)
- Nokre mindre opprettingar/ korrigeringar, men i hovudsak godt samsvar med det budsjetterte.
- KOSTRA-analyse, utgreiing omkring skulestrukturen og tilrettelegging for utviding av eigedomsskatt under arbeid.
- Oppsummering av overførte løyvingar ved avslutning av investeringsrekneskap 2016.
- Utvida ramme til Lagshuset, jf Luster vaksenopplæring, og turvegen Marifjøra – Gaupne vart teke inn i investeringsprogrammet.

Tertialrapport 2-2017:

- Meirinntekter v/ gevinst aksjefond, statstilskot flyktningar og god skatteinngang.
- Meirutgifter barnevern (ytterlegare 1 mill.), ressurskrevjande teneste og mindreinntekter husleige.
- Pårekneleg med betra budsjettbalanse for 2017. (7,5 mill ?)
- Budsjettendringar, kostnadsnøytrale, som oppretting i hht KOSTRA-veileidar.
- Regulering av investeringsprogrammet basert på framdrifts-/forbruksprognose 2017. Nedjustering av programmet med 16 mill, utsett oppstart Friskhuset, sentrumstiltak og tiltak vassforsyning er dei store tiltaka med endra framdrift. Mindre tilleggsloøyvingar til nokre tiltak basert på behovsvurdering.

Andre kommunestyrevedtak 2017:

I løpet av året er/vert det gjort kommunestyrevedtak, utover Rekneskap 2016, T1 og T2 som må omsyntakast i nytt budsjett/øp:

- Grunnlaget for handsaming av nærings saker, div nærings saker m/finansiering.
- Forvaltningsrevisjon økonomi- og prosjektstyring.
- Vidare arbeid m/eigedomsskatteordninga.
- Norskopplæring flyktningar
- Byggjerekneskap, Kvitevollen, Verket II,...
- Sikring av Mørkridselva.
- Reguleringsplan Sandal, utbygging Solsida....
- Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim.
- Plassering av ledig likviditet, nedsal i aksjefond.

Kommuneopplegg i statsbudsjettet for 2018;

- Nytt inntektssystem for kommunane er vidareført.
- Kriteriedata for 2018 for Luster gir auke i rammetilskot, men avkorting i tapskompensasjonen gjer at me heller ikkje for 2018 kjem godt ut av kommuneopplegget. 1,9-2% auke i skatt og ramme over inntektssystemet er ikkje nok til å kompensere deflator på 2,6%.
- Det er «krav» om effektivisering, auka innslagspunkt for statstilskot ressurskrevjande teneste, 50.000 pr brukar. (verknad omlag 500.000 for Luster kommune.)
- Makspris barnehage er auka med 110 kroner pr månad utover deflator.
- På makronivå er det rekna at det skal vere handlingsrom for ei viss styrking av tilbod tilbod innan; rus, psykiatri og tidleg innsats
- Forlik i statsbudsjett gir små endringar for Luster.

Avsluttande arbeid med Budsjett 2018:

- Det har i lengre tid vore signalisert eit krevjande budsjettarbeid. Kraftrelaterte inntekter, som har vorte reduserte dei siste åra, og endring i inntektssystemet i vår disfavour har redusert inntektsgrunnlaget.
- Etter nedtrekk i eigedomsskatt på dei store kraftverka på nærare 12 mill i 2017 er nedtrekket i 2018 på 5 million kroner. Dette er i samsvar med prognosen i økonomiplanen.
- Kommuneopplegget i statsbudsjettet er dårleg for Luster samla sett. Det avhjelper ressursfordelinga at satsingane til regjeringa er satsingar der Luster kommune har eit godt tilbod.
- Som grunnlag for ytterlegare innstrammingar vart det i budsjettvedtaket for 2017 vedteke at det skulle gjerast ein større gjennomgang av drifta. Via KOSTRA-analyse vart det etablert eit grunnlag for nærare vurderingar. Rådmann utarbeidde deretter ei nedtrekksliste på noko over 10 million kroner for 2018 som det er arbeidd med utover hausten i budsjettarbeidet. Nedtrekket er innfridd i framlegget med nokre tilpassingar /justeringar, jf omtale for kvart tenestoområde.

- Etter utgreiing omkring skulestrukturen var dei politiske signala, frå eit stort fleirtal, at skulestrukturen ikkje skulle endrast i denne kommunestyreperioden. Nedtrekk innan grunnskule skal ha fokus på spes.ped, delingstimar og ev andre meirkostnader samanlikna med andre kommunar. Inkludert i nedtrekk på 10,5 mill (jf over) er 2,5 mill innan grunnskule.
- Bemanningskostnader er hovudutfordringa. Budsjettframlegget tek tak i dette og reduserar bemanning i eksisterande aktivitet med opp mot 10 stillingar mindre ved utgangen av 2018 enn no. Det vert lagt til grunn at ein skal gjere dette utan oppseiingar, ved naturleg avgang, ved permisjonar, ved ev oppgåveflytting. OU-rådhuset skal reorganisere aktivitetane der.
- Budsjettframlegget legg til grunn reduksjonar i tilskotsordningar innan kultur og næring. Det er føresett at dette arbeidet skal følgjast opp med reglementssak, retningslinjesak tidleg på nyåret.
- Kommunestyrevedtaket i desember -16 bad rådmann utgreie og leggje til rette for utviding av eigedomskatteordninga. Via sakkunnig nemnd er det utarbeidd retningslinjer, det er gjennomført konkurranse for takseringsarbeidet, takseringsarbeidet er påstarta og gjennomføring er førebudd i administrasjonen. I budsjettframlegget er det lagt til grunn at utviding kan betra balansen i 2018 med 5 million kroner.
- I budsjettframlegget er driftsrammene auka med 2% pris og 2,4% lønn.(deflator 2,6%)
- Dei generelle inntektene er vurdert mindre konservativt enn tidlegare når det gjeld dei «lokale» inntektene og opp mot KS sine vurderingar når det gjeld skatt og ramme. Dei generelle utgiftene er budsjettert etter pårekneleg behov og dei prognosane KS nyttar.
- I høve dei prognosane som ligg i økonomiplanen så er det utvikling med aktivitetsauke; -barnehage, med fleire inn i barnehage enn som startar på skulen. – grunnskule med klassedeling Gaupne skule. – omsorgstenesta med fleire tiltak innan ressurskrevjande teneste. Det er og mindreinntekter på statstilskot ressurskrevjande og svikt i husleigene. Tilsaman er dette ein vekst i budsjettet på nær på 10 million kroner.
- Den ordinære omsorgstenesta vert vidareført i samsvar med omstillingsvedtaket frå april 2016, også når det gjeld budsjetttramme. Omlegginga er stor organisatorisk og planmessig, det hefter enno noko usikkerheit omkring budsjetttrammene.
- Framlegget til betalingssatsar er regulert opp med 3%, med nokre unnatak. Framlegget føl opp auken i makspris barnehage, byggjesaksgebyra aukar med 10% og prisen i kulturskulen aukar med 6% frå aug. -18.
- Ut frå den økonomiske situasjonen er det fåe nye tiltak i budsjettet, men nokre fellestiltak/spleiselag er vurderte. Framlegget legg til rette for distriktsmusikarstilling i folkemusikk i kulturskulen. Det vert vist til omtale i tenesteområda.
- Det vert vidare lagt til grunn at me skal oppretthalde nærings- og utviklingsarbeid i kommunen om lag på noverande nivå, jf finansiering i konsesjonsavgifter og næringsfond.
- Investeringane i framlegget er på nær 60 million kroner i 2018. Renovering Yrkesskulebygget del I, nytt tak på idrettshallen og tiltak innan VA-området er dei større tiltaka. Planen vidarefører rammeløyvingar på fleire område, jf tidlegare

budsjetteringspraksis. Stor del av investeringane skal dekkast av leigeinntekter, brukarbetaling og refusjon mva. Med redusert avdragsbetaling så aukar likevel lånegjeld med samla 24 millionar i 2018. Det er rekna at renteutgiftene aukar med netto 0,2 million frå 2018-19.

- Det vert i tillegg søkt om formidlingslån/startlån i Husbanken for vidare utlån på 5 million kroner og me må dekke opp eigenkapital i KLP på 1,3-1,5 million kroner.
- Avdragsutsetjing på 10 million kroner og 3,04 million kroner frå fond er nytta i sluttsaldering etter at andre vurderingar og tilpassingar er gjorde.

Økonomiplanen for 2018-21.

- Økonomiplanarbeidet syner at det framleis vert krevjande arbeid med å balansere økonomien i åra som kjem.
- Det nye inntektssystemet frå 2017 gir svikt i inntekter for Luster kommune. Tidlegare pårekna ytterlegare svikt, 2 mill i 2018, er kompensert ved oppdaterte kriteriedata slik at me ikkje lenger vert kompensert via tapskompensasjonsordninga INGAR. Det betyr at nytt inntektssystem ved budsjettet i 2018 fullt ut er innført.
- Dei kraftrelaterte inntektene er under press. Det er likevel slik at gitt noverande lov- og regelverk så er det realistisk å budsjettere med noverande inntektsnivå. Regjeringa har imidlertid lagt fram forslag til vesentlege endringar i framtidig eigedoms-skattlegging som vil få store negative utslag. Men det som no ligg føre med fjerning av «maskinskatten» vil ha små konsekvensar for Luster.
- Budsjettframlegget for 2018 legg opp til utviding av eigedomsskatteordninga til allmenn eigedomsskatt. I økonomiplanperioden er det lagt til grunn at ordninga kan gi auka inntekter på 10 million kroner pr år
- Rentenivået ser ut til å halde seg stabilt i Øp-perioden.
- Kapitalinntektene kan budsjetterast på nivå med 2018 i økonomiplanperioden.
- Når det gjeld kapitalutgiftene så vil dei auka med auka lånegjeld og her vil nivået på investeringar og kor mykje avdrag som vert betalt vere avgjerande. Renta har vore budsjettert høgare enn den faktiske renta. Den er no tilpassa faktisk nivå og så vil den auke med 0,2 million kroner frå 2018-19. Mykje av ny lånegjeld/auka lånegjeld vert dekkja av leigeinntekter og brukarbetaling (spes. frå 2019.), og det vert ikkje rekna med vidare auke i renteutgiftene frå den generelle økonomien.
- Grunna omlegging med å jamne ut og fordele pensjonskostnader så er det pårekeleg med noko realauke i kostnadene utover i perioden.
- Nedtrekk i driftsrammer i 2018 må fortsetja i 2019. I framlegget til økonomiplan er det føresett innstrammingar på 10 mill i 2019. Heilårsverknad av tiltak i 2018 og ytterlegare tiltak m.a innan grunnskule og nærare vurdering av helse og omsorg gjer dette mulig. Det er lagt opp til nettoinnsparing i drifta på 5 mill i økonomiplanperioden dvs at ein har 5 mill til nye tiltak aktivitetsendringar.
- I 2018 er det budsjettert med 10 million i avdragsutsetjing. Det betyr at ein er nær grensa for minimumsavdrag. Avdraga må/bør aukast igjen med 5 mill kvart av åra 2019 og 2020.

- 12 million av konsesjonsavgiftene er lagt inn i drifta og det er ikkje sett av noko av finansavkastninga på fond. Etter 2019 bør ein unngå disponering av frie fond i ordinær drift.
- Ut frå dette må det arbeidast aktivt for å utgreie tiltak som kan betre balansen slik at uttak av fond/bruk av reservar vert så lågt og kortsiktig som mogeleg.
- Framlegget til økonomiplan (år 2-3-4.) skulle hatt betre vurderingar på nye tiltak/utvida tiltak med auka utgifter som det er naturleg og pårekeleg vil kome. At desse kan dekkast av omprioritering, ekstern finansiering (rammeoverføringar mv.) ev anna vekst i økonomien er ei forenkling som svekkar den langsiktige planlegginga. Vidareutvikling av økonomiplanarbeidet bør ha auka fokus.
- Investeringsprogrammet er omfattande. Det vert vist til eigen omtale. Ein føresetnad for å gjennomføre eit så ekspansivt investeringsprogram er at ein greier å halde driftsrammer og oppnå gode driftsresultat i åra som kjem.

Kommuneplanen Samfunnsdel - Handlingsdelen.

- I 2017 vert overordna kommuneplan samfunnsdel rullert og revidert. Ein nyttar eksisterande plan som grunnlag og mal. I tillegg er det lagt inn handlingsreglar/måltal for utviklinga i kommuneøkonomien. Planen har vore på høyring og det er gjennomført omfattande runde med bygdemøter og planen kjem til handsaming i desember -17.
- Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel har vore utsett for ein «lett» rullering i dette budsjettarbeidet. Ein finn der fokusområde som utgangspunkt for vidare satsingar. Integrasjon til budsjett og øp-tiltak bør få sterkare fokus igjen neste år.

Planleggingsprogrammet for 2018-21

- Planleggingsprogrammet er revidert. Programmet er tilpassa etter framdrift i ulike planar i 2017 og tilpassa ei realistisk framdrift grunna kapasitet og at planarbeid er vorte meir tidkrevjande.
- Kravet til styring og samordning gjennom planlegging er blitt stadig sterkare.
- Planleggingsprogrammet omfattar i hovudsak desse plantypene:
 - Kommuneplan-nivået.
 - Fagplanar for utvikling og verksemd på ulike område.
 - Detaljerte arealplanar – reguleringsplanar
- Med vedtak i KPS i desember -17 vil arbeidet med KPA verte prioritert på nyåret. Høyringsframlegg på vårparten og handsaming juni-18 gitt ein runde med utlegging til ettersyn.
- I planleggingsprogrammet vert det prioritert reguleringsplanar som oppfølging av arealplanen. Planar der utbyggingstiltak står for tur vert prioritert.
- Det vert vist til eige kapittel; Planleggingsprogrammet for 2018-21.

2. Demografi som utgangspunkt for budsjett og planprogram

Den demografiske utviklinga i kommunen påverkar kommuneøkonomien i stor grad. Kommunen har ansvar for tenester som i hovudsak er retta mot ulike aldersgrupper i befolkninga. Utviklinga i folketalet, både den totale utviklinga og alderssamansetjinga, er vesentlege faktorar for nivået på ulik tenesteyting og planlegging for slike.

Demografiutvikling er såleis ein viktig faktor for å vurdere meir- eller mindre utgifter til Luster kommune i åra framover. Auke i tal eldre vil føre til auke i kommunen sine utgifter til pleie- og omsorgstenester. Auke i tal barn og unge vil føre til auke i kommunen sine utgifter til barnehagar og grunnskule.


Folketalsframskrivingar for Luster kommune basert på mellomalternativet til SSB: (jf oppdatert statistikk pr 3 kvartal 2017 så er utviklinga meir positiv enn framskrivinga syner.)

Dei tre fyrste kvartala i 2017 er det fødd 49 barn og 37 personar døydd. Det er flytt 166 personar inn i Luster kommune og 125 har flytta ut. Det gjev ein folketalsvekst pr 1.10.17 på 53 personar så langt i år. Folketalet den 1.10.17 var 5204.


FOLKETALSFRAMSKRIVING LUSTER




Folkesetnadens utvikling i Luster



Fordeling Mann vs Kvinner 2018



FOLKETALSFRAMSKRIVING LUSTER 2018 - 2040



Luster	2018	2019	2020	2021	2022	2023
0-5 år	363	370	369	357	358	360
6-15 år	649	645	636	640	630	632
16-66 år	3224	3223	3235	3235	3226	3198
67-79 år	608	627	647	660	669	697
80-89 år	237	231	240	246	249	258
90 år og eldre	80	75	75	74	81	81
Totalt	5161	5171	5202	5212	5213	5226

Luster %	2018	2019	2020	2021	2022	2023
0-5 år	7,0	7,2	7,1	6,8	6,9	6,9
6-15 år	12,6	12,5	12,2	12,3	12,1	12,1
16-66 år	62,5	62,3	62,2	62,1	61,9	61,2
67-79 år	11,8	12,1	12,4	12,7	12,8	13,3
80-89 år	4,6	4,5	4,6	4,7	4,8	4,9
90 år og eldre	1,6	1,5	1,4	1,4	1,6	1,5
Totalt %	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

I dei tabellane som ligg i dette kapitelet er det Statistisk sentralbyrå sitt såkalla «mellom-alternativ» for framskriving av folketal i kommunane som er nytta. SSB skriv sjølve slik: *Dette alternativet forutsetter en middels utvikling i både fruktbarhet, levealder og innvandring.*

Som vi ser av tabellane vil etter dette alternativet folketallet i Luster kommune auke frå 5161 innbyggjarar i 2018 til 5212 innbyggjarar i 2021 dvs i økonomiplanperioden. Dei faktiske tala syner at me har større auke enn dette på kort sikt.(prognosen var laga for eit år sidan.)

I 2040 vil etter denne prognosen folketallet i Luster kommune vere 5549 innbyggjarar. Mellomalternativet til SSB syner høgare vekst i befolkninga på nasjonalt nivå enn Luster kommune, medan det for fylket syner noko lågare vekst enn Luster kommune.

Luster kommune har ein noko eldre befolkning enn landsgjennomsnittet og fylket. Talet på eldre over 90 år er framskrive relativt stabilt i økonomiplanperioden. Prognosen seier 80 eldre over 90 år i 2018. 1.1. 2017 var det reelle talet på eldre 90 år og over, 90 personar.

Talet på eldre i gruppa 80-89 år er noko aukande i økonomiplanperioden. Prognosane seier at gruppa «80 år og over» vil i Luster kommune utgjere 6.1 % i 2021, medan denne gruppa for fylket vil vere 5.6%. Denne gruppa sin del av befolkninga vil etter prognosane vil gå svakt ned no og halde seg stabilt i økonomiplanperioden. Litt lenger fram vil auken i tal eldre kome tidlegare i fylket enn i Luster, men frå 2025 vil det verte ein relativ stor auke og i Luster.


Ser vi på framskrivingane på tal barn i alderen 0-5 år har Luster kommune ein liten nedgang i tal barn i økonomiplanperioden. Utviklinga av fødselstal dei siste åra har vore planmessig krevjande med store svingingar. I 2014 var det 70 fødde, i 2015 var det 52 fødde, i 2016 var det 43 fødde medan det no i 2017 vil bli fødde 73 barn. Det er det største fødselstalet i kommunen sidan midten av 90-talet. Erfaringa syner og at det vert ei netto tilflytting kvart år i gruppa 0-5 år (barnefamiljar flytter til kommunen). Gruppa 0-5 år i Luster utgjer ein relativt litt større del av befolkninga her enn på fylket og landet.

Gruppa 6-15 år dvs grunnskuleelevar vil gå litt ned i økonomiplanperioden. Denne gruppa utgjer likevel ein større del av folkesetnaden i Luster kommune, enn både fylket og landet etter prognosane for 2021. Det syner seg at alt i 2017 og 2018 er talet på barn i gruppa 6-15 år dvs grunnskuleelevar høgare enn det framskrivinga indikerer. Framskrivinga seier 649 i 2018, medan det reelle talet på elevar i grunnskulen 2018 i Luster vert 669.

Oppsummeringa av demografiframskriving for Luster kommune kan seiast å vere: Positive prognosar til å vere ein distrikts-/utkantkommune. Framskrivingane syner ein betydeleg total vekst i folketalet. Talet på barn og unge held seg godt, talet på eldre aukar, men ikkje dramatisk. Dei økonomiske konsekvensane av demografiutvikling vil ikkje bli svært store kommande år. Det er likevel slik at ein del av desse gruppene inneheld relativt få personar. Ein auke i personar over 90 år utover prognosen, gir auka utgifter til omsorgssektoren.

Det er ikkje gjort nærare vurdering av kostnadsendingar som følgje av prognosane for demografi frå SSB. Vi ser at dei reelle tala både for barn, grunnskule-elevgruppa og eldre over 90 år ikkje samsvarar heilt med framskrivingane til SSB. Det vi veit er at kommunen kan få sprangvise kostnadsendingar der relativt små endringar i tal barnehagebarn/grunnskuleelevar kan gje relativt store økonomiske utslag som td trong for ny barnehageavdeling og/eller auke i skuleklassar ved klassesdeling. Dette får større utslag enn utrekningane basert på pr innbyggjar.

3. Kommunen sine driftsinntekter



Budsjettet er basert på regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2018. Anslått samla løns- og prisvekst (deflator) for kommunesektoren er anslått til 2,6% i 2018, lønsvekstanslaget er på 3,0% (utgjør om lag 2/3 av deflatoren).

Regjeringa sitt opplegg inneber ein auke i kommunane sine frie inntekter på 3,6 mrd. kroner utover kompensasjon for løns- og prisvekst samanlikna med nivået for frie inntekter i kommuneprop for 2018. Samanliknar ein i staden med forventa rekneskap for 2017, inneber opplegget tilnærma ingen realvekst.

Også basert på KS sin prognosemodell har dei frie inntektene for Luster kommune, skatt og ramme, i 2018 ein nominell auke på 1,9%, noko som utgjør 5,9 mill kr.

Skatt på formue og inntekt

Det kommunale skatteøre for personlege skattyttarar er sett til 11,8 % som er 0,55 prosentpoeng høgare enn i 2016. Dette er i samsvar med framlegg til statsbudsjett.

Eigedomsskatt

Det er i 2018 budsjettert med 49,1 mill kr i eigedomsskatt.

Eigedomsskatten frå kraftverk er redusert med 5,0 mill kr. i høve budsjett 2017. Årsaka er lågare skattegrunnlag på kraftverk. Det er føresett at dette nivået vert oppretthalde i øp-perioden. Det er i budsjettet føresett ei utviding av eigedomsskatten til å omfatte bustader, fritidshus og anna næring.

Det vert tilrådd utskrivning av skatt på 2,0 promille av taksgrunnlaget. Det vert tilrådd bruk av botnfrådrag med 200.000 pr. bu-eining. Det er førebels usikkert kva inntekter utvidinga vil gi, men prognosen som er utarbeidd tilseier at med 2,0 promille og inkl botnfrådrag vil ein kunne oppnå inn mot 7-7,5 million i inntekt slik at balansen i innføringsåret vil kunne betrast med 5 million kroner. Dette inkluderar og nøktern skattlegging av næring med 7 promille av takst.

I denne prognosen vil ein auke til om lag 2,5-2,75 promille frå 2019, med framhald av botnfrådrag, gi ei inntekt på 10 million i resten av øp-perioden, som er lagt inn i øp.

Rammetilskot

Rammetilskotet for 2017 er budsjettert med 161,9 mill kr. Dette i samsvar med KS sin prognosemodell og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett.

Konsesjonsavgift

Det er budsjettert med konsesjonsavgifter på 15,95 mill kr. I samsvar med regelverket er heile summen fondsavsett. Det er tilbakeført 12,0 mill kr til finansiering av tiltak i driftsbudsjettet .

Overføringer

Overføringer er dels frie inntekter, men også ein del inntekter som er bunde opp mot nivået på tenesteproduksjonen. Av dei største postane kan nemnast:

Konsesjonskraftvinst

Kommunen har for 2018 berekna forbruk til 93 Gwh, som er ein reduksjon 0,3 Gwh frå uttak i 2017. Sal konsesjonskraft er lagt inn med 8,5 mill kr. Dette er 0,5 mill kr. høgare enn budsjett 2017. Prisprognosane er noko betra, men på lengre sikt er det framleis låge prisar.

Konsesjonskrafta vert disponert slik i 2018:

Konsesjonskrafta til eige bruk vert teke ut til sjølvkost. (i hht KOSTRA er dette truleg feil og me vil ev gjere ei nærare vurdering på det.) Resten av kraftmengda vert seld i marknaden.

Det er i 2017 budsjettert med slik vinst av konsesjonskraftsalet:

Bruk til eigne bygg mv	14,5 Gwh	0,0 mill kr
Sal i marknaden	78,5 Gwh	<u>8,5 mill kr</u>
Sum		8,5 mill kr

Dette forutset ein forventa snitt kraftpris over året på ca 26 øre for 2017. Dette er basert på pris i veke 46/17. Inntil anna vert bestemt vert det ikkje nytta prissikring på krafta.

Øyremerka statstilskot ressurskrevjande brukarar

Dette er øyremerka statlege midlar innretta mot brukarar med store hjelpebehov. Den kommunale eigendelen er for 2018 auka med 50.000 pr tiltak utover deflator og er nå på i overkant av 1,2 million pr tiltak. Kostnader utover dette vert fordelt 80%/20% mellom stat og kommune. Statstilskot går ned frå 2017 til 2018 med 3 million kroner då tiltak har fått redusert ressursinnsats.

Mva-kompensasjon

I 2017 er budsjettert med ein forventa mva-kompensasjon på 11,8 mill kr (drift).

Momskompensasjon investeringar vert ført direkte i investeringsrekneskapen.

Brukarbetaling/leigeinntekter

Makspris barnehage vert auka med 110 kr pr måned utover prisvekst i samsvar med statsbudsjettet.

Leigeinntekter på bustader vert auka med utvikling i KPI.(1,6 %). Nye avtalar vert auka med 5-10 % dersom leigenivå ligg under «gjengs» pris.


Gebyr byggesaker vert auka med 10%.

Gebyr kulturskulen vert auka med 6% frå august.

Gebyr SIMAS vert auka med 4%.

Andre gebyr og betalingar vert auka med 3%.

4. Kommunen sine driftsutgifter



Brutto driftsutgifter veks med 1,9 % frå budsjett 2017 til budsjett 2018.

Løn er i budsjettet ført som netto lønsutgifter etter refusjon av sjukeløn og refusjon permisjonar.

I driftsutgiftene er det prognosert lønsvekst (jf nedanfor), medan andre driftsutgifter i utgangspunktet er justert med 2% for prisstigning. Det er føreteke innstramingar på dei fleste tenestekområda.

Lønsvekst

Det er avsett ein samlepost på 7,5 mill kr til dekking av lønsoppgjær 2018. Dette tilsvarar 2,2 % lønnsvekst. Løyvinga føreset å skulle dekke tillegg lønsoppgjær i 2018.

Når det gjeld budsjettering av innsparingar på lønn så vert stillingar først tekne ut av lønsbudsjettet når stillingsheimelen vert endra ev vert trekt ut. Det betyr at innsparingar på bemanningsområdet i budsjettframlegget vil vere både direkte nedtrekk på fastlønn, der heimelen ikkje er med over i 2018, men og som innsparing som vert realisert i løpet av budsjettåret.

Tillegsløyvingar

Forutan reservepost løn er det og lagt inn 0,15 mill kr til rådvelde for formannskapet, og 0,5 mill kr til vedlikehald bygg for seinare fordeling. Til aktivitetsendringar i budsjettåret er det kun lagt inn midlar til utvida barnehagetilbod der fleire barn skal ha plass. Ev andre tiltak må drøftast og budsjetterast i tertialrapport.

I tilknytning til investeringsprogrammet er det skissert nokre utviklingsoppgåver med direkte finansiering frå næringsfond eller disposisjonsfond. Jf omtale der.

5. Finansutgifter og inntekter – investeringar

Det er lagt opp til investeringar i 2017 på 59,3 mill kr.

-Låneopptak i husbanken til vidare utlån på 5,0 million kroner, er inkludert i denne summen. Saldo på desse låna pr. 01.01.2017 er 31,4 mill kr. Ut frå endringar i regelverk for finansiering av bustad kring startlån er det aktuelt å auka det årlege lånebeløpet. Kommunen sin Startlånstrategi skal revurderast tidleg i 2018 for avklaring av dette. Nærare vurdering seinast i T1 om ev auka låneopptak.

Kjøp av aksjer/andeler i KLP med om lag 1,5 mill kr, er inkludert. Utover dette er løyvingane til konkrete investeringstiltak som går fram av investeringsplanen.

I investeringsplanen for økonomiplanperioden er det skissert investeringar på 219 million kroner. Det er føresett bruk av salsinntekter/fond til å dekkja 36 million kroner. (tomtesal m.v.) Kompensasjon mva er rekna til 34 million kroner.

Lånebehov vil vere 149 million, det vert nedbetalt 89 million kroner slik at lånegjelda vil auka med 60 million kroner i perioden. Dette inkluderar 20 million for vidare utlån og også andre investeringar har i seg statstilskot, refusjon av kapitalutgifter, brukarbetaling eller husleigeinntekter slik at nettoutgifta til auka låneopptak er moderat/vert dekkja av andre enn generaløkonomien etter 2019.

	2018	2019	2020	2021
Saldo 1.1	418	442	457	476
Nye lån	40	36	45	28
Avdrag	16	21	26	26
Saldo 31.12 *	442	457	476	478

*ev mindre justeringar grunna ubrukke lånemidlar.

Av kapitalutgiftene vert ca 2,5 mill kr/år dekkja av staten som kompensasjon for låneopptak til investeringar innan pleie/omsorg, skule og Lustrabadet.

Kapitalkostnader som vert innekkja gjennom sjølvkostordningane tilsvarer ca. 5 mill kr i rente og avdrag pr.år.

Renteutgiftene

Ca. 70 % av kommunen sine lån har flytande rente. Det er i budsjett økonomiplan budsjettert med slike forventna renter:

2018 1,5 %

2019 1,7 %

2020 2,0 %

2021 2,0 %

Prognosen bygger på Kommunalbanken sin prognose og lånemodell for 2018 og 2019 og litt lågare for 2020 og -21.

Renteinntektene

Det er budsjettert med renteinntekter på 1,4 mill kr. for 2018. Det er budsjettert med aksjeutbyte på eigarskap med kr. 2,5 mill kr, som er ein nedgang på 1 million grunna varsel om at det ikkje vert utbyte frå Sognekraft i 2018. Det er budsjettert det same i 2019 og 3 mill i 2020 og 2021.

Det er budsjettert med gevinst på finansielle instrument/auka verdi på aksjefond 5,0 mill kr. Det er vidare budsjettert med med 8,5 mill kr. i gevinst på sal av konsesjonskraft. Ev meir/mindre inntekter på rente, aksjeutbyte, avkastning aksjefond og gevinst sal av konsesjonskraft vert saldert mot bufferfond som pr. 0101.2017 er på 15 mill.kr. Dette vert vurdert i dei ordinære tertialrapportane.

Avdrag på lån.

Opptekne lån er i hovudsak budsjettert med avdrag i samsvar med inngått avtaler.

Tre låneavtalar er slått saman og lagt inn utan nedbetaling dei komande åra . For 2018 det lagt inn ein auke i avdrag på om lag 1,0 mill kr for å dekke opp låneopptak i 2017.

I 2019 er avdrag auka m/ 5 mill og i 2020 og 2021 er det lagt inn at ein igjen skal betjena lån som er sett på vent mhp avdragsbetaling.


For nye lån er lagt til grunn ei nedbetalingstid på 30 år. Det er i år 1 fortutsett halvårsverknad av kapitalkostnadane. Samla er det budsjettert med avdrag som overstig krav til minimumsavdrag.

6. Tenesteområda

Tenesteområde Folkevalde

Politisk organisering

Politisk styringsmodell vart sist justert ved vedtak i k-sak 34/07. Vidare vart tal kommune-styrerepresentantar redusert frå 29 til 25 frå ny valperiode hausten 2011, jf. k-sak 55/10.



Overordna mål:

- Gje dei folkevalde arbeidsforhold slik at alle i kommunen har høve til å delta i lokalpolitikken.
- Sikra gode avgjerdsprosessar og effektiv fordeling av oppgåver ved hjelp av delegering og klare retningslinjer.
- Leggje til rette for at politiske organ får frigjort tid til overordna oppgåver.
- Sjå til at Luster kommune i alle samanhengar opererer innafor gjeldande regelverk og nyttar fellesskapet sine midlar på ein effektiv og god måte.
- Arbeide godt med alle saker som måtte kome frå kommunen sine kontrollorgan.
- Styrke det interkommunale samarbeidet, både gjennom Sogn regionråd og på nordsida av fjorden.

Budsjett 2018

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
100	POLITISK STYRING	3019	3577	-15

Det er føreteke kostrajustering på LVK-kontingent 400.000. Flytta til 321, sal av kraft.

Budsjettet legg til grunn uendra drift i høve til 2017. Det er lagt inn generell innstramming og tilpassing vurdert etter forbrukstal. 2018 er ikkje valår, reduksjon i budsjettet i høve til 2017. Mindre tillegg for kantinekostnader og refusjon til tenesteeiningar som har større belastning med politikarar på dagmøte.

Særskilt om 2018:

- Godtgjersle ordførar/tapt arbeidsforteneste folkevalde vert regulert med 3%
- Gjennomføre temaøkter i kommunestyret. Tema oppvekst er planlagt til junimøtet. Andre aktuelle tema: *KommunePlanenAreal, Utmarksforvaltning, Hovudavtalen og Kommuneøkonomi.*
- Etablere ordninga med kommunalt ansvar for borgarlege vigslar. Følgje opp kommunestyret sitt vedtak frå desember-17.
- Revidere reglement for kommunestyret, inkl godtgjersler. Eventuelt også reglement for andre politiske utval, ev etablere reglement for sakskomitear.
- God utnytting av møtetid, samtidig som ein er aktive på temadrøftingar i politiske fora, spesielt kommunestyre.
- Godkjenne nytt økonomi- og finansreglement.
- Følgje opp forvaltningsrevisjon økonomi- og prosjektstyring.
- Kontrollutvalet vil prioritere tema for forvaltningsrevisjon 2018.
- Rullere eigarskapsmeldinga via formannskapshandsaming.
- Følgje opp arbeidet med dei større investeringstiltaka i budsjettet.
- Handsame saker frå styret i Lustrabadet KF og gjennomføre årlege val til styret i føretaket. Formannskapet er valnemnd for dette arbeidet.

Tiltak 2018 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.

Driftsendringar etter 2018 (økonomiplan)

-

Tiltak etter 2018 (økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Kommunestyreval 2019 Rullere eigarskapsmelding 2019	Kommunestyrehandsaming	+200.000

Tenesteområde Administrasjon

Organisering

Tenesteområdet omfattar rådmannen og stabseiningane.

Av desse arbeider næring, plan, eigedom, oppvekst, kultur, omsorg og folkehelse med oppgåver som heilt eller delvis vert belasta andre område, og desse vert omtalt der dei fagleg høyrer til.

Overordna mål

- Yta innbyggjarane gode tenester og vere eit effektivt forvaltningsorgan.
- Arbeide med å forenkla rutinar, prosessar og planarbeid.
- Gje dei folkevalde tilstrekkeleg grunnlag for å fatta vedtak.
- Følgje opp politiske vedtak og dei mål og arbeidsoppgåver som ligg i budsjett, økonomiplan, kommuneplan og andre planar.
- Initiere og leggje til rette for kontinuerleg organisasjonsutvikling.
- Skapa ein organisasjonsstruktur og -kultur som gjev rom for både omstilling og personleg og fagleg utvikling.
- Vidareutvikla og styrka samarbeidet mellom ulike fagområde.
- Leggja til rette for at tenesteeiningar får naudsynt støtte, rettleiing, kvalitetssikring, styring og koordinering.

Tenester og oppgåver - generelt

110 Revisjon og kontrollutval (KU)

Kommunen kjøper revisjonstenester hjå Sogn og Fjordane Revisjon IKS. KU leverer eiga årsmelding til kommunestyret. PricewaterhouseCoopers AS er sekretariat for KU.

120 Administrasjon

Området omfattar rådmannen, stabseiningane personal og organisasjon, økonomi, IKT og kvalitet og servicetorget sine tenester. Målgruppene for tenestene er *innbyggjarane, dei folkevalde og driftsorganisasjonen*.

Administrasjonen arbeider med saksførebuing til politiske organ og oppfølging av politiske vedtak. I høve den kommunale driftsorganisasjonen har ein ansvaret for overordna styring, støtte, rettleiing og kvalitetssikring. Døme på oppgåver er prosjektleiing, personalforvaltning, rekruttering, organisasjons- og kompetanseutvikling, seniortiltak, tillitsvaldsarbeid, kvalitetssystemet, IKT, budsjettering og økonomiplanlegging, finansforvaltning, rekneskap, løn, fakturering, eigedomsskatt, skatterekneskap, innkrevjing, arbeidsgjevarkontroll, innkjøp/rammeavtaler, forsikringar og kommunearkivordninga.

Servicetorget administrerer og samordnar informasjonstenesta gjennom Lustranytt, heimesida, facebook, annonsering og eigne trykksaker. Servicetorget omfattar sentralt publikumsmottak, sentralbord, postmottak, arkiv og trykkeriteneste. Servicetorget yter tenester i høve Husbanken sine støtteordningar, bustadformidling, skjenkeløyve, dør til dør transport, produksjonstillegg, støtte til kulturtiltak, kommunale avgifter mv.

Administrasjonen arbeider også med internopplæring, opplæring for folkevalde og administrerer dei folkevalde sine arbeidsvilkår. Sekretariatet for folkevalde organ ligg i staben.

121 Egedomsforvaltning

Her vert ført forvaltningsutgifter i høve kommunen sin egedomsmasse. Skadeforsikring for kommunal egedom er samla på budsjettkapitlet.

130 Administrasjonsbygningar

Drift av rådhuset.

170/171 Premieavvik (pensjon)

Premieavvika er differansen mellom betalt og bokført pensjon. Etter nytt prinsipp vert denne utlikna i null kvart år.

180 Diverse fellesutgifter

Her er budsjettert reserve lønsoppgjjer og generelle tillegg/reserveløyvingar. I tillegg fører vi her kommunen sin kostnad til lærlingar.

Styringsmål 2018

Styringsmål	Datakjelde	Status		Mål 2018
		Luster	Landet	
B Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / ESA sak og arkiv	-	-	0
B Tal klagesaker m/omgjeringssvedtak	Registrering	0		0
Ø Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	92%		<100%
M KS 10-faktor medarbeidarundersøking (snitt)	Betre Kommune 2017	4,2		4,3 (2019)
M Sjukefråvær, siste status 201--	Fråværsstatistikk			<2,3

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

Budsjett og årsverk 2018

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
110	KONTROLL OG REVISJON	1101	1034	6
120	ADMINISTRASJON	23658	24899	-4,9
121	FORVALTNINGSUTGIFTER I EIENDOMSFORVALTNINGEN	1121	1970	-43
130	ADMINISTRASJONSLOKALER	994	1269	-21
172	PENSJON	50		
180	DIVERSE FELLESUTGIFTER	9814	9914	-1
	SUM	36588	39136	-6,5

- 110 - Tilråding til kontrollutvalet er 250.000 til forvaltningsrevisjon og 60.000 til selskapsrevisjon. Det er lagt inn i formannskapet si tilråding.
- 120 - Kostrajustering på administrative stillingar. Reduksjon på administrasjon, plan flytta til 301 plansak. Det vert også nedtrekk på administrative fellesutgifter og tenestespesifikk programvare ved at dei vert belasta tenestene direkte.
- Lønsbudsjettet vert redusert med om lag 2 stillingar, verknad i 2018 er 900.000.
- 121 - 60% stilling ført direkte på VA(25+25) og beredskap(10%).
- 130 - Det er budsjettert lægre driftsutgifter på rådhuset, straum og reinhald. (også overbudsjetterte i 2017.)
- 180 - Redusere budsjettet innan HMT og kompetanseutvikling.
- Det er lagt inn ei tilleggsløyving på 7,5 mill til lønsoppgjjer 2018, for seinare fordeling.
- Det vert ikkje lagt inn generelle tilleggsløyvingar. Det må ev. korrigerast i tertialrapportar om det vert naudsynt.

Årsverk:

2014	29,1
2015	27,5
2016	29
2017	29,7
2018	

Særskilt om 2018

- Setje i verk politiske vedtak og leie utviklingsprosjekt.
- Gjennomføre OU-Rådhuset for alle einingane, vurdere større einingar, få til best mogeleg oppgåvedeling og arbeidsflyt som kan effektivisere administrasjonen.
- Følgje opp arbeidet etter OU-prosjektet og gjennomføre driftsendringar for å betre budsjettbalansen. Lønsbudsjettet vert i 2018 redusert med om lag 2 stillingar. På nokre område kan det verte redusert servicenivå.
- Vidareføre arbeidet med effektiv forvaltning og digitalisering. Digitalisere papirarkiv. Etablere eige prosjekt for utviklingsarbeidet innan digitalisering og delta i nasjonal ordning.
- Arbeide for at større del av innbyggjarane vel å ta imot digital post for å oppnå større effekt av kommunal digitalisering.
- Fullføre administrativt delegeringsreglement etter organisasjonsendringar.
- Arbeide med å få på plass ei rettare budsjettering/rekneskapsføring i høve til Kostra.
- Gje ut 2 nummer av Lustranytt. Forventar noko auka porto som følgje av omlegging portotakstar. B post blir borte. Vurdere om informasjonsarbeidet på heimesida, sosiale medium kan utvidast noko innan tilgjengelege ressursar.
- Gjennomføre brukarundersøkingar barnehage og skule.
- Gjennomføre medarbeiderundersøking, 18/19. Bruk av KS-verktøy; 10-faktor.
- Utarbeide nytt økonomi- og finansreglement.
- Følgje opp forvaltningsrevisjonen økonomi- og prosjektstyring.
- Iverksetje kommunestyret sitt vedtak om innkrevjing av eigedomsskatt.

- Revidere diverse reglement for dei tilsette.
- Vidareføre arbeidet med kompetanseplan og rekrutteringstiltak.
- Fullføre lønspolitisk plan.
- Revidere IA-avtalen.
- Fullføre arbeidet med retningsliner for heiltid.
- Etablere system for oppfølging av lærlingar.
- Slutføre renoveringa av rådhuset og ferdigstille uteområdet.

Driftsendringar etter 2018 (økonomiplan)

- Reduksjon i administrativ bemanning ved naturleg avgang.
- Ytterlegare digitaliseringstiltak.
- Vurdere tal sommarjobbar og seniortiltak.

Tiltak etter 2018 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
<ul style="list-style-type: none"> • Leggja til rette for at dei fleste som bur i Luster kan bruka kommunale nettbaserte tenester. • Redusera papirbasert informasjon. • Aktivt legge til rette for lærlingplassar, arbeids- og språkpraksis i heile kommuneorganisasjonen. • Tilby ungdom med innvandrarbakgrunn sommarjobbar i kommunen 		Frivillige, lag og organisasjonar.

Tenesteområde Oppvekst

Tenesteområde oppvekst er organisert med barnehage, skule og SFO. Det er tre reine barnehagar; Gaupne, Gamlestova og Hafslo barnehage. Fem einingar er organiserte som oppvekstsenter med barnehage, barneskule og SFO. I tillegg er det tre reine grunnskular; Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule. Veitastrond skule er administrativt knytt til Hafslo barne- og ungdomsskule medan Veitastrond barnehage er organisert som ei avdeling under Gamlestova barnehage.

PPT Luster gjekk frå 1. januar 2016 inn i den nye fellestenesta Sogn PPT med Sogndal som vertskommune. Dei andre samarbeidskommunane i den interkommunale tenesta er Aurland, Leikanger, Sogndal og Vik.

Staben i tenesteområdet Oppvekst er representert gjennom kommunalsjef oppvekst (100 % stilling), pedagogisk konsulent for barnehage (80 % stilling).

Barnehage

Overordna mål

Desse måla tek utgangspunkt i barnehagelova (2011, s.9) i §1:

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene»

I tillegg til barnehagelova er den statlege rammeplanen styrande for barnehagedrifta. Rammeplan er ny, gjeldande frå august 2017.

Luster kommune sine overordna mål er å:

- ha full barnehagedekning med høg kvalitet på tilbodet. Ha tilstrekkeleg med plassar slik at ein kan ta inn nye barn i løpet av året, jf. gjeldande vedtekter
- gje alle barn eit godt barnehagetilbod som er variert og brukartilpassa og som byggjer på eit heilskapleg læringssyn med omsorg, lek og læring og danning som sentrale deler
- leggja til rette for at barna også får aktivitetar utanfor barnehagen sine lokale og område, dvs. gjera seg nytte av nærmiljøet og naturen
- styrkja det pedagogiske tilbodet i barnehagane med faglege satsingsområde og kompetanseheving av personalet
- syta for at barnehagepersonalet er i stand til å gje omsorg og opplæring i samsvar med sentralt gjevne føringar og målsetjingar

Tenester og oppgåver

Barnehage

Tre reine barnehagar; Gaupne, Gamlestova og Hafslo barnehage. Fem einingar er organiserte som oppvekstsenter med barnehage, barneskule og SFO – Skjolden, Luster, Jostedal, Indre Hafslo og Solvorn. Barnehagen på Veitastrond er administrativt lagt under Gamlestova barnehage.

Alle barn som har rett på barnehageplass får plass ved hovudopptak. Kommunen har også suppleringsopptak frå 1. januar. Bemanningssituasjonen er god og stabil, det kan i periodar vera nokre utfordringar med å skaffe vikarar.

Overgang barnehage – skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar for at det skal vera gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i vårt kvalitetssystem for overgang barnehage-skule. Desse prosedyrane vert også teke opp til drøfting på rektor-styrmøte. Det siste som er lagt til er at det på møtet på vårparten også vert teke opp korleis det fagleg gjekk med 6-åringane som byrja i skulen i tillegg til at skulen kan få ei første orientering om dei komande førsteklassingane.

Tverrfagleg samarbeid

Barnehagane samarbeider med nærmaste skule, andre barnehagar, Sogn PPT, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP for å ivareta barna best mogeleg. Barnehagane samarbeider tett med PPT når det gjeld utgreiing og oppfølging av enkeltbarn og grupper. HSP-team (helse, sosial, psykisk helse) har to møter i året. Innarbeidde rutinar vert evaluerte med jamne mellomrom for å få til dei best moglege tilboda.

I tillegg deltek pedagogisk konsulent barnehage som fast representant for Oppvekst i det tverrfaglege forumet Familieforum der Helsestasjonen, psykisk helseteam møter fast i tillegg til at PPT, Sogn barnevern og BUP møter ved høve.

Barn med særskilde behov skal vera ein del av barnegruppa, men samtidig få særskild støtte ut frå eigne behov. Eit tett samarbeid med PPT, Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP er her naudsynt. Gode rutinar for eit slikt samarbeid har vorte utvikla gjennom det tverrfaglege prosjektet «Saman for barn og unge». Det er utarbeidd ei handbok for tverrfagleg samarbeid.

Språkutvikling og lesing

Barnehageåret 2017/18 er språkutvikling og lesing hovudsatsingsområde for barnehagane i Luster. Luster kommune har status som språkkommune i perioden august 2017-desember 2018, og er i gang med omfattande kompetanseheving for dei tilsette for å sikre god språkutvikling for alle barna.

Det er tidlegare etablert kommunalt fagnettverk for barnehagepedagogar og lærarar på 1.-2. trinn om den første leseopplæringa i samarbeid med Statped Aust. Denne organiseringa er ført vidare i 2017/18 med dei to utdanna språk- og lesereettleiarane i kommunen og ein

barnehagestyrar som fagleg ansvarlege for nettverket. Det er ein stor fordel at pedagogar i barnehage og skule møtest for erfaringsdeling og for å drøfta vidare fagleg utvikling.

Barnehageåret 2016/17 tok 5 pedagogar og assistentar nettkurset «Barn og språk» arrangert av Norsk nettskole i samarbeid med Dysleksi Norge. Dette barnehageåret er det 5 pedagogar som tek dette kurset som gjev ei grundig innføring i korleis barn utviklar språket sitt og korleis ein kan førebyggje lese- og skrivevanskar. I tillegg til desse kommunale tiltaka har kvar barnehage også sett opp egne mål og tiltak når det gjeld språkutvikling og lesestimulering.

Regionale nettverk

Minst to tilsette frå kvar barnehage deltek i regionale fagnettverk. Det er eitt nettverk for kvart av dei sju fagområda i rammeplanen + eit styrarnettverk. Luster har ansvar for å driva nettverket Etikk, religion og filosofi med 2 – 3 samlingar kvart år. Pedagogisk konsulent er Luster sin representant i arbeidsgruppa for dei regionale fagnettverka for barnehagane, og representerer i tillegg barnehagane i Programstyret.

Oppvekstbibliotek

Som ein del av satsinga på oppvekstbibliotek har barnehagane i Luster etablert mini-utlån av bøker i garderobeområdet i barnehagen. På denne måten er det enkelt for barn og føresette å låna med seg bøker.

Psykisk helse

Dei fleste barnehagane nyttar opplegget «Kule krabatar leikar», og har etablert egne rutiner for å førebyggje angst hjå småbarn. Dette har komme som eit resultat av at nokre av barnehagane har delteke i eit forskingsprosjekt om angst hjå småbarn i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Prosjektet har vorte teke godt i mot i barnehagane og sett på som eit nyttig hjelpemiddel i førebygginga av angst hjå små barn. Det er laga kurs- og rettleingsmateriell som alle barnehagane i kommunen kan gjera seg nytte av. Ressursperson ved HiSF har også delteke på personalmøte i alle barnehagar for å skulere dei tilsette.

IKT

Barnehagane fekk i 2017 noko ekstra ressursar til IKT-utstyr i den einskilde barnehage. Fram til no har det vore lite satsa på IKT til pedagogisk bruk i barnehagane, men dette vil truleg endre seg framover.

Administrativt dataverktøy Visma Barnehage vart teke i bruk frå januar 2017. Systemet fungerer bra, men Visma arbeider med Visma Flyt Barnehage som vil avløyse det gamle systemet i løpet av 2018/2019.

Symjing

Også dette året har barnehagane motteke tilskot frå fylkesmannen for å gjennomføre vasstilvenjing og symjeopplæring. Dette føregår i bassenga i Gaupne, Skjolden og Jostedal.

Barnehageplassar

Ved hovudopptaket for 2017 var det solide søkartal i alle barnehagar, og det er opp mot fullt i dei fleste av barnehagane utifrå noverande bemanning. Per 1. november 2017 er det nokre ledige plassar i barnehagane i Solvorn, Indre Hafslo, Luster og Veitastrand.

Frå august 2017 er det nye nasjonale forskriftsendringar som seier at barn i barnehagane skal telje for 2 plassar fram til august det året dei fyller 3 år. Dette gjer at suppleringsopptaket med verknad frå 01.01.2018 vil bli meir kostnadskrevjande, eller at fleire barn ikkje vil få barnehageplass i januar, og må vente til august 2018. Det vil likevel bli gjennomført suppleringsopptak der fristen for å søkje går ut 15. november. Opptaket er avhengig av ledig kapasitet i den einskilde barnehage. For Gaupne barnehage er det planlagt ei enkel oppgradering som vil gje 6 nye plassar frå 1. januar 2018. Det må tilsetjast ein barnehagelærer i 100 %.

Tal plassar i dei ulike barnehagane fordeler seg slik pr. 15.11.17:

Barnehage	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Gaupne	107	108	108	108	108
Hafslo	59	60	60	60	58
Luster	28	29	28	28	28
Gamlestova	64	63	65	65	62
Jostedal	24	24	22	24	23
Solvorn	13	13	9	12	8
Skjolden	18	18	16	18	17
Indre Hafslo	35	32	34	34	31
Veitastrond	15	15	15	15	Stengt
Sum	348	360	339	352	324

Årsverk og tilleggsressursar

Endringar i tal barn, tal årsverk og tilleggsressursar (spesialpedagogiske tiltak) frå 2016/2017 til 2017/2018 per. 15.11.2016 er slik:

Barnehage	Barn 2016	Barn 2017	Årsverk 2016	Årsverk 2017	Spes.ped. 2016	Spes.ped. 2017
Gaupne	77	85	19,4	19,4	1,10	1,51
Hafslo	46	45	11,0	11,0	0,44	1,11
Luster	24	25	5,5	5,50		0,44
Gamlestova	50	47	12,0	12,0	1,10	1,29
Jostedal	14	20	4,15	4,38		0
Solvorn	11	9	3,35	3,35		0
Skjolden	15	14	3,35	3,35		0,90
Indre Hafslo	24	27	6,5	6,50		0,43
Veitastrond	8	11	2,0	2,40	1,07	0
Totalt	269	283	67,25	67,88	3,71	5,68

Pr. 15.11.17 har 283 barn barnehageplass. Av desse får 9 barn spesialpedagogisk hjelp. Barnehageåret 2017/2018 har lustrabarnehagane ein personalressurs på 67,68 årsverk innan ordinær drift og 5,68 årsverk innan spesialpedagogisk hjelp og generelle styrkingstiltak, totalt 73,36 årsverk. Det er fleire barn som mottek spesialpedagogisk hjelp i år enn i fjor, men ressursen til denne typen tiltak er samla sett lågare.

Barnehage

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2018
				Luster	Landet	
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjæringsvedtak	Registrering	1	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2016 Visma			
	M	KS 10-faktor medarbeidarundersøking (snitt 3 barnehagar)	BedreKommune 2017	4,2		4,3 (2019)
	M	Sjukefråver - barnehage	Fråversstatistikk (2015)	8,9 %	-	5,5 %
Barnehage	B	Oppmøteprosent på foreldremøte haust	Registrering 2016	70 %	-	90 %
	B	Brukartilfredsheit (skala 1-6)	Brukarspørjing	5,1	5,2	5,2
	B	Andel styrarar og leiarar utan pedagogisk utdanning	SSB	0 %	%	0 %
	B	Andel assistentar med relevant utdanning	SSB			

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

Budsjett og årsverk 2018

Tal i 1000 kr.

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
201	FØRSKOLE	35073	33021	6
211	STYRKET TILBUD TIL FØRSKOLEBARN	3 201	3431	-7
221	FØRSKOLELOKALER OG SKYSS	3021	2841	6
	SUM	41 295	39 293	5

201) Utover ressursar til aktivitet ved inngangen til 2018 er det lagt inn 1 million kroner til aktivitetsendringar i budsjettåret.

211) Fleire tiltak, men lågare ressursinnsats enn 2017 gjer at ramma går litt ned.

221) 2017 er «underbudsjettet» på bygg.

Årsverk:

2015	65,9 årsverk
2016	70,7 årsverk
2017	73,36 årsverk
2018	

Særskilt om 2018

- Det kom ny nasjonal rammeplan for barnehagane august 2017. Barnehagane har starta arbeidet med å implementera den nye rammeplanen i personalet, men dette er ein langsiktig prosess som vil fortsetje i 2018. Det skal mellom anna arrangerast kurs over to dagar i mars med ny rammeplan som tema.
- I lag med dei andre kommunane i regionen vil Luster delta i eit nasjonalt program «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Regionen får tilført midlar gjennom fylkesmannen som mellom anna skal nyttast til regionale ressurspersonar som skal leie arbeidet i kommunane innan dette temaet.
- Luster kommune er språkkommune og satsar sterkt på språkutvikling og lesing som felles satsingsområde for barnehagane og skulane.
- Lokalt fagnettverk barnehage saman med lærarar 1.-2. trinn. Hovudtema vil bli overgangen barnehage – skule, og ein vil i denne satsinga mellom anna nytte «Språkløyper» som er eit nasjonalt utvikla opplegg for kompetanseheving i barnehage og skule.
- Hausten 2018 er det planlagt å ta grundigare fatt på plan for psykisk helse i barnehagane i lag med psykolog Magnus Lia i Sogn regionråd.
- I samarbeid med folkehelsekoordinator og Helsestasjon vert det planlagt opplæring og gjennomføring i foreldrerettleing.
- Det er høge fødselstal i 2017 noko som gjev eit høgt estimert behov for barnehageplassar frå august 2018. Kommunen har plikt til å tilby barnehageplass til alle barn som fyller 1 år i løpet av november 2018. Dette vil føra til ekstra kostnader i høve tal tilsette og tilpassing av barnehagelokale.
- Som ein del av kompetansestrategien for barnehagane er det komme framlegg om ny nasjonal bemanningsnorm og skjerpa pedagognorm i barnehagane. Krav til pedagognorm kan innførast trinnvis, og kostnadene for Luster er delvis lagt inn i budsjett 2018.
- Lustrabarnehagen innfri bemanningsnorm, men pedagognorm tilseier at nærare 5 stillingar må gjerast om frå assistent til barnehagelærar. Om lag halve denne endringa kjem på plass i 2018.
- Tilbygg Jostedal barnehage er teke i bruk hausten 2017.

Øp;

- Arbeide for innføring av to-pedagog-ordning i barnehagane i Luster, jf og satsing i statsbudsjettet på fleire barnehagelærarar.

Grunnskule

Overordna mål

- Arbeida for ein inkluderande skule, med god trivsel, høg fagleg kvalitet og gode resultat
- Arbeida systematisk med både den første og den andre leseopplæringa – korleis lese for å læra – og skriving som grunnleggjande dugleik på tvers av fag.
- Auka kunnskapen blant pedagogisk personale om lese- og skrivevanskar hjå elevane
- Flytta fokuset frå spesialundervising til tilpassa opplæring og auka kvaliteten på spesialundervisinga
- Gje skulefritidstilbod (SFO) til elevar på 1.-4. klassesteg så langt som mogleg ved heimeskulen
- Gje tilbod om opplæring på grunnskulenivå for vaksne og norskopplæring med samfunnskunnskap for innvandrarar/flyktningar
- Tilby vidareutdanning og kompetanseheving for å betra fag- og kompetansegrunnlaget i lustraskulen
- Oppretthalda ein desentralisert skulestruktur med vekt på lustraidentitet

Tenester og oppgåver – generelt

202 Grunnskule

Obligatorisk grunnskuleopplæring er basert på opplæringslova og læreplanar.

Det er 669 elevar i grunnskulen i Luster skuleåret 2017/18. Elevtalet varierer frå 7 til 220 elevar på dei ulike skulane. Elevane er delte i 41 grupper / klassar. 58 elevar får spesialpedagogiske tilbod etter enkeltvedtak, om lag same nivå som året før. Dei tre siste skuleåra har det vore ein tydeleg nedgang i tal enkeltvedtak frå åra før, til dømes hadde 79 elevar enkeltvedtak 2014/15. 36 elevar får særskilt norskopplæring etter § 2-8 i opplæringslova og enkeltvedtak, noko meir enn i fjoråret då 25 elevar hadde dette opplæringstilbodet.

Veitastrond skule vert administrert frå Hafslo barne- og ungdomsskule. Elevane på Veitastrond har, i samarbeid med heimane, eit tilbod der dei går på Hafslo barne- og ungdomsskule einskild dagar. Fagplanar og opplegg blir tilpassa slik at dei kan gå inn i ordinær undervising. Ordninga blir praktisert når vegforholda gjer det mogleg.

Luster kommune har fem barn som går på skule i andre kommunar og som kommunen må betala utgifter for. Luster kommune har i skuleåret 2017/18 fem gjesteelevar.

Skule	2016-17	2017-18
Gaupne skule	145	144
Hafslo barne og ungdomsskule	212	220
Indre Hafslo oppvekstsenter	38	33
Jostedal oppvekstsenter	28	25
Luster oppvekstsenter	41	38
Luster ungdomsskule	131	144
Skjolden oppvekstsenter	37	31
Solvorn oppvekstsenter	22	27
Veitastrond skule	7	7
SUM	661	669

Elevar fordelt på alderssteg 2017/18

Klasse	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Elevar	Klassar
Luster ungd.								48	50	46	144	6
Hafslo b. og ungd.	22	16	24	18	20	20	29	21	29	21	220	12
Gaupne skule	13	25	18	21	30	21	16				144	8
Luster oppv.	4	4	4	8	7	3	8				38	3
Skjolden oppv.	4	4	2	4	6	5	6				31	3
Indre Hafslo oppv.	5	2	7	4	2	7	6				33	3
Jostedal oppv.	0	6	0	8	5	3	3				25	2
Solvorn oppv.	4	5	5	3	4	2	4				27	3
Veitastrand	1	1	1	1	1	1	1				7	1
	63	56	69	72	60	72	69	77	66	57	661	41

Delingstalet er slik, jf. dei tidlegare reglane om klassesdeling i opplæringslova:

Maks 12 elevar med 4 alderssteg i same klasse, maks 18 elevar med tre alderssteg i same klasse og maks 24 elevar med to klassesteg i same klasse. Maks 28 elevar i same klasse på barnesteget, maks 30 elevar i same klasse på ungdomsteget.

Trivsel og miljø – sosial kompetanse

Frå 1. august 2017 vart det innført eit nytt regelverk for skulemiljø etter kap 9A i opplæringslova. Dette regelverket er styrande for arbeidet med trivsel og miljø i lustraskulane. Luster vil saman med dei andre sju nabokommunane i Sogn delta i den toårige nasjonale satsinga *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*, frå 1. januar 2018 – desember 2019. I dette prosjektet vil det verta tilsett ein regional ressursperson for skule i 40 % stilling og ein tilsvarande stillingsressurs innanfor barnehage. Hausten 2017 fristilte skulane i Luster seg frå Olweus-programmet og vil bruka prosjektperioden *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*, til å velja ny felles kurs for trivsels- og miljøarbeidet. Hafslo barne- og ungdomsskule arbeider med utviklingsprogrammet PALS. Dette er ein tiltaksmodell for å styrke sosial kompetanse, førebyggje og meistra åtferdsproblem. I samband med det nye prosjektet *Inkluderande barnehage- og skulemiljø*, er det skipa både lokale og regionale treffpunkt / nettverk der skulane kan dela erfaringar og få kompetanseheving innanfor dette viktige feltet.

Språkkommune – språkutvikling, lesing og skrivning som fagleg satsingsområde

I perioden august 2017–desember 2018 deltek barnehagane og skulane i Luster i den nasjonale satsinga *Språkkommunar*, som er eit tiltak under den nasjonale strategien *Språkløyper*. Ordninga inneber at kommunen får støtte frå Utdanningsdirektoratet og Skrivsesenteret til å styrka arbeidet med språk i barnehage og skule. Støtta skjer både i form av fagleg rettleiing og av eit økonomisk tilskot.

Kommunen må i prosjektperioden etablere ei styringsgruppe, utarbeida ein språkstrategi, leggja til rette for lærande nettverk og at einingane får fagleg rettleiing på språkområdet. Når det gjeld arbeidet med lesing, så har barnehagane og skulane god støtte i den kommunale leseplanen for lesing, sist revidert desember 2016. Som eit konkret produkt i språkkommunearbeidet forpliktar kommunen seg også på å laga ein eigen lese- og skriveplan med resultatmål og fagleg progresjon.

Ungdomstrinnssatsing

Ungdomstrinnssatsinga 2013–2017 med utgangspunkt i Stortingsmelding 22, *Motivasjon – Mestring – Muligheter*, er ei nasjonal satsing der målsetjinga er auka motivasjon og læringsutbytte på ungdomstrinnet gjennom meir praktisk, variert og relevant undervisning for å heve nivået i rekning, lesing og skriving spesielt. Dette skal auka gjennomføringa i vidaregåande skule.

Ungdomsskulane i Luster – til liks med brorparten av dei andre ungdomsskulane i Sogn – er med i pulje 4 som byrja hausten 2016 og sluttar desember 2017. Begge ungdomsskulane i Luster har valt skriving som fagleg hovudsatsingsområde. Deltakinga i språkkommunesatsinga, med utarbeiding av lese og skriveplan, er vonleg med på å forsterka effekten av UiU.

I prosjektperioden har ungdomsskulane fått fagleg rettleiing frå Høgskulen i Sogn og Fjordane og hatt jamlege samlingar i lag. I samband med UiU-satsinga er det tilsett kommunal ressurslærer i 20 % stilling i perioden 2016/17 og ut skuleåret 2017/18.

Overgang barnehage–skule

Kunnskapsdepartementet legg føringar på at ein skal få til gode rutinar for overgang mellom barnehage og skule. Det ligg gjennomarbeidde prosedyrar i kvalitetssystemet til Luster kommune for overgang barnehage-skule. Desse prosedyrane vil i 2018 verta evaluerte og justerte i samheng med at overgang barnehage–skule er eit sentralt tema både språkkommunesatsinga og i Erasmus+-prosjektet som oppvekstsentra deltek i.

Frå spesialundervisning til tilpassa opplæring

Skuleåret 2014-15 reetablerte Oppvekst eit lokalt fagnettverk om spesialundervisning. Sidan har det vore lagt opp til to-tre nettverksmøter kvart halvår. Ansvarleg lærar/koordinator for spesialundervisning på kvar skule møter i nettverket, eventuelt også rektor. Intensjonen med fagnettverket er å ha eit forum for å diskutera problemstillingar knytt til spesialundervisning og tilpassa opplæring, dela både erfaringar, utfordringar og gode løysingar.

Ressursbruken på spesialundervisning i Luster har samla sett vore høg dei seinare åra. I samarbeid og dialog med rektorane og PPT vil Oppvekst sjå nærare på ulike tiltak for å betra den tilpassa opplæringa og finna fram til moglege tiltak for å redusera omfanget av spesialundervisning på kort og lang sikt. Eitt av tiltaka er fullføring og implementering av kommunal plan for tilpassa opplæring.

Entreprenørskap

Grunnskulen i Luster skal legge til rette for at barn og ungdom får god opplæring og kunnskap i entreprenørskap som kan stimulere til nyetablering. Alle elevane skal få øving i og høve til å utvikle dei kreative evnene sine gjennom arbeid med idear som dei kan utvikle. Ungdomsskulane har også tradisjon for entreprenørskap gjennom årvisse elevbedrifter.

Regionale og lokale fagnettverk

Skulane deltek i ulike regionale fagnettverk der det er faste felles kursdagar. Frå dette året er det ein felles fagdag/nettverksdag før skulestart i august i engelsk, norsk og matematikk og ein halv dag oppfølging på nyåret. I tillegg er det nettverk for kunst og handverk m.fl.,

entreprenørskap, psykisk helse, spesialpedagogisk undervisning, fådelte skular, IKT, rektorar og rådgjevarar.

Forutan regionale nettverk har Luster kommune også eigne kommunale fagnettverk for barnehagepedagogar og lærarar på 1.-2. trinn, for lærarar på 3.-7. trinn og for 8.-10. trinn. I desse nettverka dreier innhaldet seg om sentrale tema som er relevante i språkkommune- og UiU-satsingane.

Oppvekstbibliotek

I samband med omlegginga av bibliotektenesta i kommunen, har Luster bibliotek saman med Oppvekst samarbeidd om etableringa av såkalla oppvekstbibliotek, det vil seia kombinerte barnehage- og skulebibliotek. Alle oppvekstsentra, Hafslo barne- og ungdomsskule og Veitastrond skule har no automatisert utlån. Det er i tillegg lagt opp til mini-utlån av bøker i alle barnehagane. Oppvekst og Luster bibliotek samarbeider elles om ulike lese- og formidlingsprosjekt der Sommarles for barnehage og skule har vore eit nøkkeltiltak.

Fysisk aktivitet

Nasjonalt er det stort fokus på auka fysisk aktivitet, noko og folkehelsearbeidet stadfestar. Alle skulane i kommunen har stort fokus på fysisk aktivitet, der det vert integrert fysisk aktivitet i dei ulike faga; Fysak.

Valfag

Hausten 2014 vart det innført valfag også for 10. trinn, mellom anna trafikk. Dette medfører ein utvida timetalsauke samanlikna med tidlegare skuleår. Ved Hafslo barne- og ungdomsskule vert det inneverande skuleår undervist i fire valfag: Programmering, Natur, miljø og friluftsliv, Trafikk, Produksjon av varer og tenester. Ved Luster ungdomsskule tilbyr ein inneverande skuleår fem valfag: Programmering, Fysisk aktivitet og helse, Design og redesign, Innsats for andre og Trafikk.

Programmering som valfag er eit treårig forsøksprosjekt innført av Utdanningsdirektoratet. Luster kommune får kr 100 000,- kvart år i prosjektperioden, 2016–2019. Midlane skal gå til til kjøp av IKT-utstyr og kompetanseheving av lærarar, til dømes gjennom kurs og samlingar i Oslo.

IKT

Innføringa av IKT i alle fag og digital ferdigheiter som ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene, gjer det viktig å ha ei brei satsing på IKT både når det gjeld programvare, maskinvare og pedagogisk bruk. Våren 2016 byrja opplæringa av programpakka Microsoft 365. Dei ulike tenestene innanfor 365 som t.d. OneNote, OneDrive og Teams er no mykje brukt både i klasseromma og som samarbeidsverktøy i lærarpersonalet.

Det er etablert eit lokalt fagnettverk av IKT-kontaktar/pedagogar som har møte eit par gonger i halvåret. Skuleåret 2017/18 er det tilsett ressurslærer IKT i 20 % stilling. Hovudoppgåver for ressurslærer er å rettleia skulane og leia det lokale fagnettverket innan IKT.

Skulane tok hausten 2016 i bruk Visma Flyt Skule som skuleadministrativt system. I tillegg har skulane også byrja å bruka Visma Sampro som reiskap for digitale individuelle opplæringsplanar innan spesialpedagogiske tiltak.

Inn på Tunet

Nokre grunnskuleelevar får tilbod om alternativt pedagogisk opplegg i delar av skuleveka .

Den praktiske opplæringa utgjer ein sentral del av opplegget. Det finst tre «Inn på Tunet»-tiltak som grunnskulen nyttar pr. i dag. Alle tiltaka er i tilknytning til gardsbruk. Finansieringa av dei pedagogiske tiltaka skjer over budsjettet og spes.ped.ressursen til den enkelte skule.

Leksehjelp

Leksehjelp vert gjeve på 4.-7. trinn i skulane i Luster. Inneverande skuleår er det 140 elevar som nyttar leksehjelpordninga, i fjor var det 143 elevar som takka ja til ordninga. Leksehjelp er gratis. Elevane på 4.-7. trinn får tilbod om leksehjelp to timar per veke. Organiseringa er ulik frå skule til skule for å tilpassa ordninga best mogeleg lokalt.

Nyutdanna

Kunnskapsdepartementet og KS har inngått avtale om å arbeide målretta for at nyttilsette og nyutdanna pedagogar i skule og barnehage skal få eit tilbod om rettleiing. I Luster har me ei eiga mentorordning og eit eige program for nyttilsette med 4–5 samlingar per semester. Temaa som har gått igjen dei siste par åra er: klasseleiing, vurdering for læring, tilpassa opplæring og spesialundervisning, læreplanforståing og lesing som grunnleggjande ferdigheit. Oppfølginga vert samordna for alle skulane og barnehagane i Luster kommune. Det er også tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane ikring kursinga for dei nyutdanna, særleg temaet klasseleiing. I år deltek deltek meir enn ti lærarar på nyutdanna/nyttilsettprogrammet, og det er same omfang deltakarar som i fjor.

Erasmus+

Luster kommune deltek for første gang i eit europeisk skuleprosjekt. Saman med partnerar i fem andre land (Danmark, Island, Irland, Hellas og Kroatia) har Luster søkt om midlar til eit prosjekt kalla RECEPTION (Role of Early Childhood Education in Positive Transition / Induction Outcomes for New pupils) som skal vara frå 2016-2019. Hovudtema er kvalitet i begynnaropplæringa og overgangen barnehage–skule. Prosjektet er finansiert av midlar frå EUs utdanningsprogram Erasmus+. Det vert arrangert to samlingar kvart år. Så langt har 10 lærarar og rektorar frå oppvekstsentra inkludert kommunalsjef oppvekst delteke på dei tre samlingane som har vore arrangert i 2016 og 2017. Luster står som vertskap for den siste samlinga i prosjektet, mai 2019. Skuleåret 2017/18 skal oppvekstsentra gjennomføra ein såkalla «case study» og synleggjera refleksjonane og *best practise* gjennom ein kort videofilm.

Samarbeidspartar

Skulane samarbeider tett med Sogn PPT om enkeltbarn og systemarbeid. Dei to siste åra har det vore arrangert eigne fagdagar for dei fem samarbeidskommunane og PP-tenesta. Skulane samarbeider elles med Sogn barnevern, helsestasjonen og BUP. Tverrfaglege team (HSP-team) er samansette av personar frå helse, sosial og psykisk helse. Teama har faste møte på alle skulane. Oppvekst samarbeider med folkehelsekoordinatoren når det gjeld førebyggjande arbeid og fleire enkeltprosjekt, t.d. «Saman for barna i Luster»

Kompetanse for kvalitet – vidareutdanning for lærarar

Strategien *Kompetanse for kvalitet* strekk seg 10 år frametter i tid. Luster har vore blant dei kommunane i Sogn har som har hatt flest lærarar på vidareutdanning. Målet er at vidareutdanninga for lærarar skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa for å styrka elevane si læring. Skuleåret 2017/18 er det sju lærarar som tek 30 studiepoeng vidareutdanning, fordelt på engelsk (5 sk) og norsk (2 stk). Førre skuleår var det 11 lærarar som tok vidareutdanning innafor *Kompetanse for kvalitet*-ordninga. Kommunen får støtte til frikjøp av lærarar og eventuell studieavgift frå Utdanningsdirektoratet.

215 Skulefritidsordninga (SFO)

SFO er eit friviljug tilbod om ein trygg og god stad å vera for skulebarn på 1. – 4. klassesteg, før og etter skuletid, og i skuleferiar. I SFO skal barna få tilsyn og omsorg ut frå lokale og individuelle behov. SFO skal vera ein stad for leik, tryggleik og trivsel, og det skal leggjast til rette for fysisk aktivitet, god helse og tiltak for auka sosial kompetanse. Barna skal ha medverknad i val av aktivitetar. Det vert gjeve SFO-tilbod i alle krinsar, med unntak av Veitastrond. I skuleferiar er det tilbod i Gaupne og på Hafslo. Inneverande skuleår er det 124 barn som nyttar tilbodet om SFO, 36 av desse har 100 % plass.

Elevar i SFO 2017/18

Skule/barnehage	2016/17	2017/18
Luster oppvekstsenter	9	5
Gaupne skule	62	44
Hafslo barne- og ungdomsskule	30	37
Indre Hafslo oppvekstsenter	11	12
Jostedal oppvekstsenter	10	9
Skjolden oppvekstsenter	4	6
Solvorn oppvekstsenter	7	11
Sum	133	124

223 Skuleskyss

Elevane i grunnskulen i Luster vert årleg registrerte for den strekninga der dei har krav på skyss. Dette gjeld også elevar som har fått denne retten på individuelt grunnlag, då som regel grunna farleg skuleveg. Vinteren 2016 vart eit kommunalt reglement for skuleskyss vedteke av kommunestyret. Det er fylkeskommunen som står for drift og oppsett av skuleskyssen i samarbeid med kommune og transportselskap. I 2018 vert det innført eit web-basert skuleskyssprogram som heiter KRINGOM. Luster er pilot i region Sogn for innføring av programmet.

213 Luster vaksenopplæring (LVO):

I september 2016 vedtok kommunestyret at Luster sjølv skal ta ansvaret for opplæring av vaksne flyktningar busett i kommunen med rett og plikt etter introduksjonslova. Med grunnlag i dette starta LVO opp drifta i Grandmo lagshus i august 2017. LVO er organisatorisk og administrativt lagt til NAV medan det overordna faglege ansvaret er lagt til kommunalsjef oppvekst. Opplæring i norsk og samfunnsfag er hovudoppdraget for LVO. Det er lagt opp til tett samhandling med frivillige lag og organisasjonar, der Luster Frivilligsentral

er ein sentral aktør. Det er også etablert tett og godt samarbeid med biblioteket. Overordna mål med opplæringa er overgang til arbeid og/eller vidare utdanning.

Grunnskuleopplæring for vaksne iflg. § 4A i opplæringslova

Personar som har behov for fornya grunnskuleopplæring, t.d. på grunn av sjukdom, skade eller mangelfull dugleik innan einstilte skulefag, har rett på slik opplæring. Vaksne utan fullført grunnskule kan også ha slik rett. Skuleåret 2017/18 vert dette tilbodet organisert gjennom tenestekjøp ved Sogndal vaksneopplæring og gjennom samarbeid med Sogndal kommune og Sogndal vidaregåande skule i ordninga *Grunnskule for ungdom (GMU)*.

202 Pedagogisk psykologisk rettleiingsteneste (PPT)

I juni 2015 konkluderte kommunestyret med at Luster slutta seg til samarbeidsavtalen om felles PP-teneste i Sogn saman med Vik, Leikanger, Sogndal og fylkeskommunen. Aurland slutta seg til samarbeidet frå og med august 2016. Sogndal kommune er vertskommune for den interkommunale PP-tenesta.

Hausten 2017 vart det inngått samarbeidsavtale mellom Vik, Sogndal, Leikanger og Luster om felles logopedteneste. Tenesta vert organisert via Sogn PPT. Luster sin del er 43 % stilling av totalt 1,5 årsverk.

Styringsmål 2018 - Grunnskule

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2018
				Luster 2017	Landet 2017	
Felles alle	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra / EDB sak og arkiv	-	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap 2016	101	-	<100
	M	KS 10-faktor medarbeidarundersøking (snitt 3 skular, 5 oppvekstsenter)	BedreKommune 2017	4,1		4,3 (2019)
	M	Sjukefråver	Fråversstatistikk 2016	3,6		<5,0
Grunnskule	B	Grunnskulepoeng	Skoleporten 2016/17	40,9	41,4	41,5
	B	Elevmotivasjon 7. trinn 10. trinn	Elevundersøking 2016/17	4,0	4,0	4,1
				3,5	3,5	3,6
	B	Trivsel 7. trinn 10. trinn	Skoleporten 2016/17	4,4	4,4	4,5
				4,2	4,2	4,3
B	Mobbing på skulen 7. trinn* 10. trinn*	Skoleporten 2016/17	1,4	1,3	1,0	
			1,1	1,3	1,0	

Nasjonale prøver	Nasjonale prøvar – 5. trinn (2016/17)		Luster	Landet	Mål 2017	
	B	Lesing	Skoleporten	50	50	51
	B	Engelsk	Skoleporten	50	50	50
	B	Rekning	Skoleporten	51	50	51
	Nasjonale prøvar – 8. trinn (2017/18)		Luster	Landet	Mål 2017	
	B	Lesing	Skoleporten	50	50	51
	B	Engelsk	Skoleporten	50	50	50
	B	Rekning	Skoleporten	52	50	51
	Nasjonale prøvar – 9. trinn (2017/18)		Luster	Landet	Mål 2017	
	B	Lesing	Skoleporten	55	54	55
	B	Rekning	Skoleporten	55	54	55
	Resultat eksamen – 10. Trinn 2016/17		Luster	Landet	Mål 2017	
	B	Norsk hovudmål skriftleg	Skoleporten	3,5	3,4	3,6
	B	Engelsk skriftleg	Skoleporten	xx	3,8	3,9
	B	Matematikk skriftleg	Skoleporten	3,6	3,4	3,6

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

* Nasjonale prøvar vert frå og med skuleåret 2014/15 lagt om og det vert laga ein ny poengskala. Difor er det først frå skuleåret 2015/16 at ein kan setja opp nye samanliknande mål.

xx Luster kommune fekk ingen klassar opp i engelsk skriftleg eksamen skuleåret 2016/17.

Budsjett og årsverk 2018

Tal i 1000 kr.

Funksjon	Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
202 GRUNNSKOLE	79930	77071	3,7
213 VOKSENOPPLÆRING	-	200	-
215 SKOLEFRITIDSTILBUD	1664	1772	-6
222 SKOLELOKALER	9692	9344	4
223 SKOLESKYSS	2150	2300	-7
SUM	93436	90687	3

Kommentarar til tabellen:

- 202: Etterprøving av budsjetttramme pågår. Det skal vere budsjettert med driftsrammer tilpassa aktivitet 2017/2018. På fellesområde skule er det vidare budsjettert med nedtrekk av ramme med 2,5 million kroner.
Reduserte råde til eiga skuledrift/fordeling på skulane med 2,5 mill. Målsetjing;
-Noko reduksjon spes.ped, frå eit svært høgt nivå, – 1 million.
-Nedtrekk på råde i skulemodell, fordeling mellom skulane, -1 mill.
-Heimelsregulering, inndraging av unytta heimel Luster ungdomsskule, - 0,5 mill.
Auka betaling for elevar i andre kommunar.
- 213: Luster vaksenopplæring har eit budsjett i 2018 på om lag 2 mill. Dette vert dekkja av statstilskot.
- 215: oppskreven inntektsside.
- 223: budsjettert på erfaringstal 2017.(jf regulering i 2017.)

Årsverk:

2015	117,5 årsverk (ikkje samanliknbart med tidl.)
2016	114,5 årsverk
2017	120,3 årsverk
2018	

Særskilt om 2018

- Oppstart av det toårige prosjektet *Inkluderande barnehage- og skulemiljø* saman med dei andre kommunane i regionen. Regionale ressurspersonar dekkja av statlege midlar. Prosjektet vert også sett i samanheng med kompetanseheving / gjennomføring av regional plan for psykisk helse. Eige fagnettverk for skulemiljø med alle skulane
- Språkkommune vår- og haustsemesteret 2018. Ressurspersonar, lokale nettverk og statlege samlingar. Bruk av kompetanseutviklingspakken *Språkløyper* på alle einingar. Totalt statleg tilskot for 2017 og 2018 kr 730 000,-.
- Ungdomstrinnsatsinga med vekt på skriving som grunnleggjande ferdigheit og vurdering for læring vert formelt avslutta desember 2017, men ressursen til kommunal ressurslærer på 20 % vert forlenga t.o.m. våren 2018 for å få kontinuitet gjennom skuleåret. Satsinga vert sett i samanheng med språkkommune-satsinga.
- Lokale fagnettverk barnehage og 1.-2 trinn (overgang som tema), 3.-7. trinn (skriving) og 8.-10. trinn (skriving)
- Innføring og oppfølging av ny plan for tilpassa opplæring. Oppfølging gjennom lokalt fagnettverk
- Gjennomgang av budsjettmodell for oppvekst, særleg med vekt på delingsressurs og tildeling av spes.ped.ressursar, styrkingstiltak 1-4 og tidleg innsats.
- Høgt omfang i norskopplæring for minoritetsspråklege elevar. Kompetanseheving for lærarar gjennom rettleiing frå Høgskulen på Vestlandet avdeling Bergen og gjennom lokale og regionale fagnettverk
- Framhald innføring og vidareutvikling IKT-satsing Microsoft 365 og Programmering som valfag. 20 % stilling som kommunal ressurslærer pedagogisk bruk av IKT 2017/18
- Deltaking i europeisk prosjekt Erasmus+ med tema kvalitet i begynnaropplæring og overgang skule og barnehage. Samlingar i Kroatia og Danmark i 2018. Gjennomføring av case study våren 2018. Prosjektet er finansiert gjennom tilskot frå EU
- Vidareutdanning av lærarar kompetanse for kvalitet, 2017/18 særleg vekt på vidareutdanning i engelsk inneverande skuleår
- Vidareutvikling av prosjekt oppvekstbibliotek med satsing på innhaldssida
- Nedtrekk på økonomisk råde til skulane.(1,0 +1,5 mill.)

Øp;

- Ytterlegare tilpassing av økonomisk redusert ramme.

Tenesteområde Helse

Organisering

Tenesteområdet er organisert som ei sjølvstendig eining leia av helsesjefen. Det overordna ansvaret for folkehelsearbeidet er lagt til folkehelsekoordinator i stab hjå rådmannen.

Overordna mål og delmål

Overordna mål:

- Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale helse- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, rehabilitering og behandling.

Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle og betre evna til tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Vidareutvikle korttidsavdelinga og øyeblikkeleg hjelp plassane.
- Ha god kontroll og kvalitet på tildeling av tenester og ressursbruk.
- Ha eit godt tilbod til gravide og til barn/unge 0-20 år som fremjar psykisk og fysisk helse, gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggjer sjukdom og skader.
- Ha eit godt fungerande miljøretta helsevern.
- Ha ei fagleg sterk og godt dimensjonert fastlegeteneste med god trening i akuttmedisin.
- Ha ei godt utstyrt og – drifta legevakt med god samhandling med ambulansetenesta.
- Ha ei tilgjengeleg og fleksibel rehabiliteringsteneste.
- Ha lågterskeltilbod med høg kompetanse innan psykisk helse.
- Vere god på koordinering og fagleg oppfølging av kommunen sitt førebyggjande rusarbeid, samt av den einskilde rusmiddelbrukar.
- Vidareføre og vidareutvikle folkehelsearbeidet.
- Utvikle ein felles og målretta informasjonsstrategi.

Tenester og oppgåver – generelt

232 Helsestasjon/skulehelseteneste/jordmorteneste:

Fødselsførebuande kurs og svangerskapskontrollar. Følgje opp ny nasjonal retningsline for det helsefremmande og førebyggjande arbeidet i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. Lågterskeltilbod. Fokus på barnet si vekst utvikling, psykisk og fysisk helse. Støtte og styrke foreldrerolla. Bidra til å førebyggje, avdekke og avverje vald, overgrep og omsorgssvikt. Heimebesøk og 14 ordinære konsultasjonar barn 0-5 år. Ekstra oppfølging ved behov. Faste tider på kvar skule med open dør. Delta i tverrfaglege ansvarsgrupper, ev som koordinator, og i samarbeidsmøte med foreldre, skule, barnehagar og andre fagmiljø. Delta i kriseteam. Råd og rettleiing til foreldre, barnehagar og skular. Delta i foreldremøte og undervisning på ulike klassetrinn (pubertet, samliv, rus, psykisk helse, fysisk aktivitet, kost m.m.). Fyrste gongs undersøking av alle flyktningar og oppfølging av barn/barnefamiliar.

233 Smittevern/reisevaksine:

Tilby influensavaksineringsprogrammet og utføre influensavaksineringsprogrammet til definerte målgrupper. Tilby reiseråd, reisevaksine og utføre TBC kontrollar av aktuelle grupper. Tuberkulose-kontroll etter aktuelle retningslinjer av definerte grupper. Delta i revisjon i regi av miljøretta helsevern. Gje råd og rettleiing til barnehagar og skular.

233 Samfunnsmedisin:

Miljøretta helsevern gjeld alt som verkar på helsa, t.d. ureining i vatn, luft, støy, inneklima, radon, drikkevatt og badevatn. Godkjenning av campingplassar, skular og barnehagar mm. Samarbeid med miljøhygienikar (interkommunalt), mattilsyn og helsesøster. Oppfølging av samhandlingsreforma med vekt på tolking og bruk av folkehelseprofilar og samhandlingsbarometeret. Støtte opp under lokalt ØHD-tilbod og bidra til fagutvikling i omsorgstenesta.

233 Folkehelse:

Helsestasjon/skulehelsetenesta har stor merksemd på førebyggjande og helsefremjande arbeid. Sentralt i dette arbeidet er å oppdage tidleg og tidleg innsats. Fysioterapitenesta gjennomfører trening for eldre med vekt på styrke og balanse (Betre balanse) på omsorgssentra i samarbeid med frivillige, og styrketrening for dei over 70 år på Luster Treningssenter (SeniorSirkel).

Folkehelseoversikt (FHO):

FHO skal gje grunnlag for eit systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid, og skal ha opplysningar og vurderingar om befolkningsamansetning, oppvekst/levetår, fysisk og sosialt miljø, skader/ulykker, helserelatert atferd og helsetilstand. Kommunen skal ha ein løpande oversikt og kvart fjerde år skal det utarbeidast eit omfattande oversiktsdokument som skal føreligge ved oppstart av arbeidet med planstrategi. FHO skal danne grunnlag for strategiar, mål og tiltak forankra i plansystemet etter plan- og bygningslova. FHO Luster kommune 2016 – 2020 vart vedteke av kommunestyret 21.4.2016. I møte fatta kommunestyret eit vedtak i 11 punkt. Arbeidet med oppfølging av vedtaket vil bli vidareført i 2018.

Frisklivssentralen Sogn:

Frisklivssentralen Sogn er ein interkommunalt helsefremjande og førebyggjande helseteneste for Leikanger, Luster og Sogndal. Leikanger trekker seg ut av samarbeidet frå 2018. Drifta for 2018 er etter avtale fordelt slik: Luster 45% og Sogndal 55%. Målgruppa er personar i alle aldrar som ynskjer ei livsstilsendring, har auka risiko for eller som har utvikla sjukdom og treng oppfølging til å endra levevanar og å meistra sjukdom.

Aktuelle tilbod frå Frisklivssentralen Sogn:

- Individuell rettleiing og motivasjonssamtale for å endre levevanar knytt til fysisk aktivitet, kosthald, snus- og røykeslutt.
- Ulike lærings- og meistringstilbod som: Kurs i depresjonsmeistring for studentar og vaksne. Bra-Mat kurs, sluttakurs, kurs for pårørande til personar med minnesvikt og demens, kurs om mat for eldre, smertemeistringskurs, hjelp til etablering av sjølvhjelp og sjølvhjelpsgrupper, kosthaldskurs for flyktningar i introduksjonsprogram mm.
- Gruppetilbod i alle dei tre kommunane innan fysisk aktivitet.

Nokre av tilboda blir finansiert av prosjektmidlar i ein utprøvningsfase. Frisklivssentralen samarbeider med fagmiljø i kommunane, fylkeskommunen, frivillige lag og organisasjonar, private, Helse Førde og Høgskulen. Aktivitet og kurstilbod i begge kommunar.

SLT Politiråd Luster, Leikanger og Sogndal

Kommunane Luster, Leikanger og Sogndal har etablert eit regionalt SLT Politiråd (SLT = Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak).

- SLT er ein modell for samordning og ikkje eit aktivitetsprogram. Målet er å få meir ut av allereie igangsette tiltak ved at forskjellige sektorar støttar og utfyller kvarandre sitt arbeid. Særleg fokus: Barn og unge.
- Organet er eit samarbeid mellom dei tre kommunane, der kvar kommune har ei undergruppe/arbeidsgruppe lokalt.
- Organet er forankra i kvar kommune ved ordførarane og representant(ar) frå administrasjonen, og politiet ved regionlensmann.

Luster Danseverkstad

«Ung til ung» formidling gjennom dans. Sidan starten i 2006 har frivillig ungdom vært ung-instruktørar og gitt hundrevis av barn og unge dansegledde i sine lokalmiljø i Luster. I tillegg til å være utøvande dansarar, unginstruktørar og koreografar, jobbar instruktørane bevisst med å vere gode førebilde for elevane. Instruktørane har dansetilbod i Gaupne, Hafslo og Luster. Kommunen har inngått avtale om kjøp av teneste med leiar for *Dans utan grenser* for å ivareta arbeidet med danseverkstaden.

Aktuelle tiltak i samarbeid med frivillige lag -/org. og Luster frivilligsentral.

- Aktivitetstorget ME’N’U er ein ungdomsstyrt, rusfri møteplass for ungdommar i heile kommunen (13-17 år). Det er organisert med ungdomsstyre og styringsgruppe. Størst deltaking er det ved aktivitetar som kveldsope skitrekking og open idrettshall.
- Basistrening 4-7 klasse i Gaupne; initiert av kommunen og blir drifta av frivillige organisasjonar. Tilbodet blei starta opp hausten 2016, og har hatt ei deltaking på om lag 35 born kvar gong.
- FriMoro (friluftsdagar for barn) – vart gjennomført for 5. gong i 2017. I overkant av 70 born deltok begge dagar. Ungar frå dei ulike bygdene møtest og har to dagar fylte med friluftaktivitetar. Tilbodet er gratis og målgruppa er 4 – 7 klasse.

Trygge lokalsamfunn (TL):

TL er eit WHO- konsept som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigheit og samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske skilje som metode for å førebygge skader og ulykker. Forsking viser at denne arbeidsmetoden har effekt, og at ulykkesrisiko for mange grupper og type skader kan reduserast med 25 – 40 % dersom ein klarer å mobilisere sentrale instansar som næringsliv og frivillige organisasjonar i tiltaksarbeidet lokalt. Luster kommune har oppfylt krava og vart sertifisert i 2016 som Trygt lokalsamfunn. Folkehelserådet er styringsgruppe og der er 4 satsingsområde:

- Trygge eldre – førebygging av fall
- Trygg skuleveg – gå/sykle til skulen
- Folkehelseoversikt
- Lokal skaderegistrering

Ambulant buteam(AB)/tverrfagleg buoppfølgingsteneste

AB er eit samarbeidsprosjekt mellom flyktingtenesta/NAV, rus- psykiatri, servicetorg og eigedom. Fokus er å fremja meistring i eige liv, knytt til forhold rundt det å bu. AB er oppfølgingspunkt i Bustadsosial handlingsplan.

242 Interkommunalt krisesentertilbod:

Luster sitt krisesentertilbod vert ivareteke av eit interkommunalt samarbeid med Flora som vertskommune. Krisesenteret skal oppfylle kommunane sine plikter om krisesentertenester etter *Lov om Krisesenter* §§ 1 og 2. Tilbodet skal sikre eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vold eller trugsmål om vold i nære relasjonar. Helse forvaltar kommunen sitt driftstilskot til krisesenteret i Sogn og Fjordane. Grunnlaget for tildelinga er KS Sogn og Fjordane sin modell for tildeling av driftstilskot.

Senter for incest og seksuelle overgrep:

Senter for incest og seksuelle overgrep er lokalisert til Førde(SMISO). Senteret som ble etablert i 2012, er finansiert med 20 % frå dei fleste kommunane i fylket og resten frå Staten. Senteret er eit dagtilbod med tilbod om eine-samtalar, temakveldar, sjølvhjelpstilbod mm. Det vil og bli arbeidd førebyggjande mot skular.

Staten har gjeve føringar om at det skal vere eit overgrepsmottak i kvart fylke, gjerne knytt til eit av legevaktssamarbeida. Dette er eit kommunalt ansvar, for både seksualisert vold og vold i nære relasjonar, og kommunane i fylket har gått saman om slikt tilbod. Mottaket er plassert på SYS-IKL (Sunnfjord og Ytre Sogn interkommunale legevaktssamarbeid) som er fysisk lokalisert ved Førde Sentralsjukehus.

241 Fysioterapi:

Privat praksis og kommunal fysioterapi. Fysioterapeutar undersøker og behandlar, driv opptrening og rehabilitering etter operasjonar, sjukdom, skade, ved funksjonssvikt, sjukdom/plager i muskel- og skjelettsystemet mm. Behandlinga føregår individuelt og/eller i grupper. Spesialkompetanse blant fysioterapeutane i bl.a. manuell terapi og trigger-punktbehandling. Kommunale fysioterapitenester ved omsorgssentra og i korttidsavdelinga - heimebesøk ved behov. Driv «Betre balanse»- grupper og deltek i anna førebyggjande arbeid. Leiande fysioterapeut deltek i koordinerande eining (KE) og er ansvarleg for elektronisk IP.

241 Allmennlegeteneste:

Drift av fastlegeordninga. Ha tilstrekkeleg kapasitet til å møte etterspurnad på kontrolltimar og augeblikkeleg hjelp. Rekruttering og utdanning av spesialistar i allmennmedisin, opplæring av turnuslegar (LIS1), studentar (frå UIB) og legevikarar. Dekke behov for strukturert rettleiing til legar som har behov for dette. Sjukeheimslege; besøk 2ggr per veke ved Luster omsorgssener og dagleg besøk på KA. Intern-opplæring kvar veke. Fokus på fagutvikling. Høg standard og trening på akuttmedisin. Ligge i forkant med IKT utvikling, spesielt med meldingsutveksling eksternt. Ta i bruk ny og fagleg rett teknologi for å gje best mogleg tilbod, under dette videokonsultasjonar med spesialisthelsetenesta, nye fagprogram, e-portal i kommunikasjon med pasientane samt SMS varsling av legetimar.

241 Ergoterapi:

Tilbod til brukarar i alle aldersgrupper. Kartlegging av funksjonsevne/-tap og treningsbehov. Funksjonstrening og tilrettelegging av omgjevnader for fysisk funksjonshemma, inkludert hjelp til syns- og hørselshemma. Fagkontakt rørsle, syn, hørsel. Kontaktperson NAV hjelpemiddelsentral og formidling av hjelpemiddel. Leiar for Hukommelses team og medlem i bustadrådgevingsgruppa. Førebyggjande tilbod i samarbeid med fysioterapeut, folkehelsekoordinator og frivillige. Ansvar for TT-skyss og Service-skyss.

254 Psykisk helsevern:

Psykisk helseteam arbeider både førebyggjande og behandlande, med samtalebehandling individuelt og i grupper. Det vert arbeidd aktivt med fagutvikling og gode lågterskeltilbod. Dagtilbod 2 dagar per veke på "Huset" som er eit tilbod for samtaler og aktivitetar, samt på "Bruvoll" - eit eige butilbod. Heimebesøk til brukarar og rettleiing til tilsette i omsorgstenesta. Fokus på fysisk aktivitet. Teamet har tilbod om fysisk aktivitet med miljøterapeut/aktivitør, og har avtale om trening ved treningssenteret. Gjennomføring av KID kurs (depresjonsmeistring). Leiar er koordinator i psykososialt kriseteam. Psykisk helseteam deltek etter behov. Psykolog arbeider mot alle aldersgrupper og utøver klinisk arbeid, familieterapi og krisearbeid. Psykolog er kommunen sin AKAN kontakt og utfører intern rettleiing. Viktige prosjekt 2018; Etablering og drift av Rask psykisk helsehjelp

241 Legevakt:

Akuttberedskap 24 timar alle dagar. Legevakt med godt utstyrt akuttbil. Kjøper LV-telefon-sentraltenester av Lærdal kommune. Bruk av naudnett og øvingar i lag med ambulansetenesta. Følgje opp bakvaktfunksjon til ikkje vaktkompetente legar etter eige prosedyre. Satsing på fagutvikling og periodevis innleige av vikarar for å redusere vaktbelastning.

243 Rusomsorg:

Ruskonsulenten gjev eit individuelt tilpassa tenestetilbod til alle som har eit rusproblem. Fokus på førebygging, behandling og rehabilitering. Oppfølginga består av individuelle samtalar, heimebesøk, rettleiing, kartlegging, arbeid med familiar, koordinering, oppfølging på arbeids- og treningssenter, eller anna arbeid/aktivitetstiltak. Tett samarbeid med interne og eksterne instansar. Tenesta er styrka med eigen erfaringskonsulent i ei prosjektstilling, der målsetjinga er auka hjelp til personar med rusproblem til å koma seg i arbeid/aktivitet.

Styringsmål 2018

Styringsmål			Datakjelde	Status		Mål 2018
				Luster	Landet	
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra / EDB sak og arkiv	0	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjæringsvedtak	Registrering	0	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Rekneskap Visma	99 %		<= 100 %
	M	KS 10-faktor medarbeidarundersøking (snitt)	Betre Kommune 2017	4,2		4,3 (2019)
	M	Sjukefråvær	Fråværsstatistikk	3,9 %	-	< 6,0 %
Helse	B	Gjennomføringsgrad heimebesøk til nyfødde innan 2 veker	SSB/ Registrering	96,2 %	-	95 %
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking innan utg av 8. leveveke	SSB/ Registrering	100%	-	100 %
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking 2 – 3 år	SSB/ Registrering	100 %	-	100 %
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking ved 4 års alder	SSB/ Registrering	100%	-	100 %
	B	Gjennomføringsgrad helseundersøking 1. klasse.	SSB/ Registrering	100 %	-	100 %

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

- Sjukefråværsutviklinga er positiv.
- Gjennomføringsgrad heimebesøk til nyfødde vil variere fordi det er ikkje alle som ynskjer heimebesøk.

Budsjett og årsverk 2018 - Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017®	Endring i %
232	FOREBYGGING - HELSESTASJONS- OG SKOLEHELSETJENESTE	4173	4016	3,9
233	ANNET FOREBYGGENDE HELSEARBEID	2810	2579	8,9
241	DIAGNOSE, BEHANDLING, RE-/HABILITERING	11519	14146	-18,5
243	TILBUD TIL PERSONER MED RUSPROBLEMER	891	817	9
	SUM	19393	21558	-10

- 232: Vidareføring, oppretting, løns- og prisvekst.
- 233: Auka kostnad Frisklivssentralen (100'), tilskot til folkehelsekoordinator frå FK(150') er avslutta.
- 241: Endring pga. kostraomlegging der psykisk helse vert flytta til 254 (omsorg).
- 243: Reduksjon i statstilskot.(50')

Årsverk:

2015 21,5 årsverk (inkl. folkehelsearb 1,5 årsv. 2015)

2016 21,8 årsverk

2017

2018

I framlegget for 2018 er det reduksjon i fysioterapitilbodet ved at ein fysioterapeut går over til pensjon og vert ikkje erstatta. Ergoterapeut går frå 100% til 80% stilling.

Særskilt om 2018:

- Drøfting av Agenda Kaupang rapporten, gjennomgang av Helseområdet, for vidare utviklingsarbeid og økonomisk ramme for tenesta.
- Rekruttering i legetenesta, tal fastlegar vert uendra i framlegget.
- Legevaktorganiseringa i Luster vert utfordra av nye nasjonale krav, mellom anna ny akuttmedisinforskrift. Det er stilt krav om vaktkompetanse for leger og dei som ikkje har dette må ha ein bakvakt. Dagens legeavtaler gjer at det må leigast inn meir enn 100 vakt døgn for legevakt. Nye ordningar peikar på endå «sjeldnare» vakt og dermed endå meir vikarbruk og dette er ikkje framtidretta. Stor bruk av vikarar utfordrar kvalitet og tryggleik og det har høg kostnad. Mogleg løysing kan vere å gå inn i ein interkommunal legevakt. Vik, Leikanger, Sogndal og Luster arbeider med eit utgreiingsarbeid der felles legevakt vert vurdert. Legevaktordninga er eit viktig rådevilkår som blir avgjerande når vi skal rekruttere legar. Unge legar ynskjer ikkje heimebasert legevakt der dei er aleine. Kommunestyrevedtak legg til grunn vidare utgreiing og vurderingar av både lokale og interkommunale alternativ i 2018.
- Ev delta i forsøk med fylkes-Legevakt- telefonsentral, innspel frå Helsedirektoratet.
- Delta i- og innføre *Kommune BEST* som er eit nasjonalt program for å betre kompetansen og samhandlinga i den akuttmedisinske kjeda prehospitalt.
- Implementere Nasjonal fagleg retningsline for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet i helsestasjon
- Revidere Plan for legetenesta.
- Revisjon av smittevern plan (forenkling) og pandemiplan.
- Vidareutvikle innsatsen i rusfeltet kor det nå er etablert eit kompetent team med ruskonsulent, psykolog og erfaringskonsulent. Psykologstillinga blir delfinansiert medan erfaringskonsulenten er det fullfinansiering på. Tilskotet er gjeve for eit år men ein kan søkje årleg i inntil 3 år (så lenge styrking av rusarbeid er eit nasjonalt satsingsområde). Målsetjinga er å få fleire personer med rusrelaterte problem ut i jobb og/eller meningsfull aktivitet. Tiltaket medfører ei klar styrking av rusarbeidet i kommunen.

- Tenestebil psykisk helse/rus. Mange pasientar/klientar må køyrast til aktivitetar, besøk i spesialisthelsetenesta mm og treng fylgje. I dag blir dette gjort med tilsette sine bilar.
- Etter søknad fekk Luster eit tilskot på kr. 1 164 600,- til å utvikle eit tverrfagleg samarbeid i høve buoppfølging og innføre modellen *Housing First* i 2017. Fokus er å fremja meistring i eige liv, knytt til forhold rundt det å bu. Prosjektet vil bli vidareført i 2018.
- Kommunen deltek i prosjekt; *Etablering og Drift av rask psykisk helsehjelp*. I 2017 var stønadsbeløpet 1.005.000, 2018 500.000 og for 2019 400.000. Det er tilsett prosjektleiar.
- Kommunen har fått tilskot på kr. 1 005 000,- til etablering av tilbodet *Rask psykisk helsehjelp (RPH)* i samarbeid med Frisklivssentralen Sogn. Tilbodet skal vere eit gratis lågterskeltilbod for dei over 16 år med ulike angstproblem og/eller depresjon av lett til moderat grad, samt søvnproblem. Målet er å gje eit tilbod innan ein til to veker. RPH er etablert i 18 kommunar og Luster er ein av 13 kommunar i landet som nå startar opp og er med i nettverksgruppe i regi av Helsedirektoratet. Etableringsfasen går over 3 år med nye tilskotsmidlar kvart år.
- *Saman om barna i Luster kommune* er eit prosjekt som kommunen har motteke kr. 1 000 000,- (over 2 år) i tilskot til frå Bufdir. Det skal i dette utarbeidast og innførast ein heilskapleg digital modell som viser korleis kommunen arbeidar for å sikre tidleg identifikasjon, oppfølging og hjelp til utsette barn. Det er krav om opplæring av tilsette og at modellen blir lagt ut på heimesida. Kommunen får rettleiing av Bufdir i dette arbeidet.
- *Systematisk og tverrfagleg foreldrestøtte* er eit prosjekt der kommunen har motteke tilskot til frå Bufdir, kr. 800 000,- som går over 4 år. 10 – 12 tilsette skal ha opplæring og bli sertifiserte kurshaldarar i foreldrestøttande program. Det er krav at kommunen skal utarbeida eit systematisk foreldrerettleiingsprogram frå 0 - 5 år.
- Kommunen har motteke kr. 500 000,- i tilskot for å utvikle ny arbeidsform/modell for tenesta rehabilitering-/habilitering som er i tråd med nasjonal opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017 – 2019. Kommunen skal som del av dette utarbeida ein oppdatert plan for habilitering og rehabilitering.
- Arbeidet med å etablere Friskhuset frå 01.01.19 skal vidareførast; renovering av bygg, avtale med treningssenter og strategi for fysioterapiaktivitet, anna aktivitet i tiltaket.
- Vidareføre koordinatorfunksjonen i SLT/politirådsamarbeidet (eksternt finansiert).
 - Ta i bruk ny og fagleg rett teknologi og vidareutvikle bruk av fagprogram.
 - Vidareutvikle bruk av E-portal i kommunikasjon med pasientar og samarbeidspartnarar.
 - Ta i bruk og vidareutvikle dei moglegheitene som ligg i telemedisin.
 - Delta i «spleiselag» for felles kommunal stilling som samhandlingskoordinator. Kostnad 50.000 per år (finansiert av reserve/tilleggslyyving).

Tiltak 2018 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak
<ul style="list-style-type: none">• Leggje til rette for- og ta i bruk digitale løysingar der det er føremålstenleg.• Arbeide aktivt og systematisk med fag og fagutvikling.• Vidareutvikle tenester, organisering og drift ved helsesenteret.• Prioritera verkemiddel som reduserer sosiale ulikheiter i helse og levkår.• Leggja til rette for lågterskel behandlings- og oppfølgingstilbod innan psykisk helse.• Prioritera verkemiddel som reduserer sosiale ulikheiter i helse og levkår.• Utvikla og etablera lågterskel tilbod som organiserte aktivitetar i bygdene, turstiar, badeplassar m.m.

Driftsendingar etter 2018 (økonomiplan):

- Tilpassing til økonomisk driftsramme for tenesta.
- Starte opp *Friskhuset*.
- Vidareføre arbeidet med ny legevaktorganisering med overgang til IKL.
- Vurdere oppretting av fast stilling erfaringskonsulent.
- Vurdere revisjon av Helse- og omsorgsplan 2010 – 2021.

Tenesteområde Omsorg

Organisering

Tenesteområdet er organisert i 5 tenesteeiningar; Luster omsorgssenter, Gaupne omsorgssenter, Hafslo omsorgssenter, Grandmo busenter og Arbeids- og treningssenteret (ATS).

Overordna mål og delmål

Overordna mål:

Alle brukarar med eit fagleg definert behov for kommunale pleie- og omsorgstenester skal få naudsynte førebyggjande tenester, ØH- tilbod, rehabilitering, behandling, pleie og omsorg

Delmål:

- Styrke den helsefremjande og førebyggjande innsatsen.
- Vidareutvikle dagtilbod for eldre heimebuande og dagtilbod for demente.
- Vidareutvikle og betre evna til førebyggjande arbeid, tidleg innsats, individuell tilpassing og fleksibilitet basert på BEON prinsippet (beste effektive omsorgsnivå).
- Styrke helse- og omsorgstilbodet til heimebuande med stort omsorgsbehov.
- Vidareutvikle heildøgns teneste i omsorgsbustad og omsorgsplass.
- Vidareutvikle og styrke korttidsavdelinga, ØH – tilbodet og demensomsorga.
- Ta i mot alle ferdigbehandla pasientar frå sjukehus.
- Gje tilbod om sjukeheimplass, omsorgsplass eller bustad med heildøgns teneste til brukarar med fagleg definert behov.
- Vidareføre og vidareutvikle satsinga på digitalisering og velferdsteknologi.
- Gje yrkeshemma eit godt tilpassa og meiningsfylt arbeids- og opplæringstilbod.
- Legge til rette for og kontinuerleg arbeide for at tilsette får størst mogleg stillingar.
- Utvikle ein felles god og målretta informasjonsstrategi.
- Auka samarbeidet med frivillige organisasjonar.

Tenester og oppgåver – generelt

Tenester og oppgåver kan fordelast på følgjande funksjonar:

- Hjelp i heimen
- Butilbod utanfor institusjon
- Institusjon
- Aktivisering – eldre og funksjonshemma
- Aktivisering – Arbeids- og treningssenteret (ATS)

Verktøyet ”IPLOS” (Individbasert PLeie- og OmsorgsStatistikk) vert brukt ved vurdering av medisinske og pleierelaterte behov (og nivå for tenestetildeling), samt behov for sjukeheimplass. Verktøyet sikrar ei grundig og einsarta vurdering av alle pasientar og bidrar til gode interne prioriteringar. Alle kommunar vart frå 2006 pålagde å bruke ”IPLOS”.

254 Hjelp i heimen

Heimehjelp – praktisk bistand til daglege gjeremål:

Målet med tenesta er å gje heimebuande med særlege hjelpebehov praktisk bistand i heimen og ivareta eigenomsorg og personleg stell. Brukaren skal i størst mogleg grad takast med i gjeremåla. Brukar betalar ein eigendel i månaden ut frå husstanden si inntekt. Det kan - etter individuelle vurderingar - gjevast tilbod innan følgjande område (jf. regelverk haust 2010):

- Reinhold av kjøkken, stove, soverom, bad/toalett og gang/entre og oppvask. Vask av vindauga - maks 2 gongar pr. år. Vasking av brukaren sine klede
- Personleg hygiene t.d. av- og påkleding, hjelp til dusj/hårvask.
- Sengeskiift.
- Hjelp til å sette opp handleliste, bestille varer og gjere innkjøp frå næraste butikk dersom handelsstanden ikkje bringar varer.
- Tillaging av tørrmat, oppvarming av middag, hjelp til å bestille middag frå omsorgssenteret.
- Opplæring/trening i daglege oppgåver.

Praktisk bistand - opplæring:

Målet med tenesta er å gjere den enkelte brukar mest mogeleg sjølvstendig i dagleglivet. Dvs. hjelp til å skapa/oppretthalde eit sosialt nettverk, opplæring i husarbeid, matstell/innkjøp, personleg hygiene, påkledning, klevask, økonomi, burettleiing og til å strukturere kvardagen.

Matombringing:

Dette vert tildelt heimebuande som grunna helse- eller funksjonssvikt ikkje greier å lage varm mat sjølv. Middagen vert levert av frivillige og/eller heimetenesta.

Tryggleiksalarm:

Tenesta vert, etter individuell vurdering, tildelt åleinebuande utan tilsyn delar av døgnet. Søkjar må vere klar og godt motivert. Alarm til Alarmsentralen (Florø). Alarmen kan verte formidla attende til pårørande eller heimesjukepleie. Ingen akuttberedskap.

Heimesjukepleie - pleie og omsorg utanfor institusjon:

Tenesta er døgnbasert. Behov for heimesjukepleie må vera grunna i helsesvikt. Gruppa av brukarar er samansett og ein brukar kan vere mellombels eller kronisk sjuk, skada, funksjonshemma eller alvorleg sjuk. Heimesjukepleie kan ikkje tilby følge til lege/sjukehus eller tenester som vert dekkja av andre tenester, t.d. heimehjelp.

Dagsenter:

Føremålet med tenesta kan være hjelp til eigenomsorg, sosial støtte, aktivisering og opplæring i daglege gjeremål. Dagsenter er eit gratis tilbod for alle bebuarar ved eldresentra.

Individuell plan (IP):

Brukarar med behov for langvarige og koordinerte tenester frå det offentlege har rett til IP. IP er eit verktøy for samarbeid og skildrar tenester som brukar har behov for. IP synleggjer eit forpliktande samarbeid og ei ansvarsfordeling mellom ulike einingar.

Brukarstyrt personleg assistanse(BPA):

BPA er ei alternativ organisering av praktisk og personleg hjelp til personar med funksjonshemming som har behov for dagleg bistand, både i og utanfor heimen. Brukar har rolla som arbeidsleiar med ansvar for organisering, rettleiing og innhald, alt innan dei tidsrammer som kommunen sitt vedtak gjev.

Omsorgsstønad:

Dette er ei ordning som skal gje kompensasjon til personar med særleg tyngjande omsorgsoppgåver. Omgrepet "særleg tyngjande" inneber at oppgåvene må vare ei viss tid og ha eit omfattande omfang. Denne tenesta er som oftast ei delteneste i tillegg til andre tenester.

265 Butilbod utanfor institusjon**Omsorgsbustadar:**

Omsorgsbustad vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein leiger bustaden og denne vert sett på som brukaren sin heim. Bustaden er lagt til rette for funksjonshemma. Leigetakar kan få heimetenester på vanleg måte. Ei samling av omsorgsbustader vert kalla eldresenter. Det er 3 eldresenter i kommunen (Hafslo, Luster og Gaupne) og følgjande fordeling av omsorgsbustader :

Hafslo:	16
Luster:	18
Gaupne:	36 (27 i Gaupne, 9 Grandmo)
Sum	70 omsorgsbustadar i kommunen

Omsorgsplassar med heildøgns tenester:

Omsorgsplassar vert prioritert til personar med fysiske/psykiske pleie- og omsorgsbehov. Ein kan, som heimebuande, få tenester frå heimetenesta. Ein leiger husværet og dette vert sett på som brukaren sin heim. Straum og alle måltid (frukost, middag, kaffi og kveldsmat) inngår i husleiga. Måltida blir serverte på stova på gruppa. Det vart i 2017 etablert 28 omsorgsplassar ved Gaupne omsorgssenter og 18 på Hafslo omsorgssenter – alle med heildøgns tenester.

Tildeling av omsorgsbustad og omsorgsplass:

Tildeling av bustad skjer etter ei samla vurdering av søkjaren sin fysiske, psykiske og sosiale situasjon. Dette inneber at det ikkje vert teke omsyn til kor lenge søkjaren har vore registrert med søknad til omsorgsbustad eller omsorgsplass med heildøgns tenester.

261 Institusjon:

Kommunen sitt institusjonstilbod vert gjeve i form av 30-33 langtidsplassar ved Luster omsorgssenter og 8-12 korttidsplassar ved Gaupne omsorgssenter (i korttidsavdelinga/KA). To av plassane i KA er kommunale akutte døgnplassar (KAD). Den samla institusjonskapasiteten i kommunen er frå 2017 38 – 45 plassar.

Kommunen sitt tildelingsteam står for tildeling av omsorgsbustadar, omsorgsplassar med heildøgns tenester, institusjonsplassar og transport-/parkeringskort for funksjonshemma. Teamet er samansett av leiar for omsorgstenesta, leiar av Gaupne omsorgssenter/stedfortredar for leiar av omsorgstenesta og helsesjef/kommuneoverlege. Det er møte kvar veke og det vert ført protokoll frå møta.

Institusjonstilbodet har følgjande plasskategoriar:

- Langtidsopphald.
- Korttidsopphald.
- Augeblikeleg hjelp opphald (KAD).
- Tidsavgrensa opphald (utredning/behandling, rehabilitering), avlastningsopphald, dagopphald og nattopphald.

Dei fleste nye som får plass i institusjon blir tildelt "Tidsavgrensa opphald". Dette er gjerne pasientar som treng opptrening, rehabilitering eller utredning/behandling. Ved tildeling veg medisinsk-faglege forhold tyngst. Særleg vanskelege sosialmedisinske forhold vert og vektlagde. Ved kvar tildeling vert *alle* aktuelle pasientar vurderte.

Dagopphald er eit aktiviseringstilbod for heimebuande eldre for å motverke einsemd og sosial isolasjon. I tenesta inngår middag og transport til og frå omsorgssenteret. Aktivitetsstova ved sjukeheimane har fast opningstid og aktivitetar som song, kulturinnslag, musikk, bingo og baking. Stova er open for pasientar ved omsorgssenteret, bebuarar i omsorgsbustadar og omsorgsplassar, samt heimebuande. Fotpleiar og frisør kjem til omsorgssentra etter avtale.

234 Aktivisering, eldre og funksjonshemma

Støttekontakt:

Støttekontakt vert nytta overfor born, unge og vaksne med psykiske problem, yngre og eldre funksjonshemma og familiar med samansette problem. Støttekontakten si oppgave er å hjelpe den enkelte til ei meningsfull fritid. Oppgåvene kan innebera sosialt samvær, aktivisering og følge til fritidsaktivitetar.

Avlastning utanfor institusjon:

Tenesta er avlastningstiltak for personar/familiar med eit særskilt tyngande omsorgsarbeid. Avlastningstiltak kan vera besøksheim eller avlastningsbustad der tilsette i heimetenesta avlastar dei som får tenesta. Enkelte funksjonshemma barn kan ha eit så stort omsorgsbehov at dette overstig foreldra si omsorgsevne. I slike høve vil det føreliggja ei hjelpeplikt, som å tilby avlastning.

Ressurskrevjande tenester:

Dette er tenester til brukarar med store/samansette hjelpebehov. Det blir, i tett dialog med pårørende/brukar, fatta vedtak i høve tenester som omsorgsløn, støttekontakt, avlastning, besøksheim, praktisk bistand, opplæring, brukarstyrt personleg assistanse mm.. Behov og innsats innan dette er som elles i landet aukande og det er eit eige øymerkt statstilskot til ordninga som sler inn når hjelpebehovet vert stort.

Dagtilbod for demente:

I tråd med nasjonale føringar og kommunestyret sitt vedtak frå april 2016 vart det frå februar 2017 etablert eit dagtilbod for demente ved Hafslo omsorgssenter.

273 Aktivisering - Arbeids- og treningssenteret (ATS)

Hovudoppgåva til ATS er opplæring og arbeidstilbod til yrkes-/utviklingshemma (dagtilbod). Tilbodet er behovsprøvd. Søkarar kan få eit tilbod under føresetnad av at det er ledig plass og at det finst høvande oppgåver å tilby. Senteret har i dag ca. 30 yrkeshemma arbeidstakarar på fast plass og eit varierende tal yrkeshemma på ulike mellombelse avtalar.

Det vert lagt stor vekt på trivsel, meiningsfulle oppgåver tilpassa den einskilde og kontakt med lokalsamfunnet gjennom dei varer og tenester som vert produserte. ATS er den største vedprodusenten i distriktet og for andre produkt og tenester har ein etterkvart oppnådd godt tilpassa tilbod både for arbeidstakarar og kundar. ATS tilbyr i tillegg til dei faste plassane også mellombelse plassar for brukarar frå NAV, Sogneprodukter, Fretex, Sogndal Vidaregåande skule mfl. Senteret jobbar tverrfagleg og på tvers av avdelingsgrenser. Tilbodet er under utvikling og justering for å kunna gje eksisterande og nye arbeidstakarar eit best mogeleg tilpassa og variert tilbod innafør tilgjengelege ressursar.

Det er viktig å oppretthalde eit relativt stort volum (brukarar og arbeidsoppgåver) for å kunne gje aktuelle nye brukarar gode og tilpassa tilbod, samstundes som eit stort volum sikrar betre moglegheit til å gje dagens brukarar eit godt og individuelt tilpassa tilbod.

ATS har tredobla tal brukarar over ein periode på 12-15 år. Dette har skjedd utan vesentleg auke i løyvde midlar, og har vore mogleg ved at:

- Brukarar med evne til å yte hjelp får gjere det som ein del av sin jobb.
- Samarbeid med heimetenestene for brukarar som treng mykje oppfølging.
- Auka inntening som følgje av auka sal av varer og tenester.

ATS kan tilby følgjande oppgåver til sine brukarar:

- Vaskeri (rulling av dukar, gardiner, utleige av dukar, reparasjon av arbeidstøy).
- Vedproduksjon, inkludert transport ut til kundar.
- Matlaging/kantinedrift/catering.
- Digitalisering/scanning av bilete og dokument.
- Fruktleveranse til arbeidsplassar.
- Grøntarbeid/hagestell og gravstell.
- Vaktmeisteroppgåver og drift av lager for hjelpemiddel.
- Internt transportrute for tøy og matrute
- Postruter
- Riving og pakking av bomullstøy
- Pakking av strøsand
- Monteringsarbeid, inkl. div. pakking
- Flyttehjelp
- Makulering
- Snekkeroppgåver og bygging av minibygg mm.
- Utplassering i andre verksemder

Styringsmål 2018

Styringsmål		Datakjelde	Status		Mål 2018	
			Luster	Landet		
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist	Kostra /EDB sak og arkiv, Geric	0	-	0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringsvedtak	Registrering	0	-	0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre: <ul style="list-style-type: none"> Luster omsorgssenter Gaupne omsorgssenter Hafslo omsorgssenter Grandmo busenter ATS 	Rekneskap Visma			< 100 %
	M	KS 10-faktor medarbeidarundersøking (snitt Omsorgstenesta + ATS)	Betre kommune 2017	3,7		4,0 (2019)
	M	Sjukefråvær: <ul style="list-style-type: none"> Luster omsorgssenter Gaupne omsorgssenter Hafslo omsorgssenter Grandmo busenter ATS 	Fråværsstatistikk		11,7 %	< 7,0 % < 7,0 % < 7,0 % < 8,0 % < 6,0 %
Omsorgstenesta	B	Andel årsverk med fagutdanning: <ul style="list-style-type: none"> Luster omsorgssenter Gaupne omsorgssenter Hafslo omsorgssenter 	SSB/KS i prosent SSB/KS i prosent		72,75 %	75 %
	B	Liggedøgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar	Samhandlingsbarometeret	0	16,3	0
	B	Avvik knytt til legemiddelhandtering: <ul style="list-style-type: none"> Luster omsorgssenter Gaupne omsorgssenter Hafslo omsorgssenter Grandmo busenter 	LKK		-	10
	B	Avvik knytt til fall med brot: <ul style="list-style-type: none"> Luster omsorgssenter Gaupne omsorgssenter Hafslo omsorgssenter Grandmo busenter 	LKK		-	0

B	Avvik knytt til screening – ernæring:	LKK		-	0
	• Luster omsorgssenter				
	• Gaupne omsorgssenter				
	• Hafslo omsorgssenter				
	• Grandmo busenter				

B = Brukarmål, M = Medarbeidarmål, Ø = Økonomimål

Kommentar til tabellen:

- Ny organisering frå 1.1.2017 gjer at ein ikkje har statustal for dei nye einingane.
- Eit noko dårleg resultat på andel årsverk med fagutdanning skuldast i stor grad at bu-assistentar og heimehjelp er med i grunnlaget.

Budsjett og årsverk 2018

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
234	AKTIVISERING OG SERVICETJENESTER OVERFOR ELDRE OG FUNKSJONHEMMEDE	15793	9078	74
253	BISTAND, PLEIE, OMSORG, I INSTITUSJONER FOR ELDRE OG FUNKSJONHEMMEDE	36109	36021	-
254	BISTAND, PLEIE OG OMSORG TIL HJEMMEBOENDE	81819	78079	5
261	INSTITUSJONSLOKALER	1414	-1450	
265	KOMMUNALT DISPONERTE BOLIGER	-3383	-5079	33
273	ATS	3928	3711	6
	SUM	135680	120370	13

Kommentarar til tabellen:

- 234: Auken skuldast redusert statstilskot, to nye tiltak samt løns- og prisvekst.
- 253: B-18 er teke noko ned i høve B-17.
- 254: Auken skuldast ei teknisk kostraomlegging der psykisk helse no vert ført her.
- 261: Endringa skuldast i hovudsak ei teknisk kostraomlegging der Hafslo omsorgssenter no vert ført på funksjon 265.
- 265: Endringa skuldast i hovudsak forventade reduserte inntekter på utleige. Budsjett 2017 var feil/vidarebetaling til bustadstiftinga var ikkje teke inn i tilstrekkeleg grad. Fleire bueiningar står tomme.
- 273: Auken skuldast i hovudsak løns- og prisvekst og budsjettendring 2017 m/styrking av budsjetttramme på 150' som ikkje er med i bud 2017.

Årsverk:

2015 175,2 årsverk
2016 167,5 årsverk
2017 167 årsverk
2018

Særskilt om 2018

Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak frå 21. april 2016 (sak 28/16).
Starte/førebu evaluering av omstillings-/utviklingsarbeidet mot årsskiftet -18/19.

Velferdsteknologi:

Det er installert nytt digitalt varslingsanlegg på Hafslo. Erfaringane med dette vil bli lagt til grunn for vidare utbygging ved dei to andre omsorgssentra og i private heimar. Luster deltek i eit større regionalt prosjekt saman med 9 andre kommunar. Målet med prosjektet er å innføre velferdsteknologiske løysingar som; digitalt tilsyn, sjuke-signalanlegg og medisineringsstøtte. Nasjonalt velferdsteknologi-program ligg til grunn for arbeidet. *Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT)* er ansvarleg for drift av prosjektet.

IKT og digitalisering:

Det er gjennomført ei kartlegging av maskinpark, møterom, programvare mm. og det vert lagt opp til gradvis utskifting og oppgradering. Det vil under dette bli lagt vekt på vidareutvikling av systemet med meldingsutveksling, telemedisin og aktiv bruk av elektronisk pasientjournal og dokumentasjonssystem. Det er ei målsetjing at alle aktuelle bygg i omsorgstenesta har trådlause nettverk. Denne utbygginga vert gjort i eigen regi og arbeidet vil halde fram i 2018.

Førebyggjande arbeid:

Det vil bli arbeidd aktivt med vidareutvikling av etablerte tiltak og innføring av nye. Døme på dette er balansetrening, dagtilbod for eldre heimebuande, SeniorSirkel, førebyggjande heimebesøk og kvardagsrehabilitering.

Habilitering og rehabilitering:

Kommunen har motteke kr. 500 000,- i tilskot for å utvikle ny arbeidsform/modell for tenesta habilitering og rehabilitering i tråd med nasjonal opptrappingsplan 2017 – 2019. Kommunen skal som del av dette utarbeida ein oppdatert kommunal plan for habilitering og rehabilitering. Arbeidet med innføring av kvardagsrehabilitering vert ein del av dette prosjektet.

Demensomsorg:

Arbeidet med etablering av Hafslo omsorgssenter som eit kompetansesenter for demensomsorg vil bli vidareført i 2018. Luster er under dette tildelt kr 500 000 for deltaking i nasjonalt utviklingsarbeid saman med 13 andre kommunar. Målsetjinga er å utvikle og prøve ut modellar for systematisk oppfølging etter demensdiagnose med vekt på god informasjon, betre behovsdekking, kontinuitet og tryggje tenester med gode tilbod på lågast mogleg nivå. Prosjektet vil gå over fleire år og det kan søkast om midlar for kvart år ein deltek. Luster er tidlegare tildelt eit statstilskot på kr 351 650 til drift og utvikling av dagtilbodet på Hafslo. Det vil bli søkt om statlege midlar til dette tilbodet også i 2018.

Fag- og fagutvikling:

Arbeidet med fag- og fagutvikling vert eit prioritert område i tida framover. Det er konkludert med at ein i vidare arbeid skal ta utgangspunkt i *Pasientsikkerhetsprogrammet*. Det vil bli arbeidd med utvikling av system, prosedyrar og avvikshandtering knytt til ernæring, medikamentbruk, fallførebygging mm, samt rekruttering og kompetaneutvikling.

Byggutviklingsprosjekt Grandmo busenter:

Det er starta prosjektarbeid med planlegging av renovering av hovudbygget og bygging av nye bustadar ved Grandmo busenter. Prosjektet er viktig for å sikre god og naudsynt bustadkapasitet og tenestetilbod til grupper av brukarar som vil auke i tida som kjem. Det vert planlagd med delfinansiering via Husbanken sitt investeringstilskot, med søknad om dette i 2018. Det bør vere ei realistisk målsetjing at ny bygningsmasse er klar til bruk medio 2020.

Organisasjonsutviklingprosjekt Grandmo busenter og tilgrensande tenester:

Det vil bli sett i gang eit OU prosjekt med vurdering av- og etablering av ei tidsriktig organisering av tenestene til dei aktuelle brukargruppene. Prosjektet vil bli gjennomført parallelt med byggprosjektet.

Vidareutvikle tilbodet ved ATS:

Kompetanseutvikling og fleire oppgåver med større variasjon og utfordringar. Auka oppgåver innafør transport, grøntarbeid, vaktmeister-arbeid, kjøken m.m. Utvikla nye arbeidsoppgåver, samstundes som ved-produksjonen vert teken noko ned.

Regionalt samarbeid:

Luster har i 2017 delteke i eit regionalt samarbeid i form av ein forstudie initiert og leia av Lærdal kommune. Styringsgruppa, med representantar frå Lærdal kommune, Pwc og Helse Førde, har i sluttrapporten etter forstudien tilrådd følgjande:

«Styringsgruppen anbefaler å starte det interkommunale samarbeidet ved å opprette et bo- og omsorgstilbud til psykisk syke på mellom 20-25 plasser i Lærdal kommune».

Det er lagt opp til at arbeidet skal vidareførast i 2018 i eit forprosjekt, og kommunane som deltok i forstudien er invitert til å delta i dette forprosjektet.

Luster kommune er positive til eit fagleg regionalt samarbeid, men ynskjer ikkje å gå vidare i eit forprosjekt med målsetjing om etablering av eit bo- og omsorgstilbud i Lærdal kommune.

Dette i hovudsak fordi Luster kommune ynskjer å gje tilbod til eigne innbyggjarar i eigen kommune, i tråd med nasjonale føringar og eige planar om utvikling av det aktuelle tenestetilbodet. Luster er samstundes open for å vurdere tenestekjøp frå eit ev. framtidig tilbod i Lærdal kommune.

Tiltak 2018 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak
<ul style="list-style-type: none">• Leggje til rette for- og ta i bruk digitale løysingar der det er føremålstenleg.• Arbeide aktivt og systematisk med fag og fagutvikling.• Vidareutvikle tenester, organisering og drift i kommunen sine 3 omsorgssenter.• Vidareutvikle tenester, organisering og drift samt fornye det bygningsmessige ved Grandmo busenter.• Vidareutvikle tenester, organisering og drift samt nye tiltak ved ATS.

Driftsendringar etter 2018 (økonomiplan)

- Vurdere revisjon av Helse- og omsorgsplan 2010-2021.

Tenesteområde Sosiale tenester

Organisering

Tenesteområdet består av NAV Luster og Sogn barnevern. NAV Luster er eit partnerskap mellom stat og kommune og Sogn barnevern ei interkommunal teneste mellom kommunane Leikanger, Sogndal, Balestrand og Luster - med Sogndal som vertskommune.

Overordna mål

- Fremja økonomisk og sosial tryggleik, betre levekår for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Prioriterte grupper er ungdom, flyktingar, einslege forsørgjarar og barnefamiljar.
- Gje opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebyggja sosiale problem og tilbod om gjelds- og økonomirådgeving til personar som har utfordringar.
- Tett oppfølging av mottakarar av økonomisk sosialhjelp og aktiv bruk av arbeidsmarknadstiltak for å få flest mogleg over i arbeid/aktivitet og hindre ny-rekruttering av sosialhjelp mottakarar.
- Kommunen skal tilby aktivitetstiltak for personar som har arbeid som eit langsiktig mål og som i dag tildeles økonomisk stønad.
- Kvalifiseringsprogrammet skal bidra til at fleire kjem over i arbeid og aktivitet.
- Integrering av flyktingar gjennom introduksjonsprogrammet på heiltid og fulltid, med norskopplæring, arbeids- og språkpraksis og tett samarbeid med dei frivillige organisasjonar for ein meningsfull fritid.
- Medverke til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.
- Sikre at barn og unge, som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.
- Samarbeide tett med andre faggrupper for å sikre best mogleg tenesteyting, og for å gje eit samla godt tenestetilbod til brukarar.

Tenester og oppgåver – generelt:

242 Sosial rådgjeving og 281 Økonomiske sosialhjelp/-rettleiing:

Økonomisk stønad (sosialhjelp) er ein del av samfunnets økonomiske sikkerheitsnett og skal sikre at alle har nok midlar til livsopphald. Hjelpa er meint å vere midlertidig og skal bidra til å gjere den enkelte mottakar sjølvhjelpen, skape sosial tryggleik og betre levevilkår. Hjelpa kan ytast som bidrag, lån eller garanti for lån, og er ei skjønnsmessig yting der alle søkjarar har krav på individuell vurdering ut frå sitt behov. Sosial ulikskap er meir enn noko anna knytt til arbeidslivet og det er eit mål at alle skal være i stand til å forsørgje seg sjølv.

Råd og rettleiing i forhold til eigen økonomi er svært viktig i arbeidet med sosialhjelp. Føremålet er ikkje bare å løyse eksisterande problem, men å førebyggje at problem oppstår. Tilbodet kan innebere rettleiing i samband med oppsett av hushaldsbudsjett og til å få oversikt over eigen økonomi. Det vert arbeidd saman med brukar for å finne årsaker til overforbruk og tiltak for å redusere forbruket. Slikt arbeid gjev gode resultat hos mange av brukarane. Det skal difor gjevast tilbod om gjelds- og økonomirådgeving til personar som har utfordringar. Det vert og gjeve hjelp til å førebu saker for namsmannen der ein ikkje har kome til ei løysing med kreditorane og brukar stettar krava til å få gjeldsordning.

276 Kvalifiseringsprogrammet:

Programmet rettar seg mot personar med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne. Det handlar i stor grad om personar som - utan eit slikt program - ville vore avhengig av økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde over lengre tid. Programmet er eit tilbod om opplæring og arbeidstrening, det skal bestå av arbeidsretta aktivitetar i kombinasjon med andre tiltak som kan forberede overgang til arbeid. Programmet skal vere heilårleg og på full tid. Rettleiar og brukar skal saman planlegge innhaldet i programmet. Det er viktig at brukar har stor medverknad på innhaldet i programmet og får tilpassa oppfølging.

281 Flyktingtenesta:

Luster har sidan 2010 teke i mot flyktingar i “nyare tid”. Per november 2017 er det sidan 2010 busett totalt 100 flyktingar i Luster. I mars 2015 vart det vedteken ny strategi for integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktingar som gjev mål og overordna føringar for flyktingarbeidet i kommunen. Flyktingane har rett og plikt til å delta i introduksjonsprogrammet med opplæring i norsk og samfunnskunnskap, samt arbeids- og språkpraksis. Programmet skal vere på heiltid og fulltid. Innhaldet skal være individuelt tilrettelagt og ta utgangspunkt i den einkilde sin bakgrunn og kompetanse. Målet er normal deltaking i arbeids- og samfunnsliv og økonomisk sjølvstende.

213 Luster vaksenopplæring (LVO):

I september 2016 vedtok kommunestyret at Luster sjølv skal ta ansvaret for opplæring av vaksne flyktingar busett i kommunen med rett og plikt etter introduksjonslova. LVO starta opp drifta i Grandmo lagshus i august 2017. LVO er organisatorisk og administrativt lagt til NAV, mens det overordna faglege ansvaret er lagt til kommunalsjef oppvekst. Det er lagt opp til tett samhandling med frivillige lag og organisasjonar, der Luster Frivilligsentral er ein sentral aktørar. Det er også etablert tett og godt samarbeid med biblioteket. Overordna mål med opplæringa er overgang til arbeid og/eller vidare utdanning.

251 Barnevernsteneste i familien:

Hjelpetiltak i heimen er som hovudregel frivillig tiltak der familien har samtykka til hjelp. Fleire familiar tek i mot hjelpetiltak av ulik karakter frå barnevernstenesta. Sogn barnevern har fokus på å gje rett tiltak til det enkelte barn og familie/heim og har eigne stillingar for tiltaksarbeid i familien.

252 Barnevernsteneste utanfor familien:

Plassering av barn utanfor heimen skjer både i fosterheim og institusjonar, alt etter behova til barnet. Slike plasseringar skjer både etter samtykke (frivillig) og ved omsorgsovertaking. Dette er ressurskrevjande tiltak som vert gjort når det ikkje er mogleg å avhjelpe situasjonen ved hjelpetiltak i heimen. Barnevernstenesta er pålagt ved lov både å følgje opp barn som er plasserte og familien til barnet etter plassering. Tenesta har som mål å i større grad unngå omsorgsovertakingar ved å sette inn gode rettidige hjelpetiltak i heimen for å betre omsorgssituasjonen til utsette barn

283 Tilskot til etablering/tilpassing:

Det ligg to tilskotsordningar i funksjon 283. Bustadtilskotet skal medverke til etablering i eigen bustad og til å sikre eigna bustader for vanskelegstilte på bustad-marknaden. Tilskotet skal og sikre at vanskelegstilte kan bli buande i ein eigna bustad. Det kan òg søkjast om

tilskot til tilpassing av bustad dersom nokon i husstanden har nedsett funksjonsevne og har særskilde behov for å gjere bustaden betre eigna. Kommunen blir tildelt midlar frå Husbanken, og føretekt tildelinga.

Andre stønadsordningar frå Husbanken:

Startlån: Husbanken gjev lån til kommunen for vidare utlån til enkeltpersonar. Startlån skal syte for at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalda denne. Føremålet med startlånet er at det skal bidra til gode løysingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden slik at disse kan få eit trygt og godt buforhold. Nye retningsliner for tildeling er gjeldande frå 1.4.2014.

Bustønad er ei statleg økonomisk støtteordning for dei som har høge bu-utgifter og låg inntekt. Husbanken forvaltar ordninga og betalar ut midlane. Kommunen tek i mot og registrerer søknadene i Husbanken sitt system.

Styringsmål: - Sosiale tenester i NAV:

Styringsmål		Status Luster				Landet	Mål 2018
		2013	2014	2015	2016		
1	Tal klagesaker	3	1	2	1	-	0
2	Snitt stønadslengde (md) 18-24 år	4,7	4,2 md	2,6	6,9	-	3
	Snitt stønadslengde (md) 25-66 år	4,5	5,5 md	4,0	5,4	-	4
3	Andel som går over 6 md. på stønad	37 %	41 %	21 %	43%	36%	10%
4	Andel mottakarar som får gjeldsrådgeving/ økonomisk rådgeving	-	13	12,55	21	-	25
5	Andel med sosialhjelp som hovudinntektskjelde (av 76 mottakarar)	46,9	40 %	53 %	53,9%	49	35%

Kommentar til tabellen/det einskilde styringsmål:

- 1) Ei klagesak er stadfesta av Fylkesmannen. Totalt tal saker i 2016 var 579.
- 2) Det er eit mål at tid med sosialstønad vert så kort som mogleg. Personar i alderen 18-24 hadde i 2015 eit snitt på 2,6 md (SSB) for 2016 har dette tal aukar til 6,9 md. Denne utviklinga i stønadslengde er negativ. Tal ungdommar er totalt 8, og snitt lengde har samanheng med vedtakstype og supplerings over tid – t.d. vedtak på busskort til vidaregåande skule.
- 3) Personar som fekk stønad over 6 md. har auka frå 21 til 43%. Dette er ei negativ utvikling. Det er eit klart mål at andelen vert redusert. Det er totalt 8 personar med sosialstønad etter 10 md.
- 4) Av tal klientar i 2016 var det 21 som fekk gjeldsrådgeving/økonomisk rådgeving, dette inkluderer både enkelt personar og familiar. Det er ikkje tal å samanlikna med frå SSB. Dette er også eit område det vert arbeidd særskild med.
- 5) Av 76 mottakarar i 2016 hadde 53,9 % sosialstønad som hovudinntektskjelde. Dette utgjør 41 brukarar og mange av desse er flyktingar. Det er eit mål at denne andelen går noko ned.

Sogn barnevern:

Styringsmål		Status Luster				Mål 2018
		2013	2014	2015	2016	
1	Tal mottekne meldingar	44	41	20	20	-
	Tal henlagte meldingar	11	6	2	5	-
	Tal fristbrot oppfølging av meldingar (frist på 7 dg)	0	0	0	0	0
2	Tal avslutta undersøkingar	34	35	25	15	-
	Tal henlagte undersøkingar	11	21	12	6	-
	Tal fristbrot (frist på 3 md.)	7	6	6	0	0
3	Tal barn med tiltak pr. 31.12	78	74	47	37	-
	Andel barn i tiltak pr. 31.12 med tiltaksplan	80 %	69 %	92 %	82%	100

- 1) Når det kjem inn ei *melding* om bekymring for barn skal barnevernstenesta innan 7 dagar avgjere kva som vert gjort med meldinga, anten legge den vekk eller følgje opp. Sogn barnevern hadde ingen fristbrot på oppfølging av meldingar i 2016.
- 2) Når barnevernstenesta har konkludert med at meldinga skal følgjast opp er fristen for å gjennomføre ei *undersøking* tre månader, i særskilde tilfelle kan fristen utvidast til seks månader. Det var i 2016 ingen fristbrot, og kravet i barnevernslova er etterlevd.
- 3) Eit *hjelpetiltak* er som hovudregel eit frivillig tiltak og i alle tiltak skal det liggja føre ein *tiltaksplan*. Tiltaksplanen skal evaluerast jamleg og etter behov, minimum fire gonger i året. Lovkrav og målsetjinga er at alle skal ha tiltaksplan. Sogn barnevern har ikkje klart å oppfylle målsetjinga i 2016.

Budsjett og årsverk 2018

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
242	RÅD, VEILEDNING OG SOSIALT FOREBYGGENDE ARBEID	2031	1789	14
276	KVALIFISERINGSPROGRAMMET	680	650	5
281	ØKONOMISK SOSIALHJELP	10365	11035	-6
283	Bistand til eigen bustad	355	0	
	SUM	13431	13474	0

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017®	Endring i %
244	BARNEVERNTJENESTE	2914	2593	12
251	BARNEVERNTILTAK I FAMILIEN	994	1098	-9
252	BARNEVERNTILTAK UTENFOR FAMILIEN	5763	6165	-7
	SUM	9671	9856	-2

Kommentar til tabellane:

- 242: Auken skuldast ei teknisk omlegging der kommunal stilling no vert ført her
- 244/251/252: Auken på 244 skuldast nye stillingar for å betre tiltaksarbeid i eigen regi. Kostnaden for denne auken vert dekkja inn ved ein reduksjon på 251 og 252.
- Kostra, flytting av stilling ang. bustadsosial forvaltning.

Særskilt om 2018

NAV Luster/sosial kommune:

- Ny *Strategi for integrering av arbeidsinnvandrere og flyktingar 2015-2019* vart vedtek i kommunestyret 5.3.2015. Det vil i 2018 bli arbeidd med oppfølging av denne.
- Prosjekt «Bu-oppfølging og Housing first» starta hausten 2016. Deler av dette arbeidet skal fortsetje i 2018. Det vert arbeidd med permanent løysing på bu-rettleiing, som er eit svært viktig område. Det er eit samarbeid mellom, Helse og NAV.
- Prosjekt «kamp mot barnefattigdom» vert vidareført i 2018 dersom ein får midlar frå direktoratet og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.
- Kommunestyret har i 2015 vedteke at det skal busetjast totalt 65 vaksne flyktingar i perioden 2016 – 2019. Som følgje av færre flyktingar har IMDi revidert sine oppmodingar om busetjing. I skriv frå IMDi i november 2017 vert Luster oppmoda om å busetje 10 vaksne flyktingar i 2018. Familiesameining kjem i tillegg. Det vert med grunnlag i dette planlagd med mottak av minimum 10 flyktingar i 2018.
- Bustadsosial handlingsplan 2015 – 2019 vart vedteke i kommunestyret den 5.3.2015. Det vil i 2018 bli arbeidd med oppfølging av denne. Prioriterte tiltak er:
 - Auka sirkulasjon i bustadmassen ved at fleire eig bustad – «leige til eige». Leigetakar i kommunale bustader med ynskje og potensiale om å eige bustad, får tilbod om kjøp av bustaden dei bur i eller anna kommunal bustad.
 - Startlån til fleire personar med lita betjeningsevne. Kommunen kan ta auka risiko og med dette tildele fleire startlån.
 - Utarbeide nye retningsliner for bustadsosialt arbeid i tråd med sentrale føringar som skal sikre at økonomiske verkemidlar, tildeling av tenester og bustad blir sett under eitt ved tildeling.
 - Samarbeide med privat leigemarknad.
 - Utgreie og vurdere nytt tiltak for fornying av bustadsosialt tilbod Grandmo busenter.
- Gjennomgang av kommunale husleiger inkl vurdering av å ta i bruk graderte husleigesatsar i gjennomgangsbustadane.
- Nasjonale føringar stiller vil no krav til aktivitet for økonomisk stønad for ungdom under 30 år. Dette er fylgt opp med aktivitet frå 1.1.2017, og dette arbeidet vil bli vidareført i 2018. Det bør vurderast om budsjettet bør styrkast på dette område.

Sogn barnevern:

- Sogn barnevern har 2017 prioritert kvalitetsarbeid, og det å sikre god sakshandsaming. Ein konsekvens av dette er at det har vore arbeidd mindre med tiltaksarbeid frå egne tilsette, og ein har berre i avgrensa grad egne tiltaksmedarbeidarar.
- Ved ei auke i personalressursar vil ein få ei styrking av tiltaksarbeid i eigen regi. Dette gjev større kontroll på kostnadsbiletet, og vil kunne gjere det mogleg å leggje til rette for at fleire born kan bu i eigen heim, med tettare oppfølging av Sogn barnevern. Slik kan ein unngå dyre omsorgsplasseringar, utan at det går på kostnad på faglegheita i tenesta sitt arbeid.
- Sogn barnevern legg til grunn at ein i 2018 skal kunne vri noko av økonomien frå kjøp av tenester til tiltaksarbeid. Sjølv om tiltaksbudsjetta er utfordrande å budsjettere, sidan ei kostnadskrevjande omsorgsplassering som oppstår vil måtte skje uavhengig av budsjett, vil auka interne og egne ressursar knytt til sakshandsaming og tiltak, bidra til eit tiltaksbudsjett som speglar dette også på kostnadssida.
- Det er i B-18 lagt inn ei auke på 1,3 stillingsheimlar samla sett (totalt 14,8 stillingar), dette er kostnadsrekna til knapt kr. 600 000,- inklusiv sosiale utgifter. Finansieringa er teke inn gjennom kostnadsreduksjon i tiltaksbudsjettet, samt at det ikkje er lagt inn prisvekst (2,3 %) på tiltakssida.
- Kravet til forsvarlige tenester etter barnevernslova tilseier at alle kommunar må ha tilstrekkeleg og rett kompetanse tilgjengeleg også utanfor vanleg kontortid. Sogn barnevern har såleis som målsetjing å få etablert ei fast døgnbasert barnevernsvakt gjeldande frå januar 2018.
- Sogndal kommune v/Sogn Barnevern tilbyr barnevernsvakt 24/7. Ordninga vil kunne ta til 01.01.18. Kostnad om lag 100.000 pr år. Luster kommune sluttar seg til ordninga og kostnaden er lagt inn i framlegget.

Tiltak 2018 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak
<ul style="list-style-type: none">• Revidera strategi for integrering av arbeidsinnvandrere og flyktninger 2015-2019.• Alle innvandrere i Luster skal ha tilbud om norskopplæring

Driftsendingar etter 2018 (økonomiplan):

Tenesteområde Tekniske tenester

Organisering

Tenesteområdet omfattar stabseiningane Plan, Eigedom og tenesteeininga Teknisk Drift.

Hovudoppgåve Plan:

- Ansvar for kommune- og samfunnsplanlegging, spesielt arealplanlegging
- Forvaltning av areal, byggetiltak og tilskotsordningar.
- Kartforvaltning og oppmåling.

Hovudoppgåve Eigedom

- Drift, forvaltning og utbygging av kommunal eigedom.
- Drift, forvaltning og utbygging av infrastruktur og tenester innan kommunalteknisk område.
- Førebyggjande brannvern (tilsyn, feiing), brann- og beredskapsoppgåver via SBR-IKS.

Hovudoppgåve Teknisk drift:

- Teknisk drift er ei utøvande eining
"Eigedom" sit som "eigar og forvaltar" av alle kommunale bygg og anlegg. Eigedom "kjøper" tenester hjå teknisk drift for å drifte og vedlikehalde bygga og anlegga.

Overordna mål

- Sikre at Luster kommune har eit oppdatert plangrunnlag som til ei kvar tid er i samsvar med overordna mål for utviklinga av kommunen, dvs. areal- og temaplanar som gir prinsipp og retningslinjer for byggje- og utviklingstiltak i kommunen.
- Sikre at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova.
- Yte god service og rettleiing til tiltakshavarar, innanfor dei rammer som gjeld i lovregulerte forvaltningssaker.
- Oppretthalde realkapitalen i kommunal eigedom. Sikre god drift og utvikling av kommunale bygg og anlegg slik at brukarar og medarbeidarar har gode rårer for sine tilbod og sitt virke.
- Gje den kommunale infrastrukturen (VAR) ein standard som gir innbyggjarar og næringsliv tilbod med tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet, samt sikrar gode miljømessige løysingar til så gunstige prisar som mogleg.
- Ha eit kommunalt vegnett som dekker innbyggjarane og næringslivet sitt behov slik at transporttilbodet kan bli trygt og rasjonelt.
- Sikre at kommunen har eit godt nivå på førebyggjande arbeid på teknisk område, samt sikre at generell beredskap og vakt- og beredskapsordningar gjer kommunen budd på unormale hendingar slik at skadeverknader og konsekvensar vert så små som mogleg.

Tenester og oppgaver - generelt

Budsjettmessig har tenestområdet 16 funksjonar og i tillegg er nokre plan-, forvaltnings-, drifts- og utviklingsoppgåver. Desse siste er budsjettmessig plasserte på andre funksjonar direkte eller via interne overføringar.

190 Drift

Budsjettmessig omfattar tenesta driftsutgifter for Teknisk drift, leing, ingeniør v/a, formenn, fagarbeidarar uteseksjon, vaktmeisterar og reinhaldarar, samt kostnader felles maskindrift. Budsjetteknisk legg ein opp til at funksjonen skal balansere, kostnadane vert dekkja opp ved sal av tenester til dei ulike tenestestadane, kommunale bygg og anlegg. Tenesta sel og nokre tenester til kyrkjesektoren, bustadorganisasjonane og private.

Vedlikehaldsavdeling, røyrleggarar, maskinkøyrarar og reparatør, dekkar opp ein relativt stor del av drift og vedlikehald av kommunalt vatn- og avløpsanlegg, kommunalt vegnett og anlegg. Kommunal maskindrift disponerer nokre større maskiner, bla, hjullastar, veghøvel og lastebil med kran.

Kommunen kjøper tenester til brøyting og strøing av vegar, samt meir spesialiserte vedlikehaldsoppgåver på bygg(ventilasjon, elektro mv). Desse utgiftene vert belasta aktuell tenestestad direkte.

Vaktmeistertenesta dekkar heile den kommunale bygningsmassen på driftssida. Snekkarar og målar supplerer for større vedlikehald av kommunale bygg og anlegg basert på årlege vedlikehalds- og byggutviklingsprogram .

Teknisk drift har ansvar for reinhald av alle kommunale bygg, unnateke pleie/omsorg.

265 Kommunale bustader

Kommunen har ein stor bustadmasse. Over halvparten er organisert i stifting (SLU, Stiftinga Luster Utleigebustader), og ein leilegheit i bustadbyggjelag, Steinahagen, med eige budsjett/rekneskap. Bustadmassen dekkar kommunale bustadplikter, sosiale behov, rekruttering og etablering. Utleige er administrert av Servicetorget, og ei bustadnemnd står for prioritering/inntak. Husleigesatsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. Vedlikehalds-oppgåvene vert dekkja av teknisk drift og større arbeid vert gjort når det er skifte av leigetakarar. Rådmannen v/Eigedom, ev SLU, har ansvar for sal og nybygg.

301 Plansak

Tenesta har ansvar for overordna kommune- og samfunnsplanlegging, med vekt på arealplanlegging, oppfølging av kommuneplanen sin arealdel med utarbeiding av reguleringsplanar, forvaltning av desse og handsaming av private reguleringsplanar. Tema- og utviklingsplanar for dei ulike tenestemåle skjer i regi av desse. *Det vert utarbeida årlege planleggingsprogram som følgjer budsjettet/økonomiplanen.*

302 Byggesak

Tenesta er forvaltning og tilsynsoppgåver i medhald av plan- og bygningslova, herunder arealbruksplanar i medhald av lova. Vidare oppgåver er handsaming av byggesøknader, delingssøknader, dispensasjonar frå planar og veglov, utsleppssøknader og avfallsplanar, samt tilsyns- og sanksjonshandsaming i medhald av plan- og bygningslova og ureiningslova. Kommunen sine utgifter til forvaltning etter plan- og bygningslova vert delvis dekkja av kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar.

303 Oppmåling

Tenestestaden skal syta for at kommunen har eit oppdatert offentleg kartgrunnlag for dei føremål som blir omhandla i plan- og bygningslova (§2-1). Nykartlegging og periodisk vedlikehald/oppdatering av kart skjer i all hovudsak gjennom avtalt samarbeid i Geovekst og NorgeDigitalt. Kommunen forvaltar delingslova og matrikkellova og tilhøyrande tenesteproduksjon, herunder registrering i medhald av matrikkellovgjevinga. Kommunen sine utgifter til forvaltning og tenesteproduksjon vert dekkja i kommunal gebyrordning der satsane vert fastsett i årleg sak om kommunale betalingssatsar. ROS-kartlegging, digitalisering av arealplanar og digitalt planarkiv har ansvarsplassering på andre tenestestader.

315 Bustadbygging – bustadfelt

Budsjetteknisk vert det budsjettert nokre mindre vedlikehaldstiltak på kommunale bustadfelt som ikkje går inn under veg, veglys og VA.

Tilskot til spreidd bustadbygging: Kommunen har ytt eit tilskot på kr 75 000,- per tomt til spreidd bustadbygging etter nærare utarbeidde retningslinjer. Ordninga er avvikla frå 01.01. 2017 for nye saker.

Kommunal bustadbygging: Kommunen har store arbeidsoppgåver i å leggje til rette for bustadbygging. Planlegging, opparbeiding og utvikling av bustadfelt. Kommunen har utarbeidd retningslinjer for tildeling av tomter. Jf. elles investerings-/planleggingsprogrammet.

330 Samferdsle

Kommunen sitt ansvar og engasjement er Solvornferja. Det er avtale med Lustrabaatane AS for gjennomføring av ferjeruta. Anbudsperioden for ferja er t.o.m. 2021, ev tosidig opsjon t.o.m. -24. Fylkeskommunen gir tilskot til tiltaket med grunnlag i skuleskys og regional utvikling/ reiseliv, kr 450.000 pr år.

Leige av kai/kaiområde vert ført på funksjonen.

332 Kommunale vegar

Kommunen har eit omfattande kommunalt vegnett, ca. 120 km og plassar/parkeringsanlegg. Vegnettet, fast dekke, grusveg og bruer skal ha kontinuerleg vedlikehald sommar og vinter. Drift og vedlikehald vert gjennomført i eigen regi og med innleige av maskiner. Brøyting vert utført via tilbudskontraktar med private. Det var tilbuds konkurranse i 2017, ny avtale gjeld t.o.m. 30.04.2022. Større tiltak på vegnettet vert gjennomført som anleggsutviklingstiltak med årlege prioriteringar.

Kommunen yter tilskot til vedlikehald av privat veg (33303).

332 Trafikktryggleikstiltak

Med utgangspunkt i kommunal trafikktryggingssplan vert det gjennomført ein årleg prosess for kartlegging, planlegging og gjennomføring av mindre tiltak. Det vert søkt om midlar til tiltaka. Tiltak som får tilskot, vanlegvis om lag 50% av kostnaden, vert prioritert for gjennomføring. Driftsmidlar dekkjer mindre sikringstiltak. Eigendel til ”Aksjon skuleveg” vert finansiert over investeringsplanen.

335 Offentleg toalett

I Luster Kommune er det ein del toalett, som er opne for alle, særleg om sommaren. Det er fleire overnattings- og serveringsverksemdar, bensinstasjonar, butikkar og liknande, som i praksis har toalett som alle kan nytte. Einskilde verksemdar har grunna lokalisering meir ”offentleg” toalettbruk enn andre. Luster Kommune har ikkje driftsansvaret for mange toalett. Offentleg toalett med offentlig driftsansvar er relativt dyrt å drifte.

Her vert budsjettert tilskot til offentlig tilgjengelege toalettanlegg i kommunen og kommunen sine utgifter til eigne anlegg.

338 / 339 Førebygging mot brann og ulukker/beredskap mot brann/ulukker

SBR-IKS har ansvaret for både førebygging og beredskap mot brann/ulukker.

Gjennom SBR-IKS har kommunen ein brann- og ulukkesberedskap som ivaretek kommunen sine plikter i medhald av brannlovgevinga, deltek i ordninga for akutt ureining (IUA) og i det interkommunale selskapet ALSF (Alarmsentralen Sogn og Fjordane).

345 Vassverk

Kommunal vassforsyning er omfattande og kjenneteikna av mange og relativt små vassverk. Vedlikehald av 12 vassverk med m.a. tilhøyrande leidningsnett og basseng. Driftsovervaking av tilknytte vassverk og basseng minimum 2 gonger/dagleg og analyse av vatnet i henhold til drikkevannsforskriften. Vassprøvar vert teke kvar 14 dag. Generelt vedlikehald, lekkasjesøk og reparasjonar etter behov. Talet på vassverk gjev mange utfordringar for å sikra nok og sikker forsyning.

353 Kloakk

Som for vassforsyning er det mange anlegg for drift og ettersyn. Tilsyn på 50 kloakk-pumpestasjonar og driftsovervaking minst 2 gonger/dagleg. Kloakkprøvar vert gjennomført 4-6 gonger i året . Generelt vedlikehald, reparasjonar av pumper og staking av kloakkrøyr.

354 Tømming av slam

Tømming av slamavskiljarar vert gjennomført i regi av Simas. Simas har og ansvaret for fakturering av slamabonnentar. Alt etter type anlegg er det tømming kvart år, anna kvart år eller fjerde kvart år.

355 Renovasjonsordninga

Kommunen får løyst sine oppgåver i det interkommunale selskapet Simas. Selskapet tek seg av innsamlingsordning og handsaming av innsamla avfall.

Simas kjøper tenester frå kommunen v/Teknisk Drift til drift av Miljøstasjonen i Gaupne.

Kommunen har sjølv ansvaret for renovasjon i sentrumsområde, utfartsområde og badeplassar. Føresetnaden er kommunal kostnadsdekning.

Styringsmål 2018

Styringsmål			Datakilde	Status		Mål 2018
				Luster	Landet	
Felles	B	Tal saker med brot på forvaltningslova sitt krav om 3 vekers svarfrist *)	Kostra / EDB sak og arkiv			0
	B	Tal klagesaker m/omgjeringstvedtak	Registrering	1		0
	Ø	Økonomisk resultat i tråd med budsjett eller betre	Registrering Visma			
	M	KS 10-faktor medarbeidarundersøking (snitt, skala 1-6)	BedreKommune 2017	3,8		4,1 (2019)
	M	Sjukefråvær (Teknisk drift)	Fråværsstatistikk 2015	8,3		<5,0
Teknisk	B	Vasskvalitet, prøvar utanfor grenseverdi	Resultat vassprøvar	10		0
	B	Sakshandsamingstid oppmålingsforretning (snitt dg)	Kostra 2013			
	B	Andel søknader om tiltak der kommunen overskrid lovpålagt sakshandsamingstidstid	Kostra 2012			

Budsjett og årsverk 2018

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
190	TEKNISK DRIFT	-111		
315	BOLIGBYGGING OG FYSISKE BOMILJØTILTAK	450	720	-38
330	SAMFERDSELSBEDRIFTER/TRANSPORTTILTAK	2220	2220	-
332	KOMMUNALE VEIER, MILJØ- OG TRAFIKKSIKKERHETSTILTAK OG PARKERING	7740	7703	
333	KOMMUNALE VEIER, NYANLEGG, DRIFT OG VEDLIKEHOLD	-	350	
335	REKREASJON I TETTSTED	280	305	-8
	SUM	10579	11298	-6

190)Sal av reinhald, Luster tannklinikk.

315) Restutbetaling tilskot spreidd bustadbygging.

333)Tilskot private vegar er flytta til 332.

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
301	PLANSAKSBEHANDLING	1234	335	268
302	BYGGE- OG DELESAKSBEHANDLING OG SEKSJONERING	760	692	10
303	KART OG OPPMÅLING	1229	1721	-29
	SUM	3223	2748	17

301) Plan flytta frå adm til plansak.(KOSTRA)

302) Mindreinntekter byggesak.

303) Meirinntekter kart og oppmåling.

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
338	FOREBYGGING AV BRANNER OG ANDRE ULYKKER	761	650	17
339	BEREDSKAP MOT BRANNER OG ANDRE ULYKKER	4740	4595	3
		5501	5245	5

338/339) Kommunalt beredskapsarbeid m/10% stilling er ført her, kompetanseutvikling SBR og løns/prisvekst.

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
345	DISTRIBUSJON AV VANN	-4731	-4110	-15
353	AVLØPSNETT/INNSAMLING AV AVLØPSVANN	-2982	-2531	-18
354	TØMMING AV SLAMAVSKILLERE, SEPTIKTANKER O.L.	-	-100	
355	INNSAMLING AV HUSHOLDNINGSAVFALL	-	-300	
	SUM	-7713	-7041	-10

345/353: Auka inntekter.

Årsverk:

2014 47,8 årsverk

2015 47,1 årsverk

2016 50,1 årsverk (+ reinhaldar, røyrleggjar, byggesak...)

2017 50,5 årsverk (+ oppmåling, reinhaldar)

2018 48,7 årsverk

Særskilt om 2018

Teknisk drift, eigedom og anlegg (190,315,330,332,333,335)

- Formann for vaktmeistarane slutta til 01.05.2017. Me må sjå korleis me skal organisere oss vidare - no "flyt det litt på gammal vane". Større fokus på «teambuilding», digitale løysingar i vidare organisering og drift.
- Utvide overvakingsanlegget innan va. Prioriterer anlegg i utkantanlegga. Dette vil gje tryggare og sikrere drift.
- Arbeide aktivt med lekkasjesøk og førebygging med mellom anna utskifting av gamle leidningar og pluggkøyring/utspyling av vassleidningar. Bruke eige kamera til å sjekke lekkasjar/tilstand på leidningsnettet.
- Nytt toalett er på plass i Solvorn ,i same bygg som kloakkpumpestasjon. Reinhold av toalettet og stell av grøntområder i Solvorn må på plass.
- Arbeide med kartoppfølging med direkte innlegging av hendingar/bilete ute i felten
- Arbeidet med oppfølging av *enøkplan*, gjennomføring av *enøktiltak* og betre styring av energibruken, kompetanseheving, *utnytting/bruk av SD-anlegg skal ha fokus*.
- Arbeid med adresseprosjektet for heile kommunen starta opp i 2014. Adressenamn er i hovudsak vedtekne, og arbeidet med tildeling av adresse er nærmar seg fullført. Arbeidet fortset i 2018 med skilting.
- Det er eit mål om auka aktivitet innan geodataområdet, m.a. via regionalt samarbeid. Det vil på sikt gje vinstar, også på andre forvaltningsområde.
- Kompetansebygging innan eigedomsforvaltning av kommunale bustadar
- Har kjøpt reinholdsmaskiner til Rådhuset og Hafslo barne- og ungdomsskule som fungerer bra. Bør vurderast på fleire bygg med store flater.
- Reinhold "høge flater" må prioriterast
- Tilskot til bygging utan kommunal VA vert avvikla. Dei som har vedtak, søkt/starta i 2016 får tilskot som rekna med. Innsparing frå 2018 og utover.
- Fordeling av budsjett/kostnadar mellom skule/oppvekstsenter og samfunnsbygg

Plan og byggjeaktivitet (301, 302, 303)

- Arbeid med revisjon av arealdelen blir prioritert i 1. halvår, jf. framdriftsplanen
- Aktiviteten innan reguleringsplanlegging er framleis høg, jf. planleggingsprogram.
- Betalingsatsar oppmåling er auka med 3 %. Satsane er per i dag på same nivå som i nabokommunane, med unntak av Sogndal, som ligg vesentleg høgre.
- Oppmåling må prioritere arbeid i samband med innføring av eigedomsskatt. Oppmåling må også prioritere fullføring av adresseprosjektet og eldre oppmålingsforretningar, og opprydding i eigedomssaker knytt til eldre kommunale grunnkjøp.
- Betalingsatsar byggesak dekker og mindre del av sjølvkost og kommunen har relativt låge satsar. Satsane er auka med 10 %.

Infrastruktur, veg og anlegg (330, 332, 333, 335, 338, 339, 345, 353, 354, 355)

- Trafikktryggingstiltak/aksjon skuleveg 2018, tek utgangspunkt i plan m/tiltaksliste.
- Vurdere om det skal gjennomførast fleire brannsikringstiltak i Solvorn.
- Driftstilskot SBR IKS er auka med deflator + tillegg for kompetanseheving som tidlegare vart overført direkte til vertskommune. Det vert pålagt feiing og feiegebyr for fritidseigedommar. Gebyr vert auka med 5% og fritidseigedommar får minstegebyr.
- Investeringsprogrammet gir omtale av dei prioriterte VA-investeringane for 2017.
- Avgiftsnivået vatn vert auka med 3 %. Avgiftsnivået avløp vert auka med 3 %. Dette gebyrnivået vil påreknleg gi 100% sjølvkostinndekkinga.
- Simas har sagt opp gjeldande driftsavtale for miljøstasjonen, ny driftsavtale må på plass frå 01.01.2018. Også i ny avtale vil Luster kommune/ teknisk drift vil vere sterkt inne i drifta av miljøstasjon. Det er vedteke ny forskrift for renovasjon- og slam.
- Det vert pålagt renovasjonsordning for alle fritidseigedommar. Renovasjonsgebyr vert justert med 4 % etter framlegg frå Simas.
- Utarbeide strategi/opplegg for oppfølging/kontroll av private avløpsanlegg, samvirke med natur /miljø-forvaltning.(jf slamgebyr.)
- I samband med ny kontrakten for ferjeruta Solvorn - Urnes skal kommunen arbeide for å utvide tal parkeringsplassar i Solvorn.
- Prioritere utarbeiding av kommunal transport-plan(KTP) slik at grunnlaget for prioriteringar på teknisk område kan basere seg på meir heilskapelege vurderingar.
- Nærare vurdering/analyse av trafikkflyt i Gaupne sentrum opp mot ev justering av trafikk mønster.
- Gaupne gamle bru (Røneidsbrui) har behov for større vedlikehald, vurdere omfang og kostnad.
- Opprydding Gaupnegrandane (mellom Digital etikett og sjø)
- Vurdering av fjellparti i Luster

Tiltak 2018 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Gjennomgå kommunen si drift av kommunale samfunnshus og private forsamlingshus	Tar utgangspunkt i Plan for lokale kulturhus 2010 – 2021, vedteken i Luster kommunestyre 24.09.2009.	Bygdelaga
Etablera ein «KTP-Luster» (Kommunal TransportPlan – Luster) som grunnlagsdokument for kommunen si satsing og prioritering på offentleg transport/og kommunikasjonsnett i kommunen med fokus på desse oppgåvene:	For å få ei effektiv og økonomisk drift av vegar, samt nybygging og endring vegar er det å ha ei langsiktig plan ynskjeleg. Sjølv om arbeidet startar opp i 2014 så vil det truleg ikkje verta fullført før i 2015.	Fylkeskommunen, SVV

<ul style="list-style-type: none"> - Fylkesvegar - Kommunale vegar - Private vegar – tilskotsordn. - Gang- og sykkelvegnett - Veglys - Parkeringsplassar i utfartsområde - Ferjedrift - Anlegg for drivstoffylling for småbåtar - Ladestasjon for el-bil i Gaupne 	Arbeidet har ikkje hatt ynskjeleg framdrift. Intensiverer arbeidet i 2018	
Utarbeida ein strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/grøntområde	Redusert standard på grøntområde, spesielt i Gaupne sentrum. Dette gjeld spesielt blomster, trær og andre buskvekster. Må leige inn nødvendig ressurs til å "shine opp", oppgradere grøntareala våre.	
Stimulera fellesorgan som bygde- og grendelag til å utvikla aktuelle uteområde, og premiera lokale initiativ til opprydding og opprusting av sine nærmiljø	Sjøast i samanheng med punkt om utarbeide strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/grøntområde	Bygdelag

Tiltak etter 2018 (økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Kommunal utbygging og utvida Offentleg-Privat-Samarbeid (OPS)	I samband med utbygging av byggjefelt er dette aktuelt, og som allereie er gjennomført	Private aktørar
Delta med finansiering i spesielle infrastrukturtiltak om det kan etablerast vinnvinn	Må først definere/registrere infrastrukturtiltak som kan vere aktuelle	Fylkeskommunen, Vegvesen
Aktiv tilrettelegging for bygging av fritidshusvære /hytter i kommunen		Private

Tenesteområde Næringsutvikling og naturforvaltning

Organisering

Tenesteområdet er organisert i ei stabseining (næring) og ei resultateining (landbruk og naturforvaltning).

Overordna mål

- Halda oppe talet på arbeidsplassar i kommunen, både i landbruket og andre næringar.
- Føre vidare den kommunale næringspolitikken som skissert i k-sak februar 2017: «Grunnlaget for handsaming av nærings saker i Luster kommune».
- Leggja til rette for fast busetnad i heile kommunen, jf areal- og eigedomsforvaltninga.
- Leggja til rette for friluftsliv og sikra innbyggjarane tilgang til jakt og fiske.
- Ta vare på eit representativt tverrsnitt av naturtypar og naturkvalitetar for framtidige generasjonar og sikra levelege vilkår for vilt og fisk
- Ta vare på kulturlandskapet og få redusert/stansa attgroinga.
- Gjera berekraftig utvikling til eit overordna prinsipp ved all planlegging og drift.

Tenester og oppgåver - generelt

320 Kommunal næringsverksemd

- Gjeld i hovudsak inntekter ved sal av konsesjonskraft, jf kommentar innleiingsvis.
- Leigeinntekter for næringsbygg er budsjetterte på bakgrunn av avtalar. Avtalane baserer seg på prinsippa for husleigenivå på kommunale næringsbygg som vart vedteke i budsjettet for 2012

325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

- Kontakt/samarbeid med næringslivet og samarbeidande partar som Innovasjon Noreg, fylkesmannen si landbruksavdeling, fylkeskommunen, næringsnettverket i Sogn og bankvesenet.
- Forvalta kommunen sitt konsesjons- og næringsfond.
- Delta i utviklinga av den regionale arbeidsmarknaden.
- Ha ledige næringsareal og tilgang til bygg for næringstiltak
- Delta i utvikling av kompetansen i næringslivet
- Kommunen skal saman med Visit Sognefjord AS ha ei aktiv rolle i arbeidet med å vidareutvikla reiselivet

329 Landbruksforvaltning

- Betra lønsemda innan tradisjonelt landbruk
- Få bestanden av rovdyr ned på streifdyrnivå
- Få etablert lønsame tilleggsnæringar på gardsbruk
- Leggja til rette for "Inn på tunet"-tilbod
- Handsama og kontrollera saker i høve Innovasjon Noreg (IBU-ordninga).
- Hjelpa dei som tek kontakt med søknader til Innovasjon Noreg.

- Handsama saker etter gjeldande lovverk (jordlov, konsesjonslov, odelslov mv).
- Følgja kommuneplanen ved avgjerder som vert fatta i areal- og eigedomsforvaltninga, t.d. ved å utøva ein liberal frådelingspolitikk av bustadtomter på uproduktiv mark.
- Sakshandsama og kontrollera statlege støtteeordningar som areal-, kulturlandskaps- og produksjonstillegg for landbruket, SMIL-midlar mv.
- Landbruksfagleg rettleiing og planlegging.
- Handsama saker om elveforbygging og kraftutbygging
- Føra tilsyn med elveforbyggingar i samsvar med instruks frå NVE. Synfara alle anlegg minst kvart femte år. Ein jamn aktivitet tilseier kontroll av ca 25 anlegg årleg.
- Administrera veterinærordninga for kommunane som inngår i Luster veterinærdistrikt. Syta for tilgang til veterinær heile døgnet, alle dagar i året. Betala ut godtgjeringar og tilskot.

360 Naturforvaltning

- Viltforvaltning, fiskeforvaltning, miljøforvaltning og forvaltning av verneområde
- Utføra naturoppsyn etter avtalar med ulike oppdragsgjevarar. I tillegg utføra oppsyn på område der kommunen sjølv er sett til å handheva regelverk.
- Oppfølging av handlingsprogram for friluftslivet i gjeldande kommunedelplan.
- Følgja opp handlingsprogrammet i kommunen sin vedtekne miljøplan
- Følgja opp kommunen sine ansvarsområde i vassforskrifta
- Handsama søknader om motorferdsel i utmark
- Oppfølging og sakshandsaming knytt til lokal forskrift om brenning av avfall.
- Arbeida for å få staten til å ta større ansvar for uttak av skadedyr/rovdyr.
- Gjennomføra dei kommunale oppgåvene med jegerprøven i samsvar med instruks.
- Arbeida med miljøfagleg rettleiing og yta hjelp til skular i prosjektarbeid i den grad det er kapasitet til det.
- Forvalta verneområde kommunen har fått ansvaret for i tråd med gjevne vernereglar og innarbeidd praksis i kommunen.
- Samarbeida med forvaltningsstyra og statlege stillingar knytt til oppsyn og forvaltning av verneområde.
- Følgja opp igangsette prosjekt under ”Naturarven som verdiskapar”.
- Arbeida for å få grunneigarane til å ta eit større ansvar for hjorteviltforvaltninga og tilretteleggja for gjennomføring av prosjektet for bestandsretta forvaltning.

Styringsmål 2018:

Budsjett og årsverk 2018

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
285	BREIBAND			
320	KOMMUNAL NÆRINGSVIRKSOMHET	-277	-290	
321	KONSESJONSKRAFT, KRAFTRETTIGHETER OG ANNEN KRAFT FOR VIDERESALG	-8100	-8000	
325	TILRETTELEGGING OG BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	2810	3430	
329	LANDBRUKSFORVALTNING OG LANDBRUKSBASERT NÆRINGSUTVIKLING	2538	3862	
360	NATURFORVALTNING OG FRILUFTSLIV	1014	746	
	SUM	-2014	252	

285) Det er lagt inn eiga løyving, 2,5 mill direkte finansiert v/Næringsfondet.

321) Inntektene er budsjettet opp, 500.000, til 8,5 mill, kontingent lvk, 400 000, er for 2018 ført her.(tidlegare ført på politisk.)

325) Budsjettet utgift bedriftsutvikling er redusert med 250.000.

329) Det er føresett redusert bemanning m/60% stilling. 50% av nedtrekket er ført på 360 då det er føresett at reduksjonen må delast mellom områda etter nærare vurdering. Tilskotsordningar er redusert med 250.000. Stilling er flytta til 360.

360) Stilling er flytta frå 329 til 360. (KOSTRA) , bemanningsreduksjon på landbruk vil og redusere innsats her, jf ovanfor, miljøtiltak er redusert.

Årsverk:

2015: 4,5 årsverk (Herav 1,0 næring)

Landbruk er ned 0,5 årsverk frå 2014

2016: 5,5 årsverk

2017: 5,5 årsverk

2018: 5,1 årsverk. (0,2 årsverk vert refundert gjennom skogsamarbeid, 0,6 årsverk er i permisjon 2018)

Særskilt om 2018

- 325 Tilrettelegging og hjelp for næringslivet

Luster kommune skal vere aktiv i høve delfinansiering av både små etablerarprosjekt og større satsingar i næringslivet. Kommunen kan ha ein rolle både ved utvikling av eksisterande verksemder og etablering av nye. Det er fleire interessante utviklingsprosjekt under gjennomføring og på planstadiet i næringslivet i Luster. I februar 2017 vedtok kommunestyret; ”Grunnlag for handsaming av nærings saker i Luster kommune”, styringsdokument for både administrativ og politisk handsaming av nærings saker. Det var ingen større endringar i dokumentet. I 2014 vart det vedteke at kommunale lån kan utgjere 20% av den totale kostnaden for eit prosjekt, tidlegare var

det 30%. Det har ført til at utlåna i 2015, 2016 og 2017 har gått noko ned. Aktuelle område det vert arbeidd med i 2018:

- Det vert rullering av dokumentet, ”Grunnlag for handsaming av nærings saker i Luster kommune” i kommunestyret februar 2018.
- Arbeidet med felles kompetanseutvikling for næringslivet vil bli vidareført med fleire temamøte vinteren 2018. Dette vil skje i samarbeid med næringslivet. Dette er arrangement der Luster kommune og Luster Sparebank samarbeider om det praktiske. Det er og møte og kurs på regionalt nivå der både Luster kommune og næringslivet i Luster er aktive deltakarar.
- Posten «Aktivitetsplan reiseliv» har i 2017 hovudsak vore nytta til finansiering av Luster kommune sin del av økonomisk bidrag til selskapet Visit Sognefjord AS. Selskapet har ein offensiv strategi for å gjere Sognefjorden til eit endå betre reisemål, og gjere næringa endå viktigare for regionen. Det vert sett i gang eit stort arbeid med å utforme Masterplan for reiselivsnæringa i Sogn no i 2018. Denne planen er for perioden 2020 – 2035, og skal og ha eit bærekraftperspektiv. Luster kommune har gjennom vedtak bunde seg til ein treårig avtale om økonomisk støtte til Visit Sognefjord. Visit Sognefjord har eit samarbeid med både skisentera og bedrifter elles om å vidareutvikle vintersesongen i Sogn. Sesongen 2017 har vore svært god for reiselivet i kommunen, fleire verksemder melder også om auka sesonglengde. Det er fleire verksemder som arbeider med utviklingsprosjekt framover mot sesongen 2018.
- Gjennom Sogn Regionråd er no alle næringsansvarlege i kommunane i eit samarbeidande nettverk. Dette arbeidet vil halde fram. Vidareutvikling av næringslivet i regionen og den regionale arbeidsmarknaden er sentralt i dette arbeidet.
- Luster kommune har dei siste åra delteke i «byregionsamarbeidet» mellom Leikanger, Sogndal og Luster. Dette arbeidet vart avslutta i 2017, men samarbeidet om felles utfordringar går vidare. Det har vore tre hovudtema som har vore arbeidd med i byregionprogrammet, desse områda er aktuelle i vidare samarbeid:
 1. Korleis kan kommunane utnytte tilflyttingspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv?
 2. Korleis kan kommunane bidra til å sikre eksisterande , og leggje til rette for nye statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane?
 3. Korleis kan vi kople og utnytte kompetansmiljøa i kommunane til innovasjon og nyskaping?
- Det har vore arbeidd med reguleringsplanen for Heggmyrane i 2017, endeleg vedtak og vil komme i desember 2017.
- Høgkvalitetsbreiband til innbyggjarane og til næringslivet i Luster kommune, status og plan for vidare utbygging. Det er no aukande etterspurnad frå einskildpersonar, verksemder og lag/organisasjonar for å få fiberutbygging fleire plassar i kommunen.

Status fiber:

Det er Luster energiverk AS som er den juridiske eigaren av det meste av fiberen i Luster kommune. Transportfiberen (deler av den) vert nytta av fleire selskap ma Hydro, Statkraft,

Statnett, Sognekraft og Telenor, desse selskapa har driftsavtale med Luster energiverk. Det er og Luster Energiverk som eig fiberen inn til husa ved fiberutbygginga til innbyggjarane i kommunen, men Sognenett leiger den fiberen på kommersielle vilkår frå Luster energiverk. Sognenett har avtale med kunden om nettleveransen. Telenor har i liten grad fiberkundar i Luster kommune.

Det er på kommersielle vilkår etablert «fiber til heimen» i Gaupne, Galden/Hestnes, Nes, Hafslo sentrum med omegn, grender på Indre Hafslo og Marifjøra og noko i Solvorn. Utbyggar er Luster energiverk/Sognenett.

Luster kommune har vore aktiv og fått på plass finansiering frå både fylkeskommunen og Nkom (staten) til utbygging av breiband. Kommunen har sjølv og bidrege med finansiering. Skjolden har fått utbygd fiber med støtte frå Nkom og Luster kommune. Fiberen er bygd av Luster energiverk/Sognenett etter anbod.

Dale i Luster og omegn har fått fiber med støtte frå Nkom (tilskot på kr 1.6 mill frå Nkom) og Luster kommune. Fiberen er bygd av Luster energiverk og Sognenett etter anbod.

Jostedal Nord: Mjølverdal – tom Fossøy er finansiert. Sognenett vann anbodet. Nkom er inne med kr 2 mill i finansiering, Luster kommune skal gå inn med 980.000 kr. Utbygging er starta – ferdig ettersommaren 2018.

Luster kommune har fått tilsagn om midlar frå Nkom på fylgjande prosjekt i september 2017, totalt 3.4 mill kr i tilskot:

Veitastrond – fiber

Fiber til Mollandsmarki og radio med minimum 30 mbit til Urnes, Kroken og Eikjastrondi.

Fiber til området mellom Nes og Flahammar.

Anbudsgrunnlag vert utferda no hausten 2017 – utbygging i 2018/19. Føresett kr 1.3 mill kr i finansiering frå Luster kommune.

Det har vore ein gjennomgang av kostnader med attståande fiberutbygging i Luster.

Restprosjekt fiber:

Attståande Jostedalen:

Fåberg, Fossen- Myklemyr –Vigdalen-Leirdalen-Stegegjerdet

Røneid – Skarpamo

Attståande på Indre Hafslo:

Joranger, Sviggaplassane, Morki, Høgi, Falkagjerdet

Attståande område på Hafslo

Attståande område i Solvorn.

Hestehagen – Fortun.

Fortun «sentrum»

Fortunsdalen – det har vore drøfting med Hydro Energi som har søkt om konsesjon på kraftutbygging i området. Dersom Hydro får konsesjon er dei villige til eit samarbeid om fiber til dei som bur i Fortunsdalen.

Mørkridsdalen – Telenor har fiber fram til basestasjonen. Luster kommune drøftar med Telenor om ei utbygging av fiber til heimen der.

Luster kommune vil budsjettere med kr 2-2,5 mill til breibandutbygging i 2018 og kr 1-1.5 mill kr i 2019. Då vil ein vere svært nær ei fullgod utbygging av breiband i kommunen. Det vil vere attståande område i Jostedalen, attståande område på Indre Hafslo og Fortun sentrum som treng offentleg støtte. Dei andre områda som står att kan byggast ut på kommersielle vilkår.

Ein føresetnad for å få dette til å skje relativt raskt er at Luster energiverk budsjetterer med nødvendige investeringsmidlar i kommande to år 2018/2019. Det er Luster energiverk som tek kostnaden med bygging av fiber fram til boksen i heimen, Luster energiverk eig og fiberen. Sognetett leiger fiberen på kommersielle vilkår, slik at Luster Energiverk ikkje «tapar» på å byggje fiber.

Telenor vil i løpet av 2017 ha utbygd 4G i alle sine basestasjonar. Telia har enno att ein del basestasjonar som manglar 4G.

329 Landbruksforvaltning

- Det er forutsett ei innsparing på til saman 1,0 mill. kroner på tenesteområda 329 Landbruksforvaltning og 360 Naturforvaltning.
- Største einskildposten ligg i vakant 60% stilling som landbruksrådgjevar der den tilsette går ut i permisjon og ikkje vil bli erstatta.
- Regelstyrde tilskotsordningar til landbruksføremål er reduserte med om lag 250 000 kroner, dvs. om lag ei halvering av budsjettposten. Gjennomgang av tilskotsordningane vil avklare kva ordningar som går ut, kva ordningar som blir løyvd over driftsbudsjettet og kva ordningar som kan kome inn under ordning med direkte løyving frå næringsfondet.
- Næringsstøtta til landbruket vert finansiert over næringsfondet og vil inngå i rulleringa av styringsdokumentet for nærings saker vinteren 2018. Intensjonen er å kunne kompensera for bortfall av tilskotsordningar til landbruket direkte over næringsfondet utan å gå vegen om driftsbudsjettet.
- Gebyrsatsane på budsjettområdet er gjennomgådde og oppjusterte i tråd med prisstigninga, ev. litt over.
- Det kommunale stimuleringsstilskotet til veterinærtenesta vart prisjustert i 2015 og har vore uendra etter det. Satsane er føreslegne vidareført i 2018 utan prisjustering. Dei andre kommunane i veterinær distriktet deltek også i ordninga. Det har dels vore utfordrande å sikra stabil bemanning til veterinær vakta. Hausten 2017 vart tenesta utlyst på nytt og det lukkast å få til avtalar med godt kvalifiserte veterinærer i tredelt vakt for fire nye år. Etter at husleigeavtalen for veterinærkontoret i Gaupne vart oppsagd av huseigar frå våren 2017, har ein no fått til avtale om godt eigna kontor for veterinærane i kraftlagsbygget.
- Kommunen deltek i skogsamarbeid for å fremja forvaltning og utviklingsarbeid i regionen, støtta av FM.

360 Naturforvaltning

- Vakant stilling som landbruksrådgjevar vil også få store konsekvensar for tenesteområdet Naturforvaltning ettersom lovpålagde oppgåver som ligg til den ledige stillinga må ha prioritet framfor ikkje lovpålagde oppgåver som eininga til denne tid har utført. Dette vil mellom anna råka verneområdeforvaltninga og tilretteleggingstiltak for friluftslivet. I neste omgang vil dette gje som konsekvens at tilskotsstraumen inn til kommunen også går ned.
- Vassforvaltningsplan bør fylgjast opp, tiltak med tilsyn og kontroll med små avløpsanlegg bør prioriterast og kan finansierast via noverande gebyrordning.(slam/VA)
- Det er forutsett nedtrekk på kr 100 000 til miljøtiltak.
- For å oppfinansiera fjelloppsynsstillinga er det forutsett å nytta noko av dei årlege midlane tilført fiskefondet (tilretteleggingstiltak for fiske), og viltfondet (arbeid med ettersøk o.a.).
- Medlemskap i nasjonalpark-/nasjonalparkkommune-samarbeidet kan vurderast.

Tiltak 2017 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Aktivt arbeida for auka tilflytting i alle delar av kommunen gjennom felles tilflyttingsprosjekt	Det er ikkje noko eige prosjekt for tilflytting i kommunen no. Luster kommune vil likevel ha fokus på tilflytting ved å legge til rette for nye innbyggjarar (bustadfelt, bustadbygging og arbeidsmarknad). Det er og viktig å ta godt vare på dei som har flytt til kommunen. I «byregionsamarbeidet» mellom Leikanger, Sogndal og Luster var eit av dei tema det vart arbeidd med: Korleis kan kommunane utnytte tilflyttingspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv? Det er aktuelt å arbeide vidare med dette temaet.	
Gjennomgå grunnlagsdokument for nærings saker / landbrukssaker i kvar valperiode	Grunnlagsdokumentet skal reviderast i kommunestyret vinteren 2018	
Leggja til rette for: -nye og eksisterande kompetanse-arbeidsplassar -nye og eksisterande industrielle verksemdar med høgt teknologinivå og marknadsfokus	Kommentar: Punkta er ein del av det «daglege næringsarbeidet», og vert arbeidd med kontinuerleg. I slike saker er det og viktig å ha ein god dialog med Innovasjon Noreg.	

-ein arena for nettverksbygging og samhandling i næringslivet -satsing i energisektoren -å vera vertsskap for regionale samarbeids-tiltak		
Støtta opp om vidareutvikling av Sogn Skisenter	Reguleringsplanen for Heggmyrane-området vil bli endeleg politisk handsama tidleg i 2018.	
Sikra at attraksjonar og aktivitetar i Luster får sin rettmessige fokus gjennom Visit Sognefjord, gjennom samordna marknadsføring og profilering av attraksjonane i kommunen	Visit Sognefjord fungerer godt og med god oppslutnad frå næringa i Luster. Det vert no starta opp eit stort arbeid med ein Masterplan for reiselivsnæringa i Sognefjorden for perioden 2020 – 2035.	
Støtta vidareutvikling og etablering av nye aktivitetsverksemdar i reiselivet etablering av nye.	Luster kommune har ei stor breidde i aktivitetsbedrifter i reiselivet. Luster kommune prioriterer medverknad til utvikling og vekst i etablerte aktivitetsverksemdar og utvikling av nye. Luster kommune yter og lån til utbygging av reiselivsverksemdar innan overnatting.	
Støtta større tilskipingar som skapar omsetning for besøksverksemdene og som skapar profilering for kommunen og regionen	Dette er eit område som ligg under kultur sitt ansvar. Tilskipingar som har mål om å nå utanfor regionen og som skapar god profilering av kommunen, skal prioriterast.	
Fremja Lustrabadet som attraktivt reisemål i Luster	Lustrabadet er eit tilbod som vert nytta av tilreisande, særleg nordmenn. Potensialet for meir bruk av tilreisande er til stades.	
Ureinining, fjerning av skrot	Arbeid pågår kontinuerleg. Lovverket skal nyttast for å påleggja private å rydda opp på private område, kommunen skal ha ekstra fokus på sine egne område. Dei store oppryddingsprosjekta i Flåten og i Fortun er ferdigstilt med kommunal medverknad.	
Fjerning av framande og skadelege artar	Koordineringsansvar ligg i første rekke til fylkesmannen, i verneområde vernestyresmakt. Kommunen kan gje tilskot gjennom SMIL-ordninga ved gjennomføring av tiltak.	
Snøskuterløyper	Luster vart godkjend som deltakar i forsøksordninga med faste løyper for	.

	<p>snøskuterterkøyring og fekk på plass kommunal forskrift om ordninga og har gjennomført pålagd kartlegging av alle friluftsområda i kommunen.</p> <p>Aktuelle løyper er konsekvensutgreidde, men ingen av dei oppfyller kravet om grunneigargodkjenning.</p> <p>Av formelle årsaker stoppa regjeringa forsøket og sette i staden i gang arbeid med lovendring på området.</p> <p>Kommunane kan no styra dette på nærare fastsette vilkår, m.a. reguleringsprosess.</p>	
<p>Stimuleringstiltak for å:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. få ungdom til å ta over gardsbruk 2. gjera bruka meir lønsame på sikt 	<p>Luster kommune har ei rekke ordningar på området. Gjennomgangen av grunnlaget for handsaming av nærings saker våren 2014 gav som resultat at storleiken på lån til bruksutbygging i landbruket vart noko nedjustert i høve til tidlegare, men framleis er dette ei god ordning for landbruket. Gjennom rådgjeving, planlegging og anna tilrettelegging har kommunen aktivt medverka til høg aktivitet innan bruksutbygging.</p>	
<p>Vektleggja rådgjeving for å oppnå:</p> <ul style="list-style-type: none"> - auka driftsomsfang innan husdyrnæringar - samarbeid mellom skogeigarar - høg og relevant fagkompetanse hjå næringsutøvarane - gode fagmiljø med smittande optimisme 	<p>Våren 2016 vedtok kommunestyret at Luster skal gå i gang med sitt eige «storfe prosjekt» innanfor ei totalramme på 1,0 mill. kroner. Styringsgruppe er nedsett bestående av ein representant frå TINE, ein frå produsentlaget i Luster og ein frå Luster kommune.</p>	<p>Produsentlaget i Luster, TINE</p>
<p>Utarbeida heilskaplege arealplanar/planar for skogbruket</p>	<p>Arbeid som pågår kontinuerleg.</p>	
<p>Forvalta lovverket aktivt for å nå måla om bruksstruktur og busetjing</p>	<p>Arbeid som pågår kontinuerleg. Dei overordna måla i kommuneplanen er retningsgjevande for alt arbeid innan forvaltning og rådgjeving som eininga utfører</p>	
<p>Miljøsertifisering</p>	<p>Det er oppretta samarbeid med Sogndal om miljøsertifisering av verksemdar. Skal vurdere aktuelle tiltak for å oppgradera Luster rådhus til miljøfyrtårn</p>	

Tiltak etter 2018 (økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Stimulera til etablering av næringsfellesskap	Luster kommune vil til ei kvar tid arbeide for at det finst ledige lokale for etablerarar. Det er eit mål å få etablert slike lokale i felleskap, slik at ein kan oppnå gevinstar ved gode arbeidsmiljø.	
Leggja til rette for bygdeutviklingsprosjekt som er retta mot tilleggsnæringar i landbruket	Det to-årige, bygdeutviklingsprosjektet "Matopplevingar i Luster" vart avslutta hausten 2016. Prosjektrapport er under ferdigstilling. Det syner seg krevjande driva utviklingsarbeid av dette slaget utan faste stillingsressursar.	Bygdelaga

Driftsendingar etter 2017 (økonomiplan)

-

Tenesteområde Kultur

Organisering

Tenesteområdet er organisert slik: Biblioteket som eiga tenesteeining, Lustrabadet som eige KF, kulturskulen som interkommunal ordning (Sogn kulturskule) med Leikanger som vertskommune og øvrige kulturtilbod og tiltak som ein del av rådmannen sin stab.

Overordna mål

Dei overordna måla er nedfelt i kommuneplanen, kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet (2016-27), plan for lokale kulturhus (2010-21), kommunedelplan for forvaltning av kulturminne og fagplanar om barn og ungdom og rusførebygging. Dei overordna måla er:

- Gje innbyggerane tilgang til moderne og tilpassa kulturanlegg,
- Utvikle eit mangfald av lag organisasjonar og stimulere til auka aktivitet i desse,
- Stø opp om profesjonelt kulturarbeid og vurdere tilskot til ungdom som har valt å satse ”profesjonelt” innan ei kulturell ytring,
- Satse på private investorar i bygging og drift av større kulturanlegg,
- Skape ”Lustraidentitet” og ta vare på språkleg kulturarv (nynorsk, dialekt, stadnamn),
- Nytte kultur som potensiale for næringsaktivitet.

Tenester og oppgåver - generelt

231 Aktivitetstilbod barn og unge/tilskot til lag og organisasjonar.

Ordninga er regulert i reglement for tilskot til kulturføremål (2016-2019).

365 Kulturminnevern

Koordinere den kommunale innsatsen innan kulturminnevernet, museum og lokalhistorisk arbeid. Aktiviteten er forankra i eigen kommunedelplan og i tilskotsreglementet.

370 Bibliotek

Funksjonen omfattar aktiv formidling av kunnskap og kultur i høve Biblioteklova.

377 Kunstformidling og utsmykking

Medverke til den offentlege satsinga på formidling av eit profesjonelt kulturtilbod i Den Kulturelle Skulesekken og andre kunstformidlingsprosjekt der kommunen er part. Ordninga kan vidareførast innan gitte rammer. Tilsvarende også for det som gjeld utsmykking av offentlege hus og anlegg.

380/386: Drift av idrettshall og samfunnshus

Gaupne idrettshall er lagt opp som kommunal aktivitet for skulane og barnehagane i Gaupne for gymnastikk på dagtid. Luster idrettsråd (brukarstyre) fordeler brukartid på ettermiddag og helg. Avtale av 2008 regulerer bruken av hallen (fordeling av tid, reglar for utleige/satsar/ betaling/ekstravask). Den gamle gymnastikksalen ved Luster ungdomsskule inngår også som ein ressurs for bruk på ettermiddag og kveldstid.

Jostedal samfunnshus er lagt opp som kommunal aktivitet for skule og barnehage sin bruk av gymnastikksal/symjebasseng på dagtid og frivillige lag/organisasjonar på ettermiddag/kveld. Eigen avtale med Jostedal bygdelag regulerer drift med badevakt og tilgang til symjebasseng.

Den økonomiske delen av avtalen er på kr 15.000 i tilskot og disponering av bill. inntekter. Luster kommune betalar for straum og reinholdsmidlar.

Fjordstova i Skjolden har ein eigen avtale om drift av symjebasseng, gymnastikksal og off. toalett. Budsjettert kjøp av tenester. Avtalen vart politisk handsama i k-sak 60/04.

380 Idrett

Området er regulert av kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. I samsvar med vedtak om bygging av anlegg finansiert med spelemidlar garanterer kommunen for at anlegga skal vera opne og drivast forsvarleg. Tilskot til drift og vedlier regulert i reglement for tilskot til kulturføremål. Sogn Skisenter får eit årleg driftstilskot, og det er føresett årleg driftstilskot til Lustrabadet.

383 Musikk- og kulturskule

Skulen vert organisert som eit interkommunalt samarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster, med felles administrasjon og Leikanger som vertkommune.

385 Prosjektretta kulturtiltak

Funksjonen er samansett av kommunal finansiering av tilskot til nærmiljøanlegg, kulturpris/ kultur-stipend og tilskot til Luster frivillegsentral.

391 Kyrkja mv

Kontaktledd/rammeansvarleg for overføringar til kyrkjer, kyrkjegardar og andre trussamfunn.

I tillegg til ovannemnde funksjonar medverkar administrasjonen også innan planlegging, informasjonstiltak, prosjektarbeid, regionale samarbeidstiltak, større kulturarrangement, kontaktverksemd regionalt og nasjonalt/internasjonalt.

Budsjett og årsverk 2018

Tal i kr. 1000

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
231	AKTIVITETSTILBUD	400	500	-20
365	KULTURMINNEVERN	247	100	147
370	BIBLIOTEK	2308	2345	-2
375	MUSÉER	247	236	5
377	KUNSTFORMIDLING	40	55	-
380	IDRETT OG TILSKUDD TIL ANDRES IDRETTSANLEGG	1653	1803	-8
381	KOMMUNALE IDRETTSBYGG OG IDRETTSANLEGG	3689	3695	-
383	MUSIKK- OG KULTURSKOLER	2669	2608	2
385	ANDRE KULTURAKTIVITETER OG TILSKUDD TIL ANDRES KULTURBYGG	1892	2262	-21
386	KOMMUNALE KULTURBYGG	798	960	-17
	SUM	13943	14528	-4

Funksjon		Bud 2018	Bud 2017	Endring i %
390	DEN NORSKE KYRKJE	6138	6125	-
392	ANDRE RELIGIØSE FORMÅL	216	165	31
	SUM	6354	6300	1

231) Godtgjersle til fritidsleing er teke ut, aktivitetstilskot er halde oppe på 2017-nivå.

365) Delstilling på kulturminnevern, 20%, er ført på tenesta. (Kostra) Samla er feltet kultuminne og kulturminnevern redusert frå 2017 med 175.000

370) Mindre generell innstramming.

377) Innstramming.

380) Inntekter frå renovasjonsordning til utgifter park/badeplassar/sentrumsrenovasjon er budsjettert inn. Refusjon drift/aktivitet på 2017 nivå.

383) Andel i DM-stilling folkemusikk er budsjettert frå aug-18..

385) Tilskot til nærmiljøanlegg vert teke ned med 220.000 og vil i stor grad råke tilskotsordninga til lokale kulturhus. Bemanning kultur er redusert med brutto 60%, netto 40% ved at 20% vert finansiert av avsetjing til bygdebokarbeidet.

386) Redusert netto utgift ved at Lagshuset Grandmo er budsjettert inn med husleigeinntekt.

Årsverk:

2016 3,5 årsverk

2017 3,5 årsverk

2018

Særskilt om 2018

-Fleire av tilskotsordningane vert reduserte eller tekne bort med verknad frå 1.1.2018.

-Innan kulturfeltet skal det vere eit overordna prinsipp at satsing på barn og unge skal skjermast i arbeidet med å tilpassa seg ei lågare budsjetttramme.

-Tilskots-/støtteordningar vert regulert ned. Det skal leggjast fram ei sak til politisk handsaming tidleg på nyåret med reglement/retningslinjer. Nytt reglement for tilskot til kulturføremål skal fremjast som sak før tildeling av tilskot i 2018.

Desse føringane ligg føre:

Funksjon 231, Godtgjersle fritidsleing er teke vekk.

Funksjon 365, Kulturminnevern : tilskot det immaterielle kulturvernet (data, foto, lokalhistoriske produksjonar og forskning) vert redusert. Tilskot til kulturminnevern (byggingar) vert redusert til å dekke tiltak innanfor vernesona i Solvorn, jf. reguleringsplan for Solvornstrondi.

Funksjon 380, Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg: Tilskot til friluftstiltak og søknader om tilskot til nærmiljøanlegg vert heretter kanaliserte gjennom spelemiddelordninga. Lokale tiltak må prioriterast i kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Funksjon 383: Musikk- og kulturskule: Det er budsjettert med andel i ny DM-stilling i folkemusikk. Budsjettet tek utgangspunkt i at 40% av kulturskulen sin aktivitet føregår i Luster. Det er også budsjettert med 40% av elevar og sal frå ny DM-stilling går til Luster. Elevkontingenten er auka med 6%.

Funksjon 385: Andre kulturaktivitetar: Bygdebok-prosjektet vert avslutta i si noverande form med trykking av bind 12. Fondsmidlar avsette til digitalisering av prosjektet vert knytt opp mot kulturadministrasjonen og finansierar 20% av stillinga som kultursjef.

Funksjon 385, Andre kulturaktivitetar og tilskot til private kulturhus: tilskot til nærmiljøtiltak vert redusert. Nytt reglement skal utarbeidast for å prioritere tilskot til anlegg der brukarane ikkje har tilgang til offentlege bygg.

Under funksjon 385, Andre kulturaktivitetar vil ein og vurdere reduksjonar tilpassingar på følgjande: tilskot lokale arrangement i den kulturelle skulesekken, den kulturelle spaserstokken, rusførebyggande tiltak, kulturpris og kulturstipend.

Det er aktuelt med nærare vurderingar av ordningane.

Funksjon 386: Kommunale kulturbygg/anlegg: «gratis-prinsippet» for bruk av kommunale bygningar og anlegg skal sjåast i samheng med nytt reglement for tilskot til kulturføremål. Skal utgifts/driftsnivået kunne haldast opp så bør inntektssida styrkast.

Funksjon 390: Den norske kyrkja: Overføringa til kyrkja er halde på same nominelle nivå som for 2017.

Tiltak 2018 frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Vedlikehalda stiar og turanlegg som kommunen har ansvar for Spreia informasjon om turmål Utvikla Luster idrettspark (tidlegare Gaupne stadion) med tilbod innan sommaridrettar for heile kommunen Ta i bruk fleirkulturelle ressursar	Prioritering av akt. Tiltak Digitalisering og pres. via web Spelemiddelprosjekt	Landbruk, eigedom Landbruk Invest. Plan, i.l.Bjørn frivilligsentralen

Driftsendringar etter 2018 (økonomiplan)

- Reduksjon i tilskotsordningar frå Luster kommune

Tiltak etter 2018 (økonomiplan) frå samfunnsdelen til kommuneplanen:

Tiltak	Oppfølging	Økonomi, samarbeid mm.
Utarbeida strategi for inkluderande fritidstilbod og samarbeid mellom organisasjonar og mellom kommunen og bygdelaga	Pågåande planarbeid	
Revidera strategi for Lustra-identitet	Planarbeid	
Utarbeida ein tverrfagleg strategi for å samordna innsatsen og tilrettelegging innan folkehelse, friluftsliv og grønt reiseliv	Planarbeid	

7. Investeringsplan 2017 – 2020

INVESTERINGSPLAN 2018-2021							
	Opph 2017	Reg budsjett 2017	2018	2019	2020	2021	2018-21
KOMM. BYGG							
Husmorskulen	0	100	500		15000	10000	25500
Yrkesskulebygget/Friskuset	10011	1250	12750			500	13250
Gaupne idrettshall, rehabilitering	199	99	3300		4000		7300
Grandmo busenter	0	100	750	16000	13250		30000
Utskifting oljefyr Luster ungdomskule og brannstasjon				1500			1500
Fellesløyving bygg til fordeling	2500	2500	2500	2500	2500	2500	10000
KOMMUNALE VEGAR OG ANLEGG							
Maskiner	1000	1000		2000		2000	4000
Gaupne sentrum	932	432	1900				1900
Sentrumsopprusting Luster, Dale	1136	136	2000	2500			4500
Sentrumsopprusting Gjerde	-72	200	200	2000	2500		4700
Anlegg idrett og friluftsliv	3000	2577	3000	3000	3000	3000	12000
Anleggsutvikling til fordeling	2000	2000	2000	2000	2000	2000	8000
Trafikktryggingmidlar	500	300	700	500	500	500	2200
Turveg Marifjora - Gaupne	0	500	1000	2000			3000
Ferjebru Ornes			1500				1500
VAR							
Vassforsyning	5274	4000	5250	5000	4000	5000	19250
Avløpstiltak	5944	5000	4950	4000	4000	4000	16950
Toalett Krossen og Bergset			800	600			1400
							0
BUSTADBYGGING							
Bustadfelt Lundshaugen	485	50	430	1000			1430
Bustadfelt Bolstadmoen.	654	0	654				654
Bustadfelt infrastruktur					5000	5000	10000
Bustadsosial			5000				5000
FELLESYSTEM							
IKT	1500	2000	1500	1000	1000	1000	4500
Felles inventar og utstyr	200	200	200	200	200	200	800
Oppmåling/kart	300	0	300	300	300	300	1200
Adresseprosjektet	1493	100	1400				1400
Lån Husbanken til vidare utlån			5000	5000	5000	5000	20000
Innskot KLP			1500	1500	1500	1500	6000
Diverse;							
Tilskot kyrkjelege fellelråd.	250	250	250	250	250	250	1000
							0
Alle summar inkl. mva.		22794	59334	52850	64000	42750	218934

Investeringar 2018 – 2021, tekstomtale

BYGG:

Prosjekt: Husmorskulen			
Ombygg/nybygg			
Oppstart 2018			
Prosjektkostnad : mill.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2017		100	
2018	500		
2019			
2020	15000		
2021	10000		

Prosjektomtale:

Luster kommune kjøpte i 2015 skuleeigedommen på Hafslo frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kommunen overtok og gjeldande festeavtale. Festeavtalen vart innløyst pr 31.12.2015.

Det er gjort nokre vurderingar på tilstand og ev framtidig bruk.

Konklusjonen er at bygningen generelt sett er bra vedlikehalden. Utfordringa er kva bruk kommunen ser for seg å nytta bygningsmassen til. Denne utfordringa blir grunngeven med at bygningen er massiv utført for det meste i betong. Byggteknisk vil det vera begrensningar på kor store endringar konstruksjonsmessig ein kan gjere og kva kostnader det vil medføre. Ombygginga kan bli definert som ei hovudombygging etter byggeforskriftene der dagens krav skal etterkommast, noko som vil medføre større kostnader.

Arkitekt Fosslund AS har skissert forslag til utnytting av bygningsmassen med barnehage og leilegheiter. Notatet og skisseteikningane til ARK Geir Fosslund kan vere eit utgangspunkt i det vidare arbeidet med kva bygget kan nyttast til.

I det vidare arbeid må det avklarast kva aktivitet som skal inn i bygget. Det fyrste ein må avklare er om noverande Gamlestova barnehage skal avviklast og flyttast hit.

Framdrift:

Det må opprettast prosjektgruppe, og det må haldast informasjonsmøte/ope møte. Vidare vurderingar av bygningen må gjennomførast arkitekt/rådgivarar når ei plan for utnytting er avklart.

Økonomi:

Avsett midlar i 2018 til planlegging.

**Prosjekt: 32061 Yrkesskulebygget/Friskhuset
Oppgradering.**

Oppstart: 2017, ferdigstilling 2018 byggjesteg 1

Prosjektkostnad byggjesteg 1:12,5 mill.

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	200		
2017	10011	1250	8761
31.12.17	1250		
2018	12750		
2019			
2020			
2021	500		

Prosjektomtale:

Vedteke i k-sak, 42/2017. Bygget/prosjektet har fått namnet Friskhuset.

Kostnadsanslag for renovering, ombygging av bygg 1 er berekna til 12,5 mill.

Inntekspotensiale kan reknast til minimum 500.000 pr år.

I Friskhuset er det planlagt 4 behandlingsrom for fysioterapi, spinningssal, apparatrom, styrkerom, aerobicsal, garderobe/dusj, instruktørgarderobar med toalett og dusj, UUWC, kontor, sosial/fellesrom og heis. Kontor og fellesrom er i 2 etasje.

Grunna m.a. investeringskostnaden har ein no delt prosjektet i 2 byggjesteg. Pris for å rehabiliterer Bygg 1 er til 12,5 million inkl. mva.

Deling medfører noko endring for dei tekniske anlegga, spesielt ventilasjon, noko som vil påverka arealbruk/arealutnytting.

I eit folkehelseperspektiv/folkehelsesatsing er dette eit svært godt tiltak. Kopling mellom treningscenter, fysioterapi, rehabilitering og på sikt sosial møteplass for ulike grupper er ein god strategi. Mellombels vil ein måtte nytta andre møteplassar til byggjesteg 2 vert gjennomført. På sikt vil og Luster ungdomsskule, kulturskulen, integreringsarbeidet m. fl. få utvida og betre lokalitetar i bygg 2.

Renovering av bygg 2 er kostnadsrekna til 12,5 mill. Det er innlagt oppstartsmidlar til dette prosjektet sist i økonomiperioden

For å halde ramma vart mellombygget mellom bygg 1 og 2 tatt ut av prosjektet ved kommunestyret si handsaming. For å få ein god løysning for både besøkande, brukarar og tilsette hadde det vore ein fordel å få bygd mellombygget no.

Rådmannen har lagt inn 1,5 mill. ekstra for å få realisert mellombygget i byggjesteg 1.

Framdrift:

Oppstart hausten 2017, ferdigstilling 31.12.2018.

Seinare budsjettarbeid må ta stilling til del2.

Økonomi.

Budsjett 2018 er overførte midlar frå 2017, tidlegare løyvde midlar i 2018 og 1,5 mill. til mellombygget. Det er sett av 0,5 mill. i 2021 for eventuell planlegging av bygg 2.

**Prosjekt: Gaupne idrettshall
rehabilitering**

Oppstart:2018

Prosjektkostnad: Rehabilitering av Gaupne idrettshall, 17,5 mill.

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	750	200	-550
31.12.16	200		
2017	199	99	100
31.12.17	99		
2018	3300		
2019			
2020	4000		

Prosjektomtale:

Det er vorte avdekket takkelasje i idrettshallen og det er utarbeidd ein rapport på rehabilitering av Gaupne idrettshall. Utdrag frå rapport:

«Bygget fungerer godt funksjonelt, men det har vore ein del idrettsskader i hallen som ev kan skuldast eksisterande sportsbelegg.

Ein del av overflatene innvendig i bygget nærmar seg tida for naudsynt fornying/utskifting. Det har òg vore ein del lekkasjar i bygget, delvis gjennom yttertaket i garderobedelen og delvis frå gesimsane i idrettshallen. Lekkasjane har vore heilt frå bygget var nytt, slik at delar av dei innvendige himlingane ber preg av omfattande fuktskader over lang tid. Delar av eller alle himlingane i garderobeanlegget bør difor skiftast.

Garderobane ber òg preg av elde og slitasje og treng etter kvart oppgradering.

Elektrisk anlegg og VVS-anlegg vert opplyst til å fungera tilfredstillande. Det vert likevel tilrådd ei viss oppgradering mot dagens standard. Desse tiltaka bør likevel vurderast av fagpersonell med aktuell fagkompetanse.

Bygget er opplyst til å ha eit høgt energiforbruk, og det tilseier at det driftsøkonomisk er rett med tilleggsisolering av tak og vegger samt skifting av vindauger og dører.»

På bakgrunn av rapport synes det naudsynt å prioritere yttertaket, ved å fjerne gamal tak-isolasjon, legge heilt ny takisolasjon (30-40cm) opp på eksisterande korrugerte stålplater samt montere ny folietekking over. Tiltaket vart stoppa då innhenta prisar var vesentleg over disponibel løyving. Me tok oss og tid til å vurdere om det kan vere andre løysingar som kan vere økonomisk besparande som takløyving.

Rehabilitering av Gaupne idrettshall er no med i Kommunal plan for fysisk aktivitet og friluftsliv, 2016- 2027 og i regional plan etter 2020.(dvs. me kan/vil få spelemidlar etter 2020.)

Gaupne idrettshall er eit prosjekt som vil kunne kome inn under tildeling av spelemidlar som renoveringsprosjekt. Imidlertid fordrar det at prosjektet er fullstendig og etter det som no er klargjort må det byggjast «eit sett med nye garderobar.» Dei «mellombelse» i Grandmo bygget kan ein ikkje rekna med. Det betyr igjen at renoveringskostnaden vert vesentleg høgare, samla berekna til i overkant av 17 million kroner.

Me kan oppnå 7,5 mill i spelemidlar og tiltaket kan gjennomførast i 2-3 byggjesteg, der sikring av tak er del 1 med gjennomføring i 2018. Ein vil kunne vere i prioritert posisjon til å motta spelemidlar frå 2020.

Me lagar no ein samla plan der me førebur søknad til spelemidlar for rehabilitering. (nytt tak vil her kunne vere eit godkjent tiltak)

Nytt:

I fylkeskommunen si handsaming av regional plan er prosjektet løfta fram i høve tidlegare prioriteringar og det vil vere mulig å få spelemidlar tidlegare enn 2020, alt frå 2018 om søknad og prosjekt kjem på plass. Kommunestyret er informert om dette, ved handsminga 14.12, og prosjektet vil bli revidert fram mot regulering av budsjettet i T1. Det er vidare slik at krava til fullrenovering gjer at prosjektet vert ytterlegare meir omfattande og kostbart. Dette vil det verta gitt ny informasjon om dette i tilknytning til T1.

Framdrift: *(kan bli endra, jf over.)*

2017 er nytta til vidare planlegging og prosjektering, samt utarbeiding av samla rehabiliteringssøknad. Tiltaket vil heller ikkje kunne oppnå spelemidlar før etter 2020.

Me vil gjennomføre rehabiliteringa i fleire prosjekt. Skifte av tak 2018.

Del 2 i 2020, ev delprosjekt tidlegare som BU-tiltak i eigen regi. (garderobe.)

Økonomi;

Det vart avsett 200.000 til planlegging og utarbeiding av rehabiliteringsplan i 2017.

Budsjett 2018 er overførte midlar frå 2017, tidlegare løyvde midlar i 2018 3,2 mill. og 4 mill. i 2020 til neste steg i renoveringa.

**Prosjekt: Grandmo busenter
Ombygg/nybygg**

Oppstart 2018

Prosjektkostnad : 30 mill.

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2017		100	100
31.12.17	100		
2018	750		
2019	16000		
2020	13250		
2021			

Prosjektomtale:

Etter utbygging av bustadane «Løkjane» bør ein drøfte status og vidare tiltak innan bustadsosial utbygging. Bustadane ved Grandmo busenter har dårleg standard og areal er dårleg utnytta. Det bør vurderast om fornying her skal prioriterast ev andre tiltak.

Arbeidsgruppa sin vurdering er at dei frittstående bustadane skal sanerast og ein beheld hovudbygningen.

Det er sett ned ei prosjektgruppe og som har vurdert kravspesifikasjonar for å kunne hente inn arkitekt for vidare arbeid. Foreløpige vurderingar:

Sanering av 4 gamle bustadar

Renovering av hovudbygg

Bygging av 4 bustadar til ressurskrevjande brukarar

Bygging av 8-10 omsorgsbustadar

Etablering av fleirbruksareal som kan vere fellesareal og dagtilbod

Tilrettelegging av uteareal med hagar, felles og privat parkering, tilkomstvegar mm.

Framdrift:

I 2018 er det sett av midlar til planlegging og prosjektering. Sjølve utbygginga vil gjennomførast i 2019 og 2020.

Økonomi:

På grunn av det ikkje er berekna tal m2 som det er behov for så er det vanskeleg å vurdere totalkostnad på prosjektet. Truleg vil det bli på ca. 30 mill. I dette prosjektet er det mogeleg å få tilskot frå Husbanken på inntil 50% av anleggskostnaden eks. mva og restfinansiering som husbanklån. Netto byggekostnad vil då bli ca. 17 mill.

**Prosjekt: Utskifting av oljefyr, Luster ungdomskule og brannstasjon Gaupne
Ombygg/nybygg**

Oppstart 2019

Prosjektkostnad : 1,5 mill.

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2018			
2019	1500		
2020			
2021			

Prosjektomtale:

Frå 01.01.2020 blir forbod mot å bruke fossil olje og parafin til oppvarming av bustadar, og som grunnlast i andre bygg.

I Luster kommune har me to bygg som nyttar olje til oppvarming, Luster ungdomskule og brannstasjon i Gaupne.

Norconsult har vurdert ungdomskulen og har vurdert at det er behov for 1,25 mill. til utfasing.

På brannstasjonen er det behov for å installere ein luft til luft varmepumpe i vognhall.

Kostand på inntil 0,25 mill.

Framdrift:

Bør skifte ut før 2020.

Økonomi:

Ikkje avklart om det er tilskotsordning som gjeld kommunar. Sett av 1,5 mill. i 2019.

**Prosjekt: 20200 Fellesløyving bygg til fordeling –
Større vedlikehold og byggutvikling (BU). Tiltak etter ei årleg prosjektlister.**

Årleg løyving

Prosjektkostnad: Løyving kvart år 2,5 mill.

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2017	2500	2500	
2018	2500		
2019	2500		
2020	2500		
2021	2500		

Prosjektomtale:

Luster kommune har om lag 45.000 m² bygningsareal.

Utvikling av dette arealet og tilpassing til driftsendringar tilseier eit kontinuerleg behov for oppgradering og vedlikehold. Målsetjinga er at driftsbudsjett skal vere slik at større vedlikehold kan dekkast der medan mindre investeringar, standardauke, ny teknologi vert definert og prioritert som byggutvikling (BU). Desse tiltaka kan såleis både drifts- og lånefinansierast. Større vedlikehold, som måling av eit bygg, kan ikkje lånefinansierast.

Etter nokre år der «mindre investeringstiltak/nyanlegg» har vore prioritert er behovet for større vedlikehold stort og aukande. Etter ei fagleg prioritering bør det prioriterast noko høgare, men slik den økonomiske stoda er så er det på kort sikt svært krevjande å greie det innanfor driftsramma.

Rådmann tilrår derfor at me for ein periode fondsfinansierar nokre større vedlikeholdstiltak. Måling og taktekkje er eksempel på slike. Me legg til grunn at 50% kan lånefinansierast som «nyanlegg». Einingane melder inn behov og ynskjemål på mindre investeringstiltak/ større vedlikeholdstiltak i tenesteplanarbeidet (TP)

Prioriterte tiltak/i uprioritert rekkefølge 2018:

- Solskjerming bla. Solvorn og Skjolden oppvekstsenter, Luster omsorgsenter
- Gaupne barnehage – lyddemping på kjøkken og blå base
- Helsesenteret – fullføre arbeidet som er starta i 2017
- Veitastrand skule – Nytt låssystem
- Gaupne skule – Måle 2 klasserom og utbetring elevtoalett
- Gaupne omsorgsenter og eldresenter – fjerne utebasseng, oppussing uteområde, utskifting avdelingskjøkken, dører og møterom (stove eldresenter)
- Solvorn oppvekstsenter, lyddemping klasserom, utelamper
- Luster omsorgsenter og eldresenter – ekstra stove eldresenter, vasskade inngangsparti
- Skjolden oppvekstsenter – Murvegg og dør.
- Bibliotek - skillevegg
- Indre Hafslo oppvekstsenter - måling barnehage
- Teknisk drift – oljeutskillar
- Luster oppvekstsener – lakking golv samfunnsal
- Hafslo omsorgsenter og eldresenter – kjøken, måling, golvbelegg og kjøkkeninnreiing
- Oppgradering av SD- anlegg (Luster omsorgssenter, Skjolden oppvekstsenter og Indre Hafslo oppvekstsenter avd. skule.)

Administrativ fullmakt for gjennomføring /kombinerast med vedlikeholdsmidlar.

VEGAR OG ANLEGG:

Prosjekt: 33201 Bilar og maskiner			
Årleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2017	1000		
2018			
2019	2000		
2020			
2021	2000		

Prosjektomtale:

Kommunen har hatt ei rammeløyving for skifte av bilar/utstyr på teknisk drift.

I 2015 har ein gjort vedtak om å avslutta leasing av bilar innan heimetenesta og byggja opp eiga forvaltning av bilparken.

Frå 2018 vil denne løyvinga bli nytta til investering av større maskiner/utstyr. Kjøp av mindre bilar er føresett skal dekkast av leigeinntektene som vert betalt.

Det vil bli løyvd 2 mill. annakvart år. Fyrste løyving 2019.

Framdrift:

Investeringsramme vil gå til teknisk drift for å møte behovet for utskifting av maskiner/utstyr.

Økonomi:

Det vert ikkje avsett midlar i 2018.

Administrativ fullmakt

**Prosjekt: 33570 Opprusting av Gaupne sentrum
Ulike tiltak tettstadutvikling Gaupne.**

Oppstart 2014 Ferdigstilling 2018

Prosjektkostnad: Ikkje berekna.

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	1000	350	-650
31.12.15	350		
2016	1024	324	-700
31.12.16	324		
2017	932	432	500
31.12.17	432		
2018	1900		
2019			

Prosjektomtale:

Det har over ein periode vore drøfta mindre tiltak for opprusting i Gaupne sentrum.

- Plan for området framfor inngangen av Pyramiden blir det arbeidd vidare med.
- I samband med gjennomgang av trafikktrygging i området var det planlagt at bussparkeringen, og sjåførrom, skal flyttast til gamle brannstasjonsområdet. Tide buss har inngått avtale med Pyramiden og det vart dermed uaktuelt å flytte sjåførrom.
- Det er vidare planlagt sykkelskur ved busshaldeplassen. Her er og utarbeidd plan for mjuke trafikkantar i område busshaldeplassen til Gaupne skule der tiltak vert prioritert som trafikktryggingstiltak i 2017 og 2018.
- Området rådhusparken og parkeringsplass rådhuset/Prix har, etter at rådhuset er ferdig renovert, behov for ein oppgradering.
- Og det blir tilrettelagt tilbod om offentleg toalett i tilknytning til Pyramiden.
- Hurtigladarar.

ENOVA gir tilskot på kr 200.000 pr. hurtigladar. Luster kommune vil kunne få tilskot til to hurtigladepunkt frå ENOVA. Ved bygging av ladestasjon med ein hurtigladar vil Luster kommune få støtte til to stasjonar. Bygger me ein stasjon med to hurtigladarar gir ikkje ENOVA støtte til fleire ladestasjonar i kommunen. Med tilskot frå ENOVA blir eigenfinansieringa på ca. kr 1. 150.000,- ved bygging av ein stasjon med to hurtigladarar, ev ca. kr. 1.500.000,- ved bygging av to stasjonar.

Det må og avgjerast kvar i kommunen dette er aktuelt. Skal det satsast på ein ladestasjon med to hurtigladarar eller skal det etablerast to ladestasjonar med ein hurtigladar på kvar?

Lokalisering: Gaupne det mest aktuelle alternativet for utbygging i Luster kommune. Gaupne har ei stor dagleg innpendling av arbeidsfolk med bilar, gjennomgangstrafikken er og stor på sommaren. Det har vore møte med Luster Energiverk, men dei er tilbakehaldne med å ta regien for slikt prosjekt.

Framdrift:

Tiltaka vil vere klar for utføring i 2018.

Økonomi:

Budsjett 2018 er overførde midlar frå 2017 og avsett 2018, tilsaman 1,9 mill.

**Prosjekt: 33571 Sentrumsoppgrusting
Ulike tiltak tettstadutvikling Dale/Luster.**

Oppstart 2017	Ferdigstilling 2018		
Prosjektkostnad: Ikkje berekna.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015		Planarbeid	
2016		Fullføring av	
31.12.16	122	planarbeid	
2017	1136	136	1000
31.12.17	136		
2018	2000		
2019	2500		
2020			

Prosjektomtale:

Det er starta planarbeid som ikkje har hatt ynskt framdrift. Jamfør planprogrammet skal reguleringsplan vedtakast vinter/vår 2017. Reguleringsplan vart godkjent i kst 14.06.2017.

I Dale/Luster er det eit større tiltak for å realisere gangveg/fortau langs fylkesvegen og busstopp/bussparkeringsplass.

Tiltaka krev samvirke med vegstyresmakter og andre private interessentar.

Det er å håpe, men mindre truleg, at det vil vere større bidrag frå vegeigar til tiltaka.

Det er gjort nokre vurderingar av detaljutforming m/kostnader. Dette vert no fornya med utgangspunkt i godkjent reguleringsplan.

Gjennomføring av heile reguleringsplan vil ha høgare kostnad enn lagt inn som løyving.

Framdrift:

Hentar inn arkitekt/rådgivar for vidare prosjektering/anbudsutlysning og avklaringar med fylkeskommunen/statens vegvesen som vegstyresmakt. Avklare tiltak fyrste halvdel av 2018

Økonomi:

Avsett midlar i 2018 og 2019 til tiltak.

**Prosjekt: 33571 Sentrumsoppusting
Ulike tiltak tettstadutvikling Gjerde.**

Oppstart 2018	Ferdigstilling 2020		
Prosjektkostnad: Ikkje berekna.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015		Planarbeid	
2016		Fullføring av	-72
31.12.16	122	planarbeid	
2017	200	128	
2018	200		
2019	2000		
2020	2500		
2021			

Prosjektomtale:

Det er starta planarbeid som ikkje har hatt ynskt framdrift. Jamfør planprogrammet skulle reguleringsplan vedtakast sommaren 2017. Planframlegget som var utarbeidd av konsulent måtte reviderast. Grunna manglande kapasitet vart det stopp i arbeidet for ein periode. Arbeid starta opp igjen hausten 2017

På Gjerde er det tiltak for å realisere gangveg/fortau, utbetring av kryssløysing, ny veg og parkeringsløysing langs fylkesvegen.

Endeleg utforming av plan ligg ikkje føre.

Det er ikkje gjort noko nærare kalkulasjonar over kostnader, men avsett løyving vil ikkje kunne dekke alle tiltaka.

Tiltaka krev samvirke med vegstyresmakter og andre private interessentar.

Det er å håpe, men mindre truleg at det vil vere større bidrag frå vegeigar til tiltaka.

Framdrift:

Vurderinga er at det vil ta ein del tid i 2018 å få fullført reguleringsplan som grunnlag for nye tiltak. Aktuelle tiltak skal og drøftast med dei private interessene i området.

Anleggsmessige tiltak vil dermed først vere aktuelle frå 2019.

Det må hentast inn arkitekt/rådgivar for vidare prosjektering/ anbudsutlysning og gjerast avklaringar med fylkeskommunen/statens vegvesen som vegstyresmakt.

Økonomi:

Det vert avsett 0,2 million kroner i 2018 og 4,5 million kroner fordelt på 2019 og 2020 til prioriterte tiltak.

Prosjekt: 38002 Anlegg idrett og friluftsliv 2016 -27
Ny kommunal plan /handlingsplan vedtøken i kommunestyret i desember 2015

Kommunale løyvingar til anlegg, årleg råmeløyving.

Prosjektkostnad: Ikkje berekna.

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	1000	1692	-2200
31.12.16	1692		
2017	3000		
2018	3000		
2019	3000		
2020	3000		
2021	3000		

Prosjektomtale:

Luster kommune har prioritert nye anlegg i "Kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-27» sitt 4-årige handlingsprogram. Løyvingane dekker den kommunale andelen av godkjend finansieringsplan til prosjekta. Løyvinga må sjåast i samanheng med statstilskot til bygging av idrettsanlegg (spelemidlar) og søkarane sin eigendel.

I ny handlingsplan er nokre anlegg prioriterte på nytt og framdriftsplanar er justerte. Det er pårekna at spelemidlar til større anlegg må pårekna relativ lang «ventetid» på dei statlege løyvingane (spelemidlane), som mest realistisk er frå 3 til 5 år.

Nye justerte kostnadsoverslag i søknadane om spelemidlar har auka kostnadane på nokre anlegg i høve opprinneleg planen.

I planen er fleire store anlegg prioriterte, men vil truleg ikkje vere søkegode i 2018.

Framdrift:

Oversikt over «forventa» utbetaling av kommunal del spelemidlar i 2018:

(A = anlegg prioritert med kommunalt tilskot, som skal ha «sluttløyving»

Ordinære anlegg:

A	Wittgenstein stien Fortun-Skjolden	kr	715.000
A.	Tursti Døsen – Jostedal, Jostedal	kr	94.000
A.	Tursti Krossen - Molden	kr	500.000
A.	Innendørs skytebane Hillestadstølen	kr	850.000
1.	Motorsport, Enduro-anlegg	kr	81.000
2.	Motorsport, Knattekross-anlegg	kr	127.000
3.	Luster idrettspark, kunstgras m.undervarme og lys delsum	kr	3.200.000
4.	Sogn skisenter, stadionanl. og nytt snøproduksjonsanl.	kr	910.000

Nærmiljøanlegg:

1.	Sogn Skisenter, hoppbakkar inkl. lysanlegg K 10 + K19	kr	333.000
		Tot. kr	4.651.000

Andre tiltak:

Turveg Marifjøra – Gaupne, eiga løyving.

Økonomi:

Det vert avsett 3 million kroner i 2018 og vidare i perioden.

Administrativ fullmakt, ajourføring av prioritering etter framdrift i søknadsprosess.

**Prosjekt: 33200 Anleggsutvikling – til fordeling.
Mindre investeringstiltak kommunale vegar og anlegg.**

Årleg løyving

Prosjektkostnad: 2 mill. kvart år

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	2000	2000	
2017	2000	2000	
2018	2000		
2019	2000		
2020	2000		
2021	2000		

Prosjektomtale:

Rammeløyvinga har vore nytta til tiltak i vegar og anlegg. Dei siste åra har asfaltering/reasfaltering teke om lag 50 % av årleg rammeløyving.

I planane for 2018 er desse tiltaka prioriterte:

- Mur Melheim
- Rekkverk og asfalt parkeringsplass Høyheimsvik og deler av bustadfeltet
- Asfaltering deler av Øyagata inkl. 2 farshumpar.
- Ny stikkrenne Øvrebømoen
- Nye murar og event. asfaltering Lomheim

Administrativ fullmakt.

Prosjekt: 33290 Trafikktryggingstiltak – plan for trafikktryggleik 2016 - 2028

Årleg løyving 0,5 mill.

Prosjektkostnad:

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	200	352	
2016	300	300	
2017	500	300	200
31.12.17	300		
2018	700		
2019	500		
2020	500		
2021	500		

Prosjektomtale:

Det er utarbeiddt og vedteken "Kommunal plan for trafikktrygging 2016-2028"

I samband med politisk handsaming, hausten 2015, vart det og prioritert tiltak 2016.

Fylkeskommune dekker inntil 75 % (60%) av kostnaden på tiltak under kategorien «aksjon skuleveg». Det kan vere aktuelt å vurdere eigne trafikktryggingstiltak, folkehelseiltak t.d turveg/gangveg-tiltak utanom dette.

Etter ein grundig runde i 2015 er det denne hausten gjort ein enkel oppsummering av aktuelle tiltak i handlingsplanen. Det ligg no føre plan for området ved Gaupne skule og det er naturleg å følgja opp dette tiltaket vidare i 2018.

Det vert lagt opp til ein større prioritering/sortering av tiltak i budsjettarbeidet for 2018.

Framdrift:

Følgjande tiltak vert prioritert som trafikktryggingstiltak i 2018;

- Fullføre trafikktryggingarbeidet ved Gaupne skule

Økonomi:

Det vert avsett 500.000 kvart år i økonomiplanperioden.(no 200' frå 2017.)

Prosjekt: Turveg Marifjøra - Gaupne			
Ombygg/nybygg			
Oppstart 2017			
Prosjektkostnad : mill.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2017	500		
2018	1000		
2019	2000		
2020			
2021			

Prosjektomtale:

Statens vegvesen planlegg å rehabilitere Røneidstunnelen. Framdrift av arbeidet er noko uklart etter at anbod er forkasta. Det var planlagt oppstart november - desember 2017 og arbeid ut 2018.

Luster kommune får stein fra strossing av Røneid tunnelen til å bygge turveg mellom Marifjøra og Gaupne.

Norconsult har utarbeidd vegprofil og mengdedata. Ut frå det er det nok massar heilt til Gaupne, bortsett frå eit parti der det ikkje er mogeleg å fylle. Statens vegvesen er bedt om å komme med ei alternativ løysning.

Luster kommune har kostnad med grunnkjøp, reinsk/rydding av trase til turveg, plastring og toppdekke.

Framdrift:

Arbeidet vil starte opp i 2018 og ferdigstillast i 2019. Med atterhald om vald løysning i området der det ikkje kan fyllast.

Økonomi:

På bakgrunn av usikkerheit på ovannemnde området er kostnaden med prosjektet usikkert. Det blir sett av 3 mill. til ferdigstilling av turveg, i tillegg har Miljødirektoratet løyvd kr. 150.000,-.

Prosjekt: Ferjebru Ornes			
Ombygg/nybygg			
Oppstart 2018			
Prosjektkostnad : 2 mill.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2018	1500		
2019			
2020			
2021			

Prosjektomtale:

Det er behov for større vedlikehald/utskifting av Ferjelem på Ornes ferjekai, stålbjelkane under ferjelemmen er sterkt korrodert.

I avtale datert 21.05.2015 har Luster kommune ansvar for drift og vedlikehald av ferjekai. Det står ikkje noko om ansvar for større utskiftinga/reperasjonar, men tidlegare større reperasjonar har kaieigar fått refundert etter dokumentert kostnad. Eventuell utskifting av ferjelem er av storleik der utleigar uansett måtte leigd inn kompetanse, så difor er dette lagt direkte inn i kommunen sitt budsjett.

Safe Controll har tidlegare hatt inspeksjon på kai. Etter inspeksjon i 2014 var det vurdert tiltak i hovudsak for overflatebehandling og utskifting av litt trevirke. Det var på dette tidspunktet anslått av tverrsnittreduksjonen var ca 10%.

Etter samtalar med Safecontrol er deira meining at forsøk på reparasjon av ståldragarane ikkje er økonomisk forsvarleg, og vanskeleg å utføre. Anbefaling er ny kai – dvs. ny stålkonstruksjon og nytt tredekke. Kostnad stipulert til 1,5mill. eks. mva.

Det er behov for formell avklaring med eigar.

Akseltrykket er sett ned til 4 tonn.

Framdrift:

Utskifting av ferjelem må gjennomførast før turistr trafikken i 2018 startar. Det vil bli undersøkt hjå Statens vegvesen om det er brukte ferjelemmar som kan nyttast

Økonomi:

Det er i budsjett 2018 sett av 1,5 mill. til utskifting av ferjelem.

VAR

Prosjekt: 34501 Vassforsyning			
Tiltak for å sikra kvalitet og kvantitet på kommunal vassforsyning			
Jamleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	1000		
2016	3750	819	-3250
31.12.16	819		
2017	5274	4000	1274
31.12.17	4000		
2018	5250		
2019	5000		
2020	4000		
2021	5000		

Prosjektomtale:

Hovudplan for vassforsyning m/handlingsplan vart vedteken i 2011 og gjeld fram til 2020. Handlingsplanen vart rullert i 2015. Ny handlingsplan viste behov for fleire større og kostnadskrevjande tiltak, for å sikre trygg og nok vassforsyning. Ut frå dette er kostnadsnivået i handlingsplanen for lågt. For 2017 vart investeringsråma auka til 6 mill.kr. og for 2018 4 mill kr. Arbeid med basseng for nedre Røslbakkane er starta opp, i tillegg til arbeid med Dale vassverk. Av økonomiske og søknadsmessige grunnar var det ikkje mogleg å få gjennomføringen av desse to tiltaka så snart som ønskjeleg. Tiltaka vil derfor halde fram i 2018, unytta investeringmidlar i 2017 vil bli nytta i 2018.

Grunna større hyttefelt og bustadfelt på Hafslo er behovet for nytt vassbasseng i reinseanlegget Kalhagen.

Eit stort tiltak, nye filter membranlegg Kalhagen, må me ha beredskap til å skifte ut.

Tiltaket har ein kostnad mellom 6-8 million kroner der noverande anlegg lever på «overtid.» I utgangspunktet ynskjer ein behalde det så lenge som mogeleg og det vert i utgangspunktet ikkje prioritert for utskifting i 2018.

For 2018 er det slik prioritering;	Stipulert kostnad
• Nytt basseng nedre Røslbakkane	6000
• Nytt vassbehandlingsanlegg Dale vassverk	3150
• Utviding basseng Kalhagen	1500

Vidare i økonomiplanperioden er det slik prioritering:

• Nye filter membranlegg Kalhagen	6-8000
• Utskifting kum og hydrant Melheim	500
• SD-anlegg utviding og tilknytning anlegg 50 000 per punkt,	250
• Lekkasjesøk og sonemålarar. Innmåling kummar	500
• Kommunalt vatn Eidslandet	

Ny vassforsyning til Marifjøra skal utgreiast i ulike alternativ.
Administrativ fullmakt

Prosjekt: 35302 Avløpstiltak			
Tiltak kopla til kommunedelplan for avløp 2004-15.			
Jamleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	1000		1554
2016	3570	2005	-1400
31.12.16	2005		
2017	5944	5000	944
31.12.17	5000		
2018	4950		
2019	4000		
2020	4000		
2021	4000		

Prosjektomtale:

Luster kommune sin gjeldande kommuneplan, 2016-2025, legg grunnlaget for prioritering av tiltak fram til 2025.

Tiltaka under er utarbeida med bakgrunn ny handlingsplan (Del 2 av kommuneplanen) og gjeld for 2016 – 2020.

For 2018 er det slik prioritering;

- Nytt avløpsanlegg Veitastrond 1 500
- Ny pumpestasjon Ekservollen 1 200
- Hus over p-stasjon som i dag er utan hus. 70
- SD-anlegg utviding og tilknytning anlegg, 200
- Nytt reinseanlegg Lundshaugen dersom nytt byggjefelt 2 000

Vidare i økonomiplanperioden er det slik prioritering:

- Nytt avlaupsreinseanlegg Veitastrond byggjefelt 1500
- Tilrettelegging Grindane/Brufat byggjefelt 3000
- Kommunalt avlaupsanlegg Eidslandet 1500

Avlaupsanlegg Marifjøra skal utgreiast.

Administrativ fullmakt

**Prosjekt: Toalett Krossen og Bergset
Ombygg/nybygg**

Oppstart 20

Prosjektkostnad : mill.

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2018	800		
2019	600		
2020			

Prosjektomtale:

På Krossen og på Bergset vart det bygt toalett få år sidan. Det er såkalla «snurredass» der alt går ned i tette bøtter, totalt 5 stk, som må dreiest når dei er fulle. Når siste bøtta er full skal det i teorien vere kompost i denne.

Med dei turistmengdene som er på desse plassane så må bøttene tømmast annakvar/tredjekvar veke. Då er innhaldet flytande, i tillegg samlar det seg mykje på plata under bøttene som gjer at det blir ei forferdeleg lukt.

Dette er uholdbart og ikkje forsvarleg. Ingen vil nå gjere dette arbeidet lengre, og som fører til at det må leigast inn septikkbil når det skal tømmast. Noko som ikkje er økonomisk forsvarleg.

Det må på plass andre løysingar på desse plassane. Må vurdere løysning med toalett og tett tank. På begge plassar er det straum og mogeleg å setje ned tank. Men på Krossen må det borast etter vann, eventuelt vurdere anna løysning.

Løysninga er ikkje sjekka ut med rådgivarar, og har heller ikkje sikre tal på utskifting.

På grunn av at det må borast etter vann, og truleg sprengjast for tank på Krossen vil den bli inntil 0,2 mill. dyrare enn på Bergseth. Kostnad Krossen 0,8 mill. Bergset 0,6 mill.

Framdrift:

Optimalt hadde vore å få skifta ut begge toalett i 2018, men det er vurdert at det er størst behov på Krossen.

Økonomi:

Det er i budsjett 2018 sett av midlar for utskifting på Krossen. Bergseth i 2019

BUSTADBYGGING

Kommunestyret vil få lagt fram sak/saker med utbyggingsvedtak der ein prioriterar felt og ser på ev stegvis utbygging for å tilpasse utbyggingstakt til behov/etterspørsel.

Ved byggjerekneskap Beheim 2, Verket 2 og Kvitevollen vart det avsett midlar til asfaltering av felta som med fordel kan utsetjast noko. (til større delar av feltet er utbygd)

På kort sikt er det oppgåver på Indre Hafslo /Lundshaugen som vert prioritert.(eige tiltak)

Utover dette vert det sett opp eit tiltak ; Bustadfelt infrastruktur, der det vert reservert ei ev investeringsramme til vidare bustadbygging.

Lundshaugen			
Oppstart 2016			
Prosjektkostnad: Ikkje klart			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	300	0	
2017	485	50	430
31.12.17	50		
2018	430		
2019	1000		
2020			

Prosjektomtale:

Det har i 2016 vore drøfta vidare strategi for bustadbygging Indre Hafslo. I flg planprogrammet vert følgjande strategi lagt til grunn;

- 1) Friområde v/eksisterande felt vert omregulert til bustad og vil gi 2 tomtar.
-planarbeid vert starta vinter -17.
- 2) Eksisterande felt vert utvida ved forlenging av veg og vil kunne gi 5-6 tomtar.
-grunnerverv og planarbeid vert førebudd.
- 3) Vinda og Marifjøra vert nærare vurdert seinare.
-utviding er med i KPA. Begge områda er krevjande når det gjeld tilrettelegging av Infrastruktur. (VA)

Arbeidet med planlegging og tilrettelegging for 2 tomtar i eksisterande felt og avklaringar om grunnerverv har tatt lengre tid enn forventa. Arbeidet vil pågå inn i 2018.

Framdrift:

I 2017/18, planlegging og tilrettelegging for 2 tomtar ved omregulering av friområde.

I 2017/18 avklaring av grunnerverv for utviding av eksisterande felt.

I 2019 planlegging/ utviding av bustadfeltet. (5-6 tomtar)

Økonomi:

Til planlegging/infrastruktur er det sett av 0,4 mill i budsjett 2018, som er overførde midlar frå 2017, og 1 mill. i budsjett 2019.

Bolstadmoen			
Oppstart :2016 Ferdigstilling			
Prosjektkostnad: Ikkje klart			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	931	931	
2017	654	0	654
31.12.17	0		
2018	654		
2019			

Prosjektomtale:

Reguleringsplanarbeid (11 daa) for ca 10 bueiningar er gjennomført. Planarbeid i eigen regi. Arkeologiske undersøkingar er no gjennomført. Reguleringsplan er godkjent.

Prosjekt er ikkje klart, men nokre tomtar kan truleg etablerast med små investeringar og på bakgrunn av «enkel planlegging.».

Utbyggingsrekkefølge: B4 før B3. B1 og B5 før B7. B3, B4 og B6 er tomtar for einebustadar. Luster kommune er eigar av B1, B6 og B7.

Framdrift:

Det er opparbeida VVA for tomtane B1,(konsentrert bustadbygging) B6 (einebustadtomt) og B7 (tomannsbustad). På bakgrunn av at B1 og B5 må byggjast ut før B7 må Luster kommune starte forhandling om grunnkjøp på områda B4 og B5 i 2017

Økonomi:

Det vert avsett 0,5 mill i 2017 til vidare arbeid, grunnerverv, detaljplanlegging og infrastruktur.....

På bakgrunn av utbyggingskostnadar blir tomtepris for B6 satt til det same som på Høyheimsvik, kr. 400.000,-.

For B1 og B7 blir tomteprisen satt til kr. 600.000,-

Tomtepris for områda B4 og B5 må ein komme tilbake til når ein har oversikt over utbyggingskostnadane.

31500 Bustadfelt infrastruktur				
Oppstart				
Prosjektkostnad: Ikkje klart				
År	Budsjett	Forbruk	Regulering	
2016				
2017				
2018				
2019				
2020	5000			
2021	5000			

Prosjektomtale:

Kommunen er pr dato godt oppdekka kva gjeld byggjeklare bustadtomtar.

Utviklinga syner og noko større initiativ frå private utbyggarar. Trend med hovudsakeleg einebustadtomtar står og for fall ved at etterspørselen er meir variert etter ulike bustadtypar.

Fullføring av eksisterande felt står i noko mon til rest med asfaltering. Ved avlegging av byggjerekneskap i 2017 vil ein sikra restmidlar til framtidig asfaltering.

Jf ovanfor så er det eit framlegg for Indre Hafslo/Lundshaugen som gir eit tilbod på kort/mellomlang sikt. Vidare utbygging her om det gjeld Marifjøra eller Vinda er krevjande med omsyn til kostnader på VA. Dette vert nærare utgreidd.

Ei anna utfordring i ØP vil vera å ha byggjeklare einebustadtomtar i Gaupne. Eit visst potensiale er i eksisterande felt og ved fortetting. I KPA er det føresett å planleggje og byggje ut Grindane. Det ligg føre krav om utbyggingsrekkefølge slik at Grindane ligg litt fram i tid, men planlegging og infrastruktur må førebuast.

Framdrift:

Asfaltering vil bli gjennomført etter at vesentleg delar av byggjefeltet er utbygd, seinast etter 5 år.

Vidare framdrift og prioritering nye felt Indre Hafslo og Gaupne vert utsett til neste budsjettarbeid.

Økonomi:

Det vert avsett til investeringsfond/asfalt- må sjåast i samanheng med salsinntekter.

Det vert avsett til infrastrukturløyvingar 5 mill i 2019 og 5 mill i 2020.

**Prosjekt: Bustadsosial
Ombygg/nybygg**

Oppstart 2018

Prosjektkostnad : 5 mill.

År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2018	5000		
2019			
2020			
2021			

Prosjektomtale:

Huseigar ved Gaupne barneskule har meldt til kommunen at dei ynskjer å selje eigedommen. Administrasjonen har meldt tilbake at kommunen er interessert i å kjøpe for takst.

Fram til det er avklart kva området skal nyttast til, kan bustadane nyttast som utleigebustadar.

Framdrift:

Kjøp av bustadar i 2018

Økonomi:

Det vert avsett til kjøp av bustad 5 mill. i 2018

FELLESYSTEM

Prosjekt 12050: Tele og datakommunikasjon IKT			
Årleg løyving			
Prosjektkostnad: 1-1,5 million pr år.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	1250	1250	
2017	2000		
2018	1500		
2019	1000		
2020	1000		
2021	1000		

Prosjektomtale:

Fornyng av maskinvare og felles administrativ programvare må gjennomførast kontinuerleg. I 2018 er desse særskilde prosjekta/tiltaka prioriterte:

- Backup system
- Nytt SAN (lagringssystem)
- Microsoft Server Datasenter lisenser
- Fornyng av Svitchar
- Telefoni
- Digitale utviklingstiltak og velferdsteknologi i helse- og omsorgstenesta
- Digitale utviklingstiltak innan oppvekstområde
- Digitale utviklingstiltak innan teknisk område og administrasjon

Administrativ fullmakt.

Prosjekt 20210: Fellesløyving inventar og utstyr til fordeling. Fellespost til innkjøp av utstyr og inventar.			
Årleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	250		
2017	200		
2018	200		
2019	200		
2020	200		
2021	200		

Prosjektomtale:

Behov for skifte av inventar og utstyr som det ikkje er mogleg å dekkja over rammer i einingsbudsjetta.

Felles kartlegging og prioritering vert gjort gjennom tenesteplanane for 2017.

Prioritert i 2018:

Inventar etter nærare vurdering.

Administrativ fullmakt.

Prosjekt 30301: Oppmåling, kartverk			
Utvikling av kart, karttenester med tilhørende utstyr.			
Årleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	300	0	-300
2017	300		
2018	300		
2019	300		
2020	300		
2021	300		

Prosjektomtale:

Kommunen deltek i regionalt samarbeid som påverkar prioriteringar og framdrift. Geodataplan Sogn og Fjordane prioriterar nykartlegging.

Revisjon av plan vil klargjere tiltak, fordeling av kostnader og framdriftsplan for tiltak i Luster kommune. Kartprosjekt i Regionrådet er og aktuelt.

Administrativ fullmakt.

Prosjekt 30302: Adresseprosjekt, Skilt - skilting			
Oppstart: 2014 Ferdigstilling: 2017			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2014	200	0	-200
	0		
2015	698	0	-698
31.12.15	0		
2016	1500	0	-1500
31.12.16	0		
2017	1500	100	1400
31.12.17	100		
2018	1400		

Prosjektomtale:

I regionen er det oppretta eit felles adresseprosjekt, og i den forbindelse er det utarbeidd likelydande forskrifter. Kommunestyre i Luster vedtok den 23.mai 2015 lokal forskrift for namnsettjing, adressering og adresseforvaltning, gjeldande for Luster kommune. Plan og forvaltningstyret har følgd opp saka med fastsettjing av vegnamn.

Adressenamn er vedtekne. Arbeid med tildeling av adresse og utsending av vedtak starta i 2015. Omadressering av eksisterande adresser er gjennomført i 2017. Oppsetting av skilt vil starte opp vinteren 2017 og pågå i heile 2018

Kostnaden gjeld skiltekostnader.

Framdrift:

Administrativ fullmakt.

Prosjekt: Lån i Husbanken til vidare utlån			
Årleg løyving.			
Prosjektkostnad: 5 mill pr år.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2017	5000		
2018	5000		
2019	5000		
2020	5000		
2021	5000		

- Endra finansieringsregelverk aktualiserar større bruk av startlån. Det bør vurderast auka låneopptak for vidare utlån.

Prosjekt: Eigenkapitaldekning KLP			
Årleg løyving.			
Prosjektkostnad: 1-1,5 mill pr år.			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2016	1200		
2017	1300		
2018	1500		
2019	1500		
2020	1500		
2021	1500		

- Auka pensjonsplikter fordrar auka garantidekning.

Prosjekt 39001: Kyrkjeleg fellesråd. Investeringsstilskot til kyrkjeleg fellesråd.			
Årleg løyving			
Prosjektkostnad:			
År	Budsjett	Forbruk	Regulering
2015	750		
2016	200		
2017	250		
2018	250		
2019	250		
2020	250		
2021	250		

Prosjektomtale:

Kommunen skal yta drifts- og ev investeringstilskot til kyrkjeleg fellesråd.

Kyrkjeleg fellesråd disponerer sjølv midlane som dei får tildelt.

Andre investeringstiltak, anleggsbidrag, utviklings- og utgreiingsarbeid.

ATS –utviklingstiltak.

Tiltak frå utviklingsarbeidet til ATS, nytt bygg for brukthandel, verkstad, toalett, pauserom vedhall mv., er m.a. grunna dei økonomiske utsiktene sett på vent.

ATS har skildra eit ønska alternativ for utbygging, der ein har teke inn eigne planar for ein ny bruktbuikk, kombinert med at ein føreslår å løysa utfordringa med lagerhold for ergoterapitenesta og utstyrsentral for folkehelsekoordinator inkludert ein liten reparasjons- og reinhaldsverkstad. Vidare har ein føreslått å leggja inn eit grupperom/møterom, areal for ein liten kafèkrok og vareutsal for andre varer frå ATS. Med bakgrunn i trafikk- og tryggleikssituasjonen på tunet til ATS føreslår ein også å ta inn ein carport for dei største bilane til ATS i det nye bygningsarealet.

Etter ei totalvurdering ser ein ikkje føre seg at eventuelle eksisterande lokale andre stader i bygda, enn gamle brannstasjonen, vil kunna stetta dei behov ein har for «samkøyring» og utnytting av eventuelle synergjar like godt som nybygg i tilknytning til eksisterande bygningar. Og personalgruppa ved ATS er involvert i planane.

Arne Øyen er engasjert til å vurdere bygget samt lage eit første utkast til planteikning/utnytting.

Bygningen er ikkje fornya eller vesentleg oppgradert og framstår i dag tilnærma slik den vart oppført. Det meste av bygget er til dels sterkt preg av slitasje, manglande oppgradering og vedlikehald.

For å tilfredsstille dagens krav må bygningen gjennom ein omfattande oppgradering både utvendig, innvendig og for tekniske anlegg. For tilpassing til ny bruk er det og nødvendig med ein del ombygging og et mindre tilbygg med felles gang for å unngå ein del innvendig riving/ombygging og for å få ein effektiv utnytting av bygget.

Alle tekniske anlegg i bygningen må fornyast. Det omfattar nytt røyropplegg og sanitæranlegg, nytt ventilasjonsanlegg og tilnærma nytt elektrisk anlegg.

Som garasje/lagerplass er det lagt inn kostnader med ny rubbhall med storleik 10x20 m.

Foreløpig kalkyle er på 6 mill. inkl. mva. +/- 20%

Rådmannen ser ikkje at det er rom for denne investeringa no.

Det bør og vurderast om den aktuelle bygningsmassen skal sanerast eller oppgraderast, og om ATS si utbygging/sine utviklingstiltak skal gjennomførast på eit anna område.

Bru Lie, Indre Hafslo – ombygging, nybygg.

Kommunal veg Lie- Morki har eit vanskeleg parti der det er ei smal bru, og skarp sving inn og ut av bru. I området er det eit steinbrot som har meldt tilbake at brua og hindrar dei å få store maskiner fram.

Luster kommune fekk i si tid brubjelkane frå Gullringen. Dei var tenkt nytta på bru Mjølver, men der vart det valt anna løysing.

Norconsult har vurdert bjelkane samt vore på synfaring i Lie, og melder tilbake at det er fullt mogeleg å nytte brubjelkane til å rette opp vegen, og då få ei betre bru. Norconsult er tinga til å prosjektere arbeidet.

Kostnad med fundament er kalkulert til 0,9 mill. I tillegg kjem kostnad med toppdekke og rekkverk, samt transport og montering av brubjelkar. Stipulert til 0,6 mill.

Prosjektarbeidet så langt har vore basert på at det var aktuelt med eit spleiselag mellom Luster kommune og firma som driv steinbrotet. Firmaet har gitt tilbakemelding på at det pr. d.d er uaktuelt.

Veg Harastølen

Det er planar om at Harastølen skal rehabiliterast. Og av den grunn er det behov for oppgradering av vegen til Harastølen.

Utbyggar av Harastølen har vurdert at vegen treng opprusting for inntil 5 mill.

Arbeid vil bli utført av utbyggar på Harastølen, og Luster kommune vil betale 5 mill. som anleggsbidrag for Harastølsvegen. Eventuell meirkostnad må utbyggar sjølve dekke kostnaden med.

Dersom planane med rehabilitering av Harastølen ikkje blir gjennomført må det løyvast ein mindre sum til nødvendig reparasjon av vegen. Eventuell reparasjon/vedlikehald i eigen regi må ein komme tilbake til, både tid og økonomi.

Brannsikring Solvorn.

Tiltak er gjennomført, men det gjenstår tiltak frå opphøveleg plan.

På bakgrunn av tiltaksplanen har ein prioritere varslingsiltak og vannpostar.

I 2016 vart brannvarslingsanlegget ferdig utbygt og det sett opp 5 stk vasspostar m/50 meter vasslang i Solvorn sentrum. Desse kan nyttast av alle og er enkle å betjene.

Det er førebels ikkje avsett ytterlegare investeringsmidlar og det er noko uavklara omkring status på eksterne tilskotsmidlar.

Anleggsbidrag Breidband.

Det er prioritert å få dekkja fleire bygdelag med breidband så raskt som mogeleg.

Det er gjort vurderingar om at kommunalt anleggsbidrag på 3,5 million er nødvendig til attståande bygder. 2-2,5 million i 2018 og 1-1,5 million i 2019. Dette er samsnakka med Luster energiverk og realistisk å få til. Det vil vere råd å finansiere anleggsbidraga 2,5 million i 2018 og 1-1,5 million i 2019, via det kommunale næringsfondet. Tiltådinga i eige punkt føl budsjettsaka.

Digitalisering.

Fleire tiltak på området bør prioriterast og det er ikkje innarbeidd økonomiske løyvingar i det ordinære budsjettframlegget. Tiltaka er heller ikkje naturleg å ta inn i driftsrammene, sjølv om målsetjinga er å effektivisere forvaltning og kommunikasjon.

- Her er ei stor sak med å få digitalisert papirarkiv. Arbeidet må setjast vekk til fylkesarkivet eller anna tilbydar. Kostnad vil vere om lag 1,5 million kroner basert på dei vurderingane som er gjorde.
- KS og departementet etablarar eit større prosjekt for etablering av kommunale fellesløysingar. Kommunane er utfordra til å ta del i spleiselag med 20 kroner pr innbyggjar, dvs vel 100.000 i kontingent på Luster kommune.
- Søknad om å delta i nasjonal ordning, utviklingsprosjekt som skal bidra til auka digitalisering i kommunane.
- OU - rådhuset bør ha eit delprosjekt på digitalisering; integrasjon, arbeidsflyt og kommunikasjon inn/ut som sentrale stikkord.
- Betre IKT-verktøy for analyse, budsjettering, økonomiplanlegging og styring i kommunen.

Det er rådmann si vurdering at me bør prioritera økonomi til dette arbeidet.

Me treng finansiere digitalisering av papirarkivet, KS-kontingent og noko utviklingsmidlar til vidare arbeid no. Det vil vere råd å finansiere 2,5 million av disposisjonsfondet. Tilrådinga i eige punkt føl budsjettsaka.

Tungestølen – eiga sak, er handsama, til utbetaling 2018.

Witgenstein – eiga sak, til handsaming.

Hangar Sogndal Lufthamn – eiga sak, vert førebudd for handsaming.(tilskot)

Vitensenteret Kaupanger – eiga sak, vert førebudd for handsaming.(a/s-kapital.)

Diverse andre kommunale byggjetiltak til nærare vurdering;

Brannstasjon Luster – sal/riving.....(avvente planlegging.)

Gamle symjebassenget Gaupne.....

Gamlestova barnehage, vedlikehald vs flytting....

Bustader Bringebakkane. vedlikehald / sal

Billagsbygget Hafslo/ sentrumstiltak Hafslo.....

Gamlebrua Gaupne – renovering

Flystripa, opprydding

Molo Engedalselva

Parkering Solvorn

Opprydding kaiområde Gaupne

Kaiområde Solvorn.

Hafslo omsorgssenter.

Rassikring Luster omsorgssenter og uteområde Huttiheiti

Henriksen geopraksis gjennomføre i 2017 ein befarang, etter at Luster kommune mottok ein bekymringsmelding, av ein fjellsprekk over Luster omsorgssenter og uteområde Huttiheiti til Luster oppvekstsenter. I etterkant utarbeidet Henriksen eit notat. Deira konklusjon var at uteområdet bør ikkje nyttast meir enn absolutt nødvendig. Og for omsorgssenteret må det vurderast sikringstiltak som kan bringe sikkerheita mot steinsprang til akseptabelt nivå. Det omtalte fjellpartiet må undersøkast nærmare for å avklare eventuelle avløysande sprekkar og områdestabilitet. Dette kan gjennomførast ved hjelp av kartlegging med drone og når det ikkje er lauv på skogen.

Nærmare vurdering av fjellpartiet må gjennomførast i 2018.

8. Økonomiske taloversyn

Budsjettskjema 1A – drift

	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	149 088 715	150 149 000	155 668 000
Ordinært rammetilskudd	156 013 086	158 619 000	161 887 000
Skatt på eiendom	61 194 517	49 370 000	49 092 000
Andre direkte eller indirekte skatter	15 274 530	15 723 980	15 957 968
Andre generelle statstilskudd	13 977 443	12 700 000	14 605 000
Sum frie disponible inntekter	395 548 291	386 561 980	397 209 968
Renteinntekter og utbytte	6 272 136	4 830 000	5 230 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	2 459 025	3 000 000	5 000 000
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	9 521 895	8 000 000	7 300 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-
Avdrag på lån	23 602 019	15 075 000	16 000 000
Netto finansinnt./utg.	-24 392 753	-15 245 000	-13 070 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	-	-	-
Til ubundne avsetninger	10 423 716	-	-
Til bundne avsetninger	36 364 692	24 723 980	24 274 530
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	8 653 716	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	9 790 000	7 015 636	3 041 137
Bruk av bundne avsetninger	16 372 590	17 700 000	19 700 000
Netto avsetninger	-11 972 102	-8 344	-1 533 393
Overført til investeringsbudsjettet	-	-	-
Til fordeling drift	359 183 436	371 308 636	382 606 575
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	351 748 861	371 308 636	382 606 575
Mer/mindreforbruk	7 434 574	-	-

Budsjettskjema 1B – netto driftsutgifter pr. funksjon

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Endring %
Tal i kr.1000			
Politisk verksemd	3 577	3 019	-15,6
Administrasjon, styring og fellesutgifter	39 166	36 708	-6,3
Barnehagar	39 293	41 295	5,1
Grunnskuleopplæring	90 687	93 436	3,0
Kommunehelse	21 558	19 393	-10,0
Pleie og omsorg	120 369	135 680	12,7
Sosialteneste	13 474	13 431	-0,3
Barnevern	9 856	9 771	-1,9
Teknisk drift	11 298	10 579	-6,4
Teknisk forvaltning	2 748	3 223	17,3
Brann- og ulukkesvern	5 245	5 501	4,9
VAR	-7 041	-7 713	9,6
Næringsutvikling og naturforvaltning	252	-2 014	
Kultur	14 527	13 943	-4,0
Kyrkje	6 300	6 354	0,9
	371 309	382 606	3,0

Budsjettskjema 2A – investering

	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Investeringer i anleggsmidler	75 597 927	56 380 000	52 834 000
Utlån og forskutteringer	5 419 500	5 000 000	5 000 000
Kjøp av aksjer og andeler	1 405 907	1 300 000	1 500 000
Avdrag på lån	116 396 063	-	-
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-
Avsetninger	1 310 661	-	-
Årets finansierungsbehov	200 130 058	62 680 000	59 334 000
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	65 721 720	47 680 000	40 000 000
Inntekter fra salg av anleggsmidler	830 673	6 000 000	9 334 000
Tilskudd til investeringer	4 084 000	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	6 588 889	9 000 000	10 000 000
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	122 004 775	-	-
Andre inntekter	-	-	-
Sum ekstern finansiering	199 230 058	62 680 000	59 334 000
Overført fra driftsbudsjettet	-	-	-
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-
Bruk av avsetninger	900 000	-	-
Sum finansiering	200 130 058	62 680 000	59 334 000
Udekket/udisponert	-	-	-

Budsjettskjema – økonomisk oversyn drift

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Driftsinntekter			
Brukerbetalinger	20 456 709	16 160 543	18 415 553
Andre salgs- og leieinntekter	40 357 684	44 921 757	48 609 110
Overføringer med krav til motytelse	60 273 607	38 774 125	32 509 438
Rammetilskudd	156 013 086	158 619 000	161 887 000
Andre statlige overføringer	13 977 443	12 700 000	14 605 000
Andre overføringer	-	60 000	60 000
Skatt på inntekt og formue	149 088 715	150 149 000	155 668 000
Eiendomsskatt	61 194 517	49 370 000	49 092 000
Andre direkte og indirekte skatter	15 274 530	15 723 980	15 957 968
Sum driftsinntekter	516 636 291	486 478 405	496 804 069
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	274 202 415	259 723 722	270 861 918
Sosiale utgifter	62 984 798	62 472 215	66 695 685
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	94 918 106	85 960 636	88 565 746
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	52 675 628	55 437 862	54 450 192
Overføringer	33 687 074	40 103 012	33 207 809
Avskrivninger	26 465 464	-	-
Fordelte utgifter	-35 352 204	-32 512 386	-31 620 674
Sum driftsutgifter	509 581 279	471 185 061	482 160 676
Brutto driftsresultat	7 055 012	15 293 344	14 643 393
Finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	6 272 136	4 830 000	5 230 000
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmid	2 459 025	3 000 000	5 000 000
Mottatte avdrag på utlån	13 892 554	7 700 000	7 700 000
Sum eksterne finansinntekter	22 623 714	15 530 000	17 930 000
Finansutgifter			
Renteutgifter og låneomkostninger	9 521 895	8 000 000	7 300 000
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-
Avdrag på lån	23 602 019	15 075 000	16 000 000
Utlån	3 275 600	7 740 000	7 740 000
Sum eksterne finansutgifter	36 399 514	30 815 000	31 040 000
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-13 775 799	-15 285 000	-13 110 000
Motpost avskrivninger	26 465 464	-	-
Netto driftsresultat	19 744 676	8 344	1 533 393
Interne finanstransaksjoner			
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	8 653 716	-	-
Bruk av disposisjonsfond	10 060 000	7 015 636	3 041 137
Bruk av bundne fond	16 372 590	17 700 000	19 700 000
Sum bruk av avsetninger	35 086 306	24 715 636	22 741 137
Overført til investeringsregnskapet	-	-	-
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	11 031 716	-	-
Avsatt til bundne fond	36 364 692	24 723 980	24 274 530
Sum avsetninger	47 396 408	24 723 980	24 274 530
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	7 434 574	-	-

Budsjettskjema – økonomisk oversyn investeringar

	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Inntekter			
Salg av driftsmidler og fast eiendom	815 673	6 000 000	9 334 000
Andre salgsinntekter	-	-	-
Overføringer med krav til motytelse	460 051	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	6 588 889	9 000 000	10 000 000
Statlige overføringer	-	-	-
Andre overføringer	4 084 000	-	-
Renteinntekter og utbytte	-	-	-
Sum inntekter	11 948 613	15 000 000	19 334 000
Utgifter			
Lønnsutgifter	-	-	-
Sosiale utgifter	-	-	-
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	63 744 070	56 130 000	52 834 000
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	-	-	-
Overføringer	11 853 857	250 000	-
Renteutgifter og omkostninger	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	-
Sum utgifter	75 597 927	56 380 000	52 834 000
Finansransaksjoner			
Avdrag på lån	116 396 063	-	-
Utlån	5 419 500	5 000 000	5 000 000
Kjøp av aksjer og andeler	1 405 907	1 300 000	1 500 000
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-
Avsatt til ubundne investeringsfond	-	-	-
Avsatt til bundne investeringsfond	1 310 661	-	-
Sum finansieringstransaksjoner	124 532 131	6 300 000	6 500 000
Finansieringsbehov	188 181 444	47 680 000	40 000 000
Dekket slik:			
Bruk av lån	65 721 720	47 680 000	40 000 000
Salg av aksjer og andeler	15 000	-	-
Mottatte avdrag på utlån	121 544 724	-	-
Overført fra driftsregnskapet	-	-	-
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	900 000	-	-
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-
Sum finansiering	188 181 444	47 680 000	40 000 000
Udekket/udisponert	-	-	-


Økonomiplan 2018 – 2020, drift

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter				
Brakerbetalinger	18 415 553	18 415 553	18 415 553	18 415 553
Andre salgs- og leieinntekter	48 609 110	48 609 110	50 000 000	50 000 000
Overføringer med krav til motytelse	32 509 438	32 509 438	32 509 438	32 509 438
Rammetilskudd	161 887 000	162 548 000	162 632 685	162 522 000
Andre statlige overføringer	14 605 000	14 605 000	14 605 000	14 605 000
Andre overføringer	60 000	60 000	60 000	60 000
Skatt på inntekt og formue	155 668 000	155 668 000	155 668 000	155 668 000
Eiendomsskatt	49 092 000	54 000 000	54 000 000	54 000 000
Andre direkte og indirekte skatter	15 957 968	15 957 968	15 957 968	16 068 653
Sum driftsinntekter	496 804 069	502 373 069	503 848 644	503 848 644
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	270 861 918	271 557 405	271 557 405	271 557 405
Sosiale utgifter	66 695 685	66 862 287	66 862 287	66 862 287
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	88 565 746	88 830 746	88 830 746	88 830 746
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	54 450 192	54 340 192	54 340 192	54 340 192
Overføringer	33 207 809	32 330 720	32 330 720	32 330 720
Avskrivninger	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-31 620 674	-31 870 674	-31 870 674	-31 870 674
Sum driftsutgifter	482 160 676	482 050 676	482 050 676	482 050 676
Innsparingar drift		5 000 000	5 000 000	5 000 000
Brutto driftsresultat	14 643 393	25 322 393	26 797 968	26 797 968
			-	-
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	5 230 000	5 230 000	6 000 000	6 000 000
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Mottatte avdrag på utlån	7 700 000	7 700 000	7 700 000	7 700 000
Sum eksterne finansinntekter	17 930 000	17 930 000	18 700 000	18 700 000
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostninger	7 300 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	16 000 000	21 000 000	25 000 000	25 000 000
Utlån	7 740 000	7 740 000	7 740 000	7 740 000
Sum eksterne finansutgifter	31 040 000	36 240 000	40 240 000	40 240 000
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-13 110 000	-18 310 000	-21 540 000	-21 540 000
Motpost avskrivninger	-	-	-	-
Netto driftsresultat	1 533 393	7 012 393	5 257 968	5 257 968
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	3 041 137	-	-	-
Bruk av bundne fond	19 700 000	19 700 000	19 700 000	19 700 000
Sum bruk av avsetninger	22 741 137	19 700 000	19 700 000	19 700 000
Overført til investeringsregnskapet	-	-	-	-
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	-	1 754 425	-	-
Avsatt til bundne fond	24 274 530	24 957 968	24 957 968	24 957 968
Sum avsetninger	24 274 530	26 712 393	24 957 968	24 957 968
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	-	-	-	-

Økonomiplan 2017 – 2020, investering

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	9 334 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000
Andre salgsinntekter	-	-	-	-
Overføringer med krav til motytelse	-	-	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	10 000 000	8 000 000	10 000 000	6 000 000
Statlige overføringer	-	-	-	-
Andre overføringer	-	-	-	-
Renteinntekter og utbytte	-	-	-	-
Sum inntekter	19 334 000	17 000 000	19 000 000	15 000 000
Utgifter				
Lønnsutgifter	-	-	-	-
Sosiale utgifter	-	-	-	-
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	52 834 000	46 350 000	57 500 000	36 250 000
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	-	-	-	-
Overføringer	-	-	-	-
Renteutgifter og omkostninger	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	-	-
Sum utgifter	52 834 000	46 350 000	57 500 000	36 250 000
Finansieringsbehov	40 000 000	35 850 000	45 000 000	27 750 000
Finansieringsbehov	40 000 000	35 850 000	45 000 000	27 750 000
Dekket slik:				
Bruk av lån	40 000 000	35 850 000	45 000 000	27 750 000
Salg av aksjer og andeler	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	-	-	-	-
Overført fra driftsregnskapet	-	-	-	-
Bruk av tidligere års udisponert	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-	-
Bruk av bundne investeringsfond	-	-	-	-
Sum finansiering	40 000 000	35 850 000	45 000 000	27 750 000
Udekket/udisponert	-	-	-	-

9. Planleggingsprogram 2018– 2021



Kommuneplanen sin arealdel i det kommunale plansystemet

Generelt

Kravet til styring og samordning gjennom planlegging er blitt stadig sterkere. Gjennom reglane i plan- og bygningslova er kommunane m.a. pålagde å utarbeide samla kommuneplan for utvikling og samordna oppgåveløysing. Kommunane har vidare mynde til å styre arealbruken gjennom å utarbeide arealplanar.

I politisk delegeringsreglement er det fastsett at formannskapet skal fungere som kommuneplannemnd, medan plan- og forvaltningsstyret tek seg av oppgåver knytt til utarbeiding av reguleringsplanar, dispensasjonar frå gjeldande arealplanar m.m..

I plan- og bygningslova er det sett krav om at alle kommunar skal ha planregister, m.a. for at brukarar skal kunne nytte elektroniske byggjesøknader. Luster kommune har no elektronisk planregister i samsvar med krav i lovverket.

Krav og utfordringar

I gjeldande lovverk er det teke inn reglar som stiller sterke krav til samordning av ulike omsyn på alle plannivå. Dette gjeld t.d. krav om vurdering av tryggleik gjennom utvida ROS-analyser («Risiko- og sårbarhetsanalyser»). Kommunane er pålagde å gjennomføre planarbeid både gjennom reglar i plan- og bygningslova, PLBL, og i særlover. Planlegging etter reglane i plan- og bygningslova skal femne vidt, dette går fram av føremålsparagrafen der det er lagt vekt på miljø og berekraftig utvikling, og av lovene om folkehelse og om naturmangfald. Luster kommunane skal leggje sterk vekt på desse tema i sitt planarbeid, dette er teke inn i vedteken planstrategi, jf. avsnittet nedanfor.

Formelle tilhøve:

Kommunal planlegging skal skje etter reglane oppsette i kap. 10 – 13 i plan- og bygningslova, PBL. Kommunen sitt overordna plangrunnlag skal vurderast/reviderast av kommunestyret kvart 4. år, jf. reglane i Kap. 10, om kommunal planstrategi:

§ 10-1. Kommunal planstrategi

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»

Kap. 11 i plan- og bygningslova omhandler kommuneplanlegging. Her heiter det m.a.:

§ 11-1. Kommuneplan

«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.

§ 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private. Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig. For utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel gjelder §§ 11-12 til 11-15.

§ 11-5. Kommuneplanens arealdel

Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan utarbeides arealplaner for deler av kommunens område.

Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.

Plankartet skal i nødvendig utstrekning vise hovedformål og hensynssoner for bruk og vern av arealer.-----»

Status i overordna planlegging - overordna føringar

Kommunestyret har i 2015 og 2016 handsama to saker som gjev retningslinjer for arbeidet med overordna planlegging i kommunen.

Kommuneplanmelding

Kommunestyret handsama ei kommuneplanmelding i september 2015. Konklusjonane i meldinga er at ein i neste valperiode bør halde fast ved hovudstrukturane i gjeldande kommuneplan. (som råd til det nye kommunestyret.)

Planstrategi

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien skal m.a. innehalde ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. Utarbeiding og vedtak av planstrategi er såleis første trin i eventuell revisjon av samla kommuneplan, dvs. samfunnsdel og arealdel. Planstrategi for åra 2016 -2020 vart vedteken av kommunestyret i møte 16.06.2016, sak 37/16.

Samfunnsdel

Ny samfunnsdel vedteken i desember 2017 (reknar med det). Revidert arealdel av kommuneplanen vart vedteken i mars 2015. Arbeidet med å revidera plandokumentata pågår og det er forventa vedtak av samfunnsdelen og planprogram for arealdelen i desember 2017. Luster har fått på plass eit bra opplegg for handsaming av kommuneplanen. Aktuelle tiltak frå samfunnsdelen, blir kvart år tekne inn i budsjett og økonomiplan, jf. tabellar sist i kap. 6.7.

Når det gjeld planlegging av arealbruk, vil det vesentlege av planleggingskapasiteten i kommunen i dei næraste åra bli nytta til å utarbeide reguleringsplanar for byggjeområde avsette i arealdelen.

Kommunen si rolle i arealplanlegging

Gjennom plan- og bygningslova er kommunen gjevne mynde til å ha ansvaret for arealplanlegginga i Noreg. Nedanfor blir det skrive litt om ulike arealplanar. I hovudsak er det kommunestyret som må vedta slike planar.

Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel gjeld heile kommunen og er juridisk bindande for arealbruk og byggjetiltak fram til nytt planvedtak. Det er lovfesta at arealdelen også i nødvendig utstrekning skal vise omsyn og restriksjonar som vil påverke bruk av areal. Dette er vist gjennom påteikning av omsynssoner. Dette kan t.d. vere soner utsette for naturfare, miljørisiko, eller der det t.d. skal takast spesielle omsyn til landbruk, naturmiljø, friluftsliv eller kulturmiljø.

Detaljerte arealplanar

Av reguleringsplanar finst det to typar, ”områderegulering” og ”detaljregulering”. Områderegulering kan berre setjast i gang av kommunen, medan detaljregulering også kan fremjast av privatpersonar, føretak, organisasjonar m. m.. For største delen av byggjeområda i gjeldande arealdel, er det fastsett at utbygging skal skje etter vedteken reguleringsplan. Arealdelen seier ikkje noko om kven som skal stå føre planarbeidet.

Reguleringsplanar fremja av kommunen

Planframlegg fremja av kommunen som følgje av overordna kommunale vedtak/planar: Slike planframlegg kan bli utarbeidde som ein del av eit kommunalt prosjekt med eige budsjett, t.d. utbygging av eit offentleg anlegg. Kostnadene med planarbeidet blir då ført som utgift på prosjektet, anten framlegget blir utarbeidd av tilsette eller av innleigd konsulent.

Planframlegg fremja av kommunen som følgje av innspel frå private initiativtakarar
Kommunen får gjennom året fleire førespurnader om å setje i gang reguleringsarbeid, dvs. om at eit område bør regulerast og at kommunen skal gjennomføre planarbeidet. Saka må då vurderast frå to sider:

- Av kommunen som planstyresmakt. Det er kommunen som har reguleringsmynde og må avgjere om eit område skal takast opp til regulering.
- Av kommunen som utførande planleggjar. Utarbeiding av reguleringsplan krev ressursar/midlar både i form av arbeidsinnsats og pengar, anten kommunen gjer arbeidet sjølv eller set det bort til konsulent. Samla reguleringsoppdrag må samsvare med tilgjengeleg arbeidskapasitet/budsjettmidlar.

Private planframlegg

Kommunen har sjeldan oversikt over private reguleringsframlegg før det er aktuelt å fremje dei. Kommunen, v/plan- og forvaltningsstyret, skal innan 12 veker etter at eit privat reguleringsframlegg er motteke, ta standpunkt til om framlegget skal fremjast og leggast ut til offentleg ettersyn. Handsaming av private planframlegg er å rekne som ei forvaltningsoppgåve. Kommunen krev gebyr for handsaming av slike planframlegg, jf. betalingsregulativet. Det er generelt vanskeleg å ha noko meining over kor mykje ressursar som vil gå med til handsaming av slike framlegg i komande år.

Planleggingsprogrammet

Planleggingsprogrammet er eit konkret program for planarbeidet i Luster i dei fire neste åra, dvs. det har same horisont og blir rullert på same måte som økonomiplanen.

Planleggingsprogrammet er ein del av dokumenta som blir lagde fram for kommunestyret saman med økonomiplan og årsbudsjett.

Planleggingsprogrammet omfattar i hovudsak desse plantypene:

- Kommuneplan samfunnsdel, arealdel og tematiske kommunedelplanar.
- Detaljerte arealplanar - reguleringsplanar.
- Kommunedelplanar, jf. kommunal planstrategi.
- Fagplanar for utvikling og verksemd på ulike område.
- Strategi- og plandokument for oppfølging av samfunnsdel av kommuneplanen.

For det som gjeld overordna planarbeid og fagplanar, byggjer dette planleggingsprogrammet på vedteken planstrategi og samfunnsdel.

Føremål med planleggingsprogrammet

Eitt føremål med planleggingsprogrammet er å få ei forenkla sakshandsaming, særleg i samband med oppstart av reguleringsarbeid. Reguleringsarbeid i samsvar med planleggingsprogrammet kan startast opp utan vidare politisk handsaming/vedtak.

Eit anna føremål med å setje opp eit planleggingsprogram som blir handsama samtidig med budsjettet/ økonomiplanen, er å få ei samla vurdering av dei førespurnadene om planarbeid som er komne inn, og å få sett av prosjektmidlar til dei aktuelle prosjekta. Ein må rekne med at kostnaden med å utarbeide ein reguleringsplan varierer frå 100 000 til 250 000 kr, alt etter kor komplisert planen er.

Planarbeid fram mot 2021

Kommuneplanarbeid

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det sett opp som mål at Luster skal vere ein god stad å bu, ein god stad for bedrifter og ein god stad å besøkje. Kommunalt planarbeid, både arealplanar og fag-/temaplanar, skal leggje til rette for å nå desse måla, jf. kap. 10, «Strategiar, målsetjingar og tiltak» i samfunnsdelen. Det er forventa vedtak på revidert samfunnsdel desember 2017. Planprogrammet for arealdelen er det også forventa vedtak på i desember 2017 og ev vedtak KPA i juni-18.

Detaljplanarbeid initiert av kommunen

For det som gjeld reguleringsarbeid, tok gjeldande planleggingsprogram utgangspunkt i arealdelen frå 2015. Bustadområde på stader der det er mangel på tomter, vart prioriterte. Også ved handsaming av tidlegare planleggingsprogram, og ved handsaming av andre saker, har kommunestyret presisert dette. Planleggingsprogrammet for 2018 – 2021 legg vekt på å vidareføre denne prioriteringa.

I dei fleste bygdelaga vil byggjeområda fastsette i planen frå 2008, og som er ført vidare i 2015, dekke trongen også i komande planperiode. Unnataket her er område for tomter til einestader i Gaupne og Indre Hafslo, der det i arealdelen for 2015 er lagt inn nye byggjeområde.

For Indre Hafslo, Lundshaugen, vert det no skissert ei utviding på to tomter som i dag er regulert til friområde. I planleggingsprogrammet er det framlegg på at kommunen går vidare med dei to planarbeida. Vinda vert ev. å koma attende til i slutten av perioden. Det vert og førebudd planarbeid for bustadbygging i Marifjøra, men her må grunnlags-investeringar(VA) og grunnverv klargjerast betre før ein startar opp. I Gaupne vil planarbeid for Grindane verte aktuelt å starte i 2019.

Kommunestyret gjorde i budsjettsaka for 2017 vedtak om at kommunen skal initiere og finansiere planarbeid for oppgradering av Fv55 Nes – Høyheimsvik. Dette arbeidet er teke inn i planleggingsprogrammet for 2018.

Planleggingsprogrammet for åra 2016-19, var ambisiøst, det vil gå fram av programmet for åra 2017 – 2020, at ein ikkje har hatt kapasitet til å følgje opp programmet fullt ut. Dette vil ein kome attende til også i årsrapporten.

Detaljplanarbeid initiert av private aktører

I arealdelen er det vist nokre bustadområde med krav om reguleringsplan, utan at det er sagt noko meir om framdrift. Dette er område der det har vore rekna med at reguleringsarbeidet blir utført av private aktører.

I gjeldande planleggingsprogram vart det opna for at Norteck AS, v/Nils Øyvind Solbakken, kunne fremje privat reguleringsframlegg for bygging av terrassehus ved Sognaporten/YX-stasjonen på Galden. Norteck AS har seinare kome med framlegg også om å etablere eit forretningsbygg ved fylkesveg 55 nord for eksisterande anlegg. Dette vil m.a. krevje omregulering av eksisterande friområde og vesentlege inngrep i terrenget i form av sprenging/fjellskjering i Beimshaugen. Rådmannen har enno ikkje teke standpunkt til om det blir rådd til å gjennomføre reguleringsendring her.

Frå 2013 har området «Salen» i Gaupne vore regulert for oppføring av 6 einebustader. Planen var utarbeidd av Luster kommune, i samsvar med arealdelen frå 2008. Området er seinare kjøpt av Vestlandshus AS, som vil fremje reguleringsendring for området. Det er per i dag ikkje kjent for kommunen kva reguleringsendringa vil gå ut på. Kommunen vil etterspørje framdrift i saka.

Planleggingsprogrammet

Planleggingsprogrammet er sett opp i tabellform. Det som gjeld kommuneplan- og reguleringsarbeid står fremst.

Deretter følger oversikt over tematiske kommunedelplanar og «fagplanar», både nye planar og gjeldande planar som må reviderast.

Del I Kommuneplanarbeid

Plan	Ansvar	Oppstart	Framdrift	Merknad
Arealdel, revisjon	LK/ plan	Vår 2017	Vedtak: Vår /juni 2018	

Del II Reguleringsarbeid

KOMMUNALE REGULERINGSPLANAR

Reguleringsplanar merka* er i Kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2026.

Bustadområde

Plan	Initiativ	Ansvar	Plan- leggjar	Framdrift	Merknad
Gaupne, Grindane*	LK	LK/ Plan	Konsulent	Oppstart: 2019. Vedtak: 2020.	Utbygging etter Verket 2 og Salen. 44 da, 110 bueiningar (2,5 per da). Ev nærare vurdering i KPA, omkring prioritering av areal/rekkef.
Indre Hafslo Lundshaugen I	LK	LK/ Plan	LK	Oppstart: Vår 2017. Vedtak: Haust 2018.	Omregulering av friområde til 2 bustadtomter.
Ornes, Bakkane	LK	LK/ Plan	Konsulent	Oppstart: Vedtak:	Reguleringsarbeid blir starta etter at arbeid med «Buffersoneplan», er fullført.
Indre Hafslo, Lundshaugen II	LK	LK/ Plan	LK	Oppstart: Vinter 2019. Vedtak: Haust 2019.	Skisse utarbeidd våren 2016. Grunnerverv ikkje avklara.
Indre-Hafslo, Vinda *	LK	LK/ Plan	Konsulent	Oppstart: Ved behov, jf. behov etter Lunds- haugen/Marifjø raVedtak:	Relativt store grunnlags- investeringar krevst, ligg i KPA. Grunnerverv ikkje avklara. 45 daa, 32 bueiningar. Ev nærare vurdering i KPA.
Framdrift ikkje fastsett					
Jostedal, Haugåsen *	LK	LK/ Plan	LK	Oppstart: Vedtak:	Utviding av bustadområde. Eksisterande felt er ikkje fullbygt. 8 daa, 4 bueiningar

Plan	Initiativ	Ansvar	Plan- leggjar	Framdrift	Merknad
Marifjøra, Marheim*	LK	LK /Plan	Konsulent	Oppstart: 2019. Vedtak: 2020.	Ev før Vinda. Store grunnlagsinvesteringar. Avklaring av alternative løysingar for vatn- og avløp i 2018. 32 daa og 30 bueiningar
Hafslo, Preste-garden *	LK	LK/ Plan	Konsulent	Oppstart: Ved behov Vedtak:	Avhengig av infrastruktur. Utbygging etter Beheim 2, evt. Botn. Ligg i KPA. Relativt store grunnlagsinvesteringar 52 daa, 50 bueiningar

Sentrumsområde m.m.

Plan	Initiativ	Ansvar	Planleggjar	Framdrift	Merknad
Jostedalen, Gjerde*	LK	LK /Plan	LK	Oppstart: Vår 2013. Vedtak: Sommar 2018.	Framlegg frå konsulent haust 2016, ikkje ferdig. Må reviderast før møte med grunneigarar og utlegging til offentleg ettersyn.
Solvorn, kaiområde	LK	LK	Konsulent	Oppstart: Vår 2018 Vedtak: Vår 2019	Forbod mot tiltak, vedtak i PFV 06.06.2016. Går ut seinast 06.06.2020.
Solvorn, P-plass ved kyrkja*	LK	LK/ Plan	Konsulent	Oppstart: 2018. Vedtak: 2019.	Omregulering. Ikkje varsla oppstart. P-plass kan også tene badeplassen.
Luster, Dale sentrum – Døsen	LK	LK/ Plan	Konsulent	Oppstart: Haust 2018 Vedtak: Haust 2019	Omregulering Samarbeid med Statens vegvesen. Jf. Dale sentrum.
Fortun, sentrum*	LK			Oppstart: vår 2019 Vedtak: vår 2020	Føremål: trafikk- og kryssløysing.
Framdrift ikkje fastsett					
Hafslo, «Billagstomta »	LK	LK/ Plan	Konsulent	Oppstart: Endringsvarsel haust -18.	Omregulering. Oppstartsvarel 16.03.2016. Frist 30.04.16.

Plan	Initiativ	Ansvar	Planleggjar	Framdrift	Merknad
				Vedtak:	Det er no mest aktuelt med ei avgrensa omregulering til busshaldeplass/parkering, utan bustadområde.
Solvorn, parkering langs Fv 338 *	LK	LK	Konsulent	Oppstart: Vedtak:	Omregulering. Fleire aktuelle løysingar, jf. nedanfor, under trafikkanalyse. Samarbeid med fylkeskommunen.
Gaupne, Sandvik Sør - rassikring	LK	LK/Plan	Konsulent	Oppstart: Vedtak:	Omregulering Detaljert rasfarevurdering for området i 2015.
Gaupne, gangveg langs Fv55 over Jostedalselvi	LK	LK/Plan	LK v/plan	Oppstart: Vedtak:	Reguleringsendring, jf. stadanalysen og trafikktryggingsplan.

ANDRE REGULERINGSPLANAR / REGULERINGSENDRINGAR

Reguleringsplanar merka* er i samsvar med Kommuneplanen sin arealdel 2015 – 2026.

Aktivitetsområde - privat / offentlig

Plan	Initiativ	Ansvar	Planleggjar	Framdrift	Merknad
Hafslo, Heggmyrane*	LK	LK/Plan	Konsulent	Oppstart: Sommar 2013 Vedtak: Des. 2017.	Omregulering av sentrale delar av skiområdet på jf. K-sak 107/12. Ligg ute til 3. gongs off. ettersyn
Nedre del av Engjadalselvi, friområde med bade-plass og og småbåthamn*	LK	LK	LK v/plan	Oppstart: Vinter 2018 Vedtak: Haust 2018	Omregulering. Oppfølging av stadanalyse Gaupne
Fv 55 Nes-Høyheimsvik	LK	LK/Plan	Etter nærare avtale STV/FK	Oppstart: 2018	Planarbeidet vert nærare fastlagt etter drøfting med FK/STV som vegeigar og vedtak/prioritering i RTP.
Galden Nord	LK	LK	planleggjar	Vinter 2018 Haust 2018	Reguleringsendring jfr digitalisering av plankart. Få med alle reguleringsendingane innanfor plankartet
Framdrift ikkje fastsett					

Plan	Initiativ	Ansvar	Plan- leggjar	Framdrift	Merknad
Solvorn, badeplass *	LK	LK		Oppstart: Vedtak:	Omregulering. Utviding av eksisterande badeplass. Planområdet skal inngå i planen for Solvorn kai.
Indre Håfslø * Oppvekst- senter, Aktivitets- område	LK	LK		Oppstart: Vedtak:	Regulering av LNF- område til friområde i tilknytning til oppvekstsenter

REGULERINGSPLANAR - FREMJA OG UTARBEIDD AV PRIVATE

Reguleringsplanar merka* er i samsvar med Kommuneplanen sin arealdel 2015 - 2026

Plan	Initiativ	Ansvar	Plan- leggjar	Framdrift	Merknad
Verdsarv- senter, Ornes	Ornes verdsarv- råd	Fortids- minne- foreining a	Privat	Oppstart: vinter 2019 Vedtak: 2020	Omregulering. Drøftingar om romprogram m.m. er i startgropa.
